


IV
1985

FORSVARS STUDIER

Defence Studies

Årbok for
Forsvarshistorisk
forskningscenter
Forsvarets høgskole



FORSVARSTUDIER

Defence Studies

IV



FORSVAR STUDIER

Defence Studies

IV

Årbok for
Forsvarshistorisk
forskningscenter
Forsvarets høgskole
1985

Redaktør Rolf Tamnes

TANO

©Forlaget TANO 1985

ISSN 0333-3981

ISBN 82-518-2090-1

Engers Boktrykkeri A/S, Otta

Innhold

Forord	7
Foreword	12
T.M. Hetland: Då Moskva sa nei til Norden. Sovjets syn på Norden og NATO 1948-1952	13
English Summary	61
T.M. Hetland: Atomrasling og avspenning. Sovjet og norsk tryggingspolitikk 1953-1958	63
English Summary	108
R. Berg: «Det land vi venter hjelp af». England som Norges beskytter 1905-1908	111
English Summary	165
J. Sanness: Norske historikere og den kalde krigen	169
English Summary	184
O. Wicken: Våpenimport eller egenproduksjon? Hvorfor Norge ikke bygde ut militær industri 1945-1950	186
English Summary	223
F. Fagertun: Militærmakten og «den indre fiende» 1918-1940	225
English Summary	268
Bidragstere	271
Notes on contributors	271

Forord

FHFS – Forsvarshistorisk forskningscenter – presenterer med dette FORSVARSSTUDIER IV. Bidragene i årboken, som er skrevet av institusjonens faste forskere og andre spesielt inviterte, er basert på mye ny forskning, og gir derfor et vell av nye opplysninger om viktige og til dels dramatiske sikkerhetspolitiske begivenheter i vår samtid. Artiklene er tidligere utgitt i vår serie FHFS notat, og årboken inneholder alle notatene fra 1984, med unntak for et bidrag av professor Olav Riste om de historiske grunntrekk i norsk sikkerhetspolitikk. Denne publiseres i J.J. Holst (ed.), *Norwegian Foreign Policy for the 1980's* (Universitetsforlaget Oslo og Oxford University Press, 1985).

Årboken tar denne gangen opp tre hovedemner: Vårt forhold til Sovjet og til Vestmaktene i nyere tid, den norske militærindustriens levekår i skyggen av billig våpenhjelp fra USA og til slutt redselen for revolt fra venstre i mellomkrigstiden.

Norges forhold til supermakten i øst utgjør en av de viktigste, mest følsomme og usikre sider ved vår sikkerhetspolitikk. Det har lenge vært et stort savn at vi har manglet en edruelig og systematisk analyse av grunntrekkene i sovjetisk politikk overfor Norge og Norden i tiden etter 1945. Disse hull i vår forståelse og viten har gitt spillerom for lettbenete, spektakulære og motstridende teorier. Hva vil Sovjet ? Hva er nytt og hva er gammelt i de stadige utenrikspolitiske signaler fra Kreml ? I to artikler gir Tom M. Hetland det første samlede og dyptpløyende nærbilde av Sovjetpolitikken, konsentrert om Stalin- og Krustsjov-perioden da grunntrekkene for etterkrigstiden ble fastlagt. Ett av de viktige spørsmål som han forsøker å gi svar på i den første artikkelen er: Hvorfor sa Moskva nei til et nordisk forsvarsforbund i 1948–49, som kunne ha ført til at også Danmark og Norge ble stående utenfor NATO? Hetland mener det skyldtes at russerne alt hadde gitt opp Norge og Danmark. Et nordisk forbund ville gravitere vestover og også dra med seg Sverige og muligens Finland i dragsuget. Da var det bedre å berge stumpene og slå seg til tåls med et noe mer

frittstående Sverige og et kontrollerbart finsk problem. I erkjennelsen av at de to NATO-landene var tapt, prøvde Kreml å begrense skaden ved å bremse norsk og dansk integrasjon i vestblokken og unngå at landene ble fremskutte baser for en amerikansk offensiv strategi. Hovedmotivet i sovjetisk utenrikspolitikk kan således innfanges av etiketten «denial», i tråd med den såkalte Koht-doktrinen av 1940: Etter Hetlands formening var det først og fremst om å gjøre å forhindre at området ble brukt som et vestlig springbrett mot Sovjet, ikke primært et ønske om å skyve de sovjetiske posisjoner frem til Atlanteren.

I 1951–52 presenterte imidlertid russerne et utspill som det fortsatt er knyttet stor uklarhet til: De luftet nå tanken om en nøytral nordisk allianse. Tanken ble imidlertid ikke fulgt opp. Men man finner her signaler i retning av en kursomlegging, og Hetlands andre artikkel er konsentrert om nettopp den oppmykningen som fant sted med Krustsjov. I sovjetisk propaganda fra 1955–56 ble svensk nøytralitetspolitikk brukt som et eksempel til etterfølgelse for Norge og Danmark. Finland fikk nå Porkkala tilbake, Krustsjov lettet presset på finnene, ja hele Norden. Han flørtet med Gerhardsen, søkte å etablere en videre politisk kontaktflate med DNA og spilte på uenigheten mellom statsministerens kontor og Utenriksdepartementet. I det øynet de en strategisk gevinst, et håp om at Norge og Danmark ville løse på båndene til NATO. Den nye politikken kom klart til uttrykk i to sentrale spørsmål, nemlig fremstøtene for å gjøre baseerklæringen mer restriktiv og forhindre at Norge skaffet seg atomvåpen. Hetland har gravd frem ny og interessant informasjon om tautrekningene i Arbeiderpartiet om disse spørsmål. Han gir imidlertid ikke Moskva all «ære» for de nye, famlende forsøk i Oslo på å myke opp sikkerhetspolitikken. Noe av grunnen til at Norge forble skeptisk, var den motsetningsfylte sovjetiske utenrikspolitikk med sterke innslag av både avspenning og sabelrasling.

Mens Norges forhold til supermakten i øst representerer et nytt forskningsfelt, har på den annen side forholdet til Vestmaktene vært gjenstand for betydelig historisk lupegranskning gjennom de siste tyve år. Norske forskere har gjort en betydelig innsats innen kald krig-forskningen, og i å analysere hvorfor vi oppga nøytralitetspolitikken og ble koplet til Storbritannia og USA etter krigen. Men hvor grunnleggende ny var egentlig denne revurderingen? Olav Riste har tidligere formulert en hypotese om at oppbruddet

egentlig ikke var så fundamentalt, (se bl.a. hans artikkel «Frå integritetstraktat til atompolitikk: Det stormaktsgaranterte Norge 1905–1983», i FORSVARSSTUDIER III). Tesen bekreftes av Roald Berg i en artikkel i denne årboken. Han har nærmet seg problemet ved å gå tilbake i tid, til 1905 da vi brøt oss løs fra Sverige og måtte formulere en egen utenrikspolitikk. Denne ble i høy grad farget av ulike sett med holdninger på grensen til tro, uten sterke innslag av rasjonelle analyser. Grunntrekkene var disse: En fryktfull skepsis overfor stormakter, en tro på at de store i egeninteresse så seg tjent med å holde Norge utenfor krig, men samtidig en sterk overbevisning om at britene i siste instans ville komme oss til unnsetning. Berg har vist hvordan denne forestillingen om Storbritannia som nødanker og garantist kom til uttrykk ved behandlingen av en serie med utenrikspolitiske spørsmål i de tidlige selvstendighetsår, men finner også en sterkt utbredt tvil til denne implisitte og ikke formaliserte bindingen. Ett uttrykk for denne politikken var at man søkte å binde seg til det britiske kongehus, en kampanje som bar frukter med valget av kong Haakon og hans britiske prinsesse Maud.

Men det utenrikspolitiske lederskap ville for all del unngå at denne koplingen ble endel av den offisielle og uttalte norske utenrikspolitikk. Derfor fikk man heller ikke testet i hvilken grad den britiske garantien var reell. Denne utenrikspolitiske prøven fikk vi først i 1940, da det viste seg at britene ikke stilte opp på vår side som forventet. Krigen avfødte derfor en ny doktrine: Norge var strategisk mer utsatt enn man hadde våget å tro, og man erkjente at hjelp utenfra forutsatte at Vestmaktene garanterte vår sikkerhet alt i fred. Dette danner rammen for vår flukt inn i det atlantiske fellesskap etter krigen, en flukt som er blitt grundig analysert innenfor den norske kald krig-forskningen.

På dette store forskningsfelt er det nå nødvendig å gjøre opp status. John Sanness har gjort det i sin historiografiske artikkel om «norske historikere og den kalde krigen». Sanness har delt forskningen i ulike retninger eller «skoler». Da forskerne for alvor kastet seg over dette problemområde på 60-tallet, oppsto det to retninger: Den ene var opptatt av den innenrikspolitiske dimensjonen med vekt på den utenrikspolitiske elites manipulasjoner for å skyve Norge inn under den atlantiske hatten. Den andre retningen ble båret frem av Magne Skodvin og hans studenter og viste seg mere levedyktig. Her fokuserte man den internasjonale ramme som

Norge handlet innenfor. Særlig Geir Lundestad førte denne tradisjonen videre ved på å gå løs på amerikansk utenrikspolitikk rent alment, og siktet seg inn på hvordan USAs utenrikspolitikk overfor Skandinavia passet inn i et generelt mønster. Den samme lest er med hell blitt brukt på britisk politikk overfor Norge.

I de senere år har denne tradisjonen med vekt på interaksjon i forhold til Vestmaktene blitt ført videre utover det tradisjonelt diplomatiske perspektivet. Ved Forsvarshistorisk forskningscenter arbeides det med spørsmål knyttet til det militærpolitiske samvirket. Olav Wicken har i en artikkel i årboken tatt opp et annet aspekt ved dette samarbeidet, nemlig det militærindustrielle: Hvorfor bygde ikke Norge ut en militær industri etter krigen? Han viser at det fantes spirer til en slik satsning alt under krigen, og vyene ble fulgt opp i etterkrigsplanene frem mot 1950. Men satsningen uteble. I første omgang måtte oppgaven vike til fordel for den alminnelige gjenreisningen, i neste runde fant vi å kunne dekke våre behov ved tilgang på billig britisk og senere amerikansk materiell. Artikkelen knytter an til hans tidligere studie om oppblomstrinen av en norsk militærindustri fra 60-årene, anskueliggjort ved at Norge i 1981 rangerte som nummer syv på SIPRIs liste over store våpeneksportører. En vesentlig bakgrunn til denne satsningen var nettopp bortfallet av våpenhjelpen, (se hans artikkel i FORSVARSSTUDIER III).

Sikkerhetspolitikkenes viktigste dimensjon er den utenrikspolitiske, behovet for å verne nasjonen mot ytre farer. Men den har også en innenrikspolitisk, nemlig den nasjonale tilliten til statsmakten og i hvilken grad den har en legitim rett til å bruke fysisk makt overfor hjemlige «urostiftere». I FORSVARSSTUDIER 1981 analyserte David C. Pugh Alta-konflikten og «slaget om Stilla» ut fra dette perspektiv. I denne årboken har Fredrik Fagertun satt søkelyset mot en langt alvorligere konflikt i vår nære historie, nemlig frykten for en revolusjonær storm mot statsmakten i mellomkrigstiden – hva maktetablisementet oppfattet som en «indre fiende». Fagertun drøfter utførlig de mottiltak som ble planlagt og gjennomført både innenfor politiet og på den militære siden. Ved inngangen til 30-tallet presset forsvarsminister Quisling og høyregrupperinger innenfor Generalstaben på for å legge mer ambisiøse planer i tilfelle et lynfremstøt for å velte statsmakten. Men general Laake delte ikke denne massive frykten, og vegret seg overfor tanken om å bruke militær makt overfor en lovlig valgt

DNA-regjering. Med den innenrikspolitiske avspenningen på 30-tallet døde så disse tankene hen. Da DNA kom til makten i 1935 fantes det imidlertid fortsatt hemmelige indre mobiliseringsplaner rettet mot en «indre fiende». Forsvarsminister Monsen ble i første omgang ikke informert om disse, åpenbart fordi de fagmilitære fryktet for at han ville luke dem vekk. Det gjorde han imidlertid ikke, selv etter at han ble kjent med dem. Med visse modifikasjoner levde de videre til 1939.

Oslo, januar 1985

Rolf Tamnes
Redaktør

Foreword

FORSVARSHISTORISK FORSKNINGSSENTER - RESEARCH CENTRE FOR DEFENCE HISTORY - hereby presents DEFENCE STUDIES IV. The articles in the Yearbook have previously appeared in the series FHFS notat, which contains articles and studies by the Centre's own researchers and other specially invited contributors. By collecting the articles in a Yearbook, the Research Centre aims to reach a wider public with an interest in defence history and security policy.

One of the contributions to the Notat series is not, however, published here; professor Olav Riste's article about the historical determinants of Norwegian foreign policy will instead appear in a forthcoming book: J.J. Holst (ed.), *Norwegian Foreign Policy for the 1980's*, (Universitetsforlaget Oslo and Oxford University Press, 1985).

Three main topics are focussed this time: Norway's relations with the Soviet Union and the Anglo-American powers in modern times; the discussions about a possible build-up of a national military industry after the war; and the armed forces and «the enemy within» - the latter in the form of a revolutionary threat between the two world wars.

All articles in Norwegian are accompanied by a summary in English.

Oslo, January 1985

Rolf Tamnes
Editor

TOM M. HETLAND

Då Moskva sa nei til Norden

Sovjets syn på Norden og NATO 1948–1952

Innleiing

Denne artikkelen¹⁾ tek opp eitt hovudspørsmål: Kva var Sovjetunionens politikk og målsetjingar andsynes Norge og Norden i dei avgjerande åra då blokkdelinga i Europa tok form?

For Norges del markerte åra 1947–51, og mest intenst 1948–49, overgangen frå «brubyggingspolitikken» i den første etterkrigstida til medlemskap i ein politisk og seinare militært integrert allianse med dei vestlege stormaktene. Men i løpet av denne prosessen hadde Norge også vurdert og forkasta eit skandinavisk forsvarsforbund som tryggingalternativ. Ville Sovjetunionen ha føretrekt dette alternativet? Dersom svaret er nei, kan det gjevast noka rasjonell forklaring på den sovjetiske haldninga? Og korleis innretta sovjetisk utanrikspolitikk seg på den nye situasjonen som oppstod etter at Norge og Danmark var gått med i NATO?

Utan tilgang til sovjetiske arkiv bør ein neppe ha ambisjonar om å gje noko endeleg eller fullstendig svar på desse spørsmåla. Men ved hjelp av eit kjeldemateriale som stort sett er henta frå Utanriksdepartementets arkiv og frå sovjetiske aviser, vil eg freista koma nærare eit svar på kva som var sovjetisk tenkjemåte når det gjaldt Norden i desse åra. Eg vil til slutt prøva å plassera den sovjetiske politikken i forhold til to generelle teoriar om sovjetisk Norges- og Norden-politikk, som eg her kort skal omtala.

Den første teorien, som eg vil kalla «dynamisk press», går ut på at Sovjetunionens primære interesse vil vera å flytta sine posisjonar fram, for å oppnå ein stadig sterkare kontroll over dei nordiske landa. Halvard Lange formulerte i 1951 dette synet slik:

«Det kan diskuteres hva det er som bestemmer Sovjet-Samveldets politikk overfor utenverdenen, om det er dette dogmatiske kommunistiske syn, om det er russernes behov for det som er blitt kalt en 300 pst sikkerhetsmargin, eller om Sovjet-regjeringen i første rekke fører videre Tsar-Russlands imperialistiske politikk. Mest sannsynlig er det at alle tre sett motiver virker sammen. Diskusjonen om dette har imidlertid liten politisk interesse. For hvilken forklaring vi enn kommer fram til, må vi regne med at de kommunistiske makthavere har en grunnoppfatning av verden ellers og av sitt forhold til den som driver dem til alltid å skyve sine maktposisjoner så langt fram som gjørlig på alle potensielle fienders bekostning.»²⁾

Den andre teorien kan seiast å vera ein del av det som Olav Riste har kalla «Koht-doktrinen» i norsk utanrikspolitikk.³⁾ Koht skreiv i 1940 at det var i Sovjetunionens interesse å ha eit sjølvstendig Norge etter krigen, og at «inga framand stormakt får ha strategiske posisjonar i Noreg». Sovjetunionen sitt viktigaste mål er altså ikkje å kontrollera Norge/Norden sjølv, men å unngå at området vert springbrett for åtak på Sovjetunionen frå andre makter.

Hovudvekta i dette notatet er lagt på perioden 1948–49, fram til den norske avgjerda om å gå inn i NATO. Deretter vil utviklinga bli følgd fram til årsskiftet 1951/52, då nye trekk kjem inn i biletet. Men innleiingsvis kan det vera nyttig å ta utgangspunkt i sovjetisk politikk overfor Norden slik han arta seg i dei to-tre første etterkrigsåra.

1. Sovjetunionen og Norden 1945–47

Ei rekkje observatørar har peika på den sterke sovjetiske motviljen mot nordisk samarbeid som kom til syne i åra etter krigen.⁴⁾ Professor og rådgjevar i Utanriksdepartementet, Arne Ording, noterte såleis 12. februar 1946 i dagboka si: «Halvard Langes største problem Sovjets mistenksomhet overfor nordisk samarbeid.»

Den sovjetiske uroa var tydeleg påverka av hendingar før og under krigen. Eit nordisk forsvarssamarbeid var blitt drøfta – på

finsk initiativ – i 1940 etter Vinterkrigen. Sovjet-regjeringa reagerte då skarpt på tanken. Utanriksminister Molotov åtvara Norge om at norsk og svensk deltaking i eit slikt forbund ville bli sett på som «oppgjeving av nøytraliteten», og at «sovjet-regjeringa oppfatta eit forbund av denne typen som ein potensiell reiskap for «revansjeånda» som rådde i sovjet-fiendslege krinsar i Finland og andre nordiske land.

Under krigen, og særleg i sluttfasen, var dessutan den svenske nøytralitetspolitikken blitt utsett for sterke åtak frå sovjetisk hald – russarane skulda han for å vera pro-finsk og pro-nazistisk.⁶⁾

Det var – sannsynlegvis som følgje av dette – ein grunnleggjande premis for åtaka på nordisk samarbeid etter krigen at eit nordisk forbund nødvendigvis ville få anti-sovjetisk karakter. Ein nordisk militærallianse etter svensk mønster ville tena til «å isolere de nordiske land og påtvinge dem en politikk som potensielt stiller dem opp mot Sovjet-Samveldet», skreiv den kjende Norden-kommentatoren Rysakov i Pravda 25. juli 1945.⁷⁾

Fram til hausten 1946 synte ikkje russarane noka open uro for vestleg utnytting av den nordiske samarbeidstanken, så langt eg har kunna registrera. Men 17. november 1946 kom eit forvarsel om ei ny haldning. Då kunne Isvestija melda at det amerikanske Douglas-firmaet skulle levera fly til luftforsvaret i alle dei tre skandinaviske landa.⁸⁾ Våren 1947 kom så ein ny og temmeleg kraftig sovjetisk kampanje mot skandinavisk politisk og militært samarbeid, nå med ei anna vinkling enn før.⁹⁾ Eit skandinavisk forbund, heitte det i artikkane i sovjetisk presse, ville bli ei forgreining av ei større vestblokk, under leiing av dei angelsaksiske maktene og med brodd mot Sovjetunionen. Artikkane synte mellom anna til Churchills tankar om eit «sameint Europa»¹⁰⁾ og til den amerikanske «polarstrategien»,¹¹⁾ og dei røpa uro for ei mogeleg skandinavisk militær tilknytning til vestmaktene. Ifølgje fagforeiningsbladet Trud kravde tilhengjarane av ei skandinavisk blokk ei standardisering av våpentypane i dei skandinaviske militære styrkane, ei standardisering som føresette at våpna skulle leverast frå USA. Og bladet heldt fram: «Når alt kjem til alt er det tale om å omskapa heile Norden og dei tilliggjande arktiske områda til ein flyplass for angelsaksiske jetfly, og å byggja om dei skandinaviske hamnene til basar for marinefartøy av største slag.»

Me kan såleis førebels slå fast at det ved inngangen til 1948 var etablert ein sovjetisk posisjon i spørsmålet om nordisk forsvars-

samarbeid. Eit slikt samarbeid vart fordømt, først som anti-sovjetisk i seg sjølv, og deretter som ledd i vestleg alliansebygging.

2. Sovjetunionen og Norden 1948–49

Bevin-plan, Tsjekkoslovakia-kupp og Finlands-pakt

Den første milestolpen i det hendingsrike året 1948 var talen som utanriksminister Bevin heldt i det britiske Underhuset 22. januar.¹²⁾ Der tok han til orde for eit vest-europeisk forsvarsforbund, i første omgang med Storbritannia, Frankrike og Benelux-landa som medlemmer, eit prosjekt som fekk namnet Bevin-planen. Sjølv om Bevin ikkje nemnde Skandinavia med eit ord, var det ingen ting i vegen for å tolka planen hans slik at dei nordiske landa kunne koma med i vestblokka på eit seinare tidspunkt. Reaksjonane i Skandinavia var forskjellige. Sveriges utanriksminister Undén var negativ, og den danske statsminister Hedtoft slo kategorisk fast at Danmark ikkje skulle slutta seg til noka blokk. I Norge var det derimot sterke skrefter, ikkje minst innan regjeringspartiet DNA, som tok imot Bevins utspel med opne armar, sjølv om dei førebels ikkje var sterke nok til å pressa fram eit ope brot med «brubyggingspolitikken».

På sovjetisk side førte ikkje Bevin-planen til nye vurderingar. Det kunne ein heller ikkje venta. Planen måtte i Moskva oppfattast som ei stadfesting av dei mistankar ein der lenge hadde gitt uttrykk for, nemleg at ei militærpolitisk blokkdanning ville koma i kjølvatnet av den økonomiske blokka som alt var organisert ved hjelp av Marshall-planen. Ein artikkel i flåte-avisa Krasnyj Flot konstaterte at høgerekrensar i Sverige og Norge på ny og med større kraft hadde begynt å snakka om at det var nødvendig å skipa ei skandinavisk blokk. Bladet heldt fast ved det tidlegare sovjetiske synet på eit slikt forbund, som under dei rådande tilhøve ville bli «ei forgreining av Bevins vestblokk, som er kalla til å omlaga Europa til eit militært og økonomisk støttepunkt for den amerikanske imperialismen».¹³⁾

Men elles kan det sjå ut til at russarane var nøgde med dei offisielle reaksjonane i Skandinavia. Pravda siterte utførleg Undéns og Hedtofts avvisande utsegner om Bevin-planen.¹⁴⁾ Også

i ettertid har ein på sovjetisk hald lagt vekt på den negative nordiske innstillinga til Bevin-planen i denne fasen.¹⁵⁾

Likevel, det gir unekteleg eit forvirrande inntrykk at sovjetiske aviser samstundes prenta ein serie meldingar om at det skulle eksistera ein hemmeleg militæravtale mellom dei skandinaviske landa på den eine sida og USA og Storbritannia på den andre. Kjelda for desse meldingane var den danske kommunistavisa Land og Folk. Avisa hevda at når dei skandinaviske landa ikkje var inviterte til å delta i Vestunionen, var grunnen nettopp at ein slik militæravtale alt var komen i stand. Dei skandinaviske landa skulle kjøpa jagarfly av eins type frå Storbritannia, og i tilfelle krig stilla flybasar til rådvelde for tunge amerikanske bombefly.¹⁶⁾

Den mest sannsynlege forklaringa på at russarane slo militæravtale-meldingane så stort opp, er at dei ville framkalla klarast mogelege dementi frå skandinavisk hald. Russarane ønskte å få stadfest i så bindande form som råd at det ikkje eksisterte nokon slik avtale, og helst at det ikkje var planar om nokon avtale heller.

Dei mest dramatiske hendingane i februar/mars 1948, kuppet i Tsjekkoslovakia og Stalins pakttilbod til Finland, vekte stor uro i Norge og sette fart i den norske vestvendinga. Innanrikspolitisk vart kommunistane, som forsvarte kuppet, isolerte og stempla som unasjonale. Norge styrkte det nasjonale forsvaret med ei ekstra-løyving på 100 millioner kroner, ein auke i forsvarsbudsjettet på kring 50 prosent. 8. mars hadde utanriksminister Lange samtalar med den britiske og den amerikanske ambassadøren, der han reiste spørsmålet om kva hjelp Norge kunne få frå vestmaktene i fall det kom til ein væpna konflikt med Sovjetunionen. Han slo fast at Norge samstundes ville avvisa eit eventuelt sovjetisk pakttilbod.¹⁷⁾

I dagane forut for Langes samtalar var det nemleg kome inn meldingar frå utanriksstasjonane i Warszawa og Helsinki som gjekk ut på at Norge kunne venta tilbod om ei liknande pakt som finnane nå skulle tinga om. Desse meldingane er fyldig omtala hos Skodvin,¹⁸⁾ og eg skal her berre kort koma inn på meldinga frå Moskva, som grunna seg på ei sovjetisk kjelde.

5. mars kom det inn i Utanriksdepartementet eit chiffertelegram til Lange personleg frå ambassaden i Moskva, med følgjande tekst: «Formentlig ville det være av interesse å undersøke eventuelle notater og korrespondanse i Departementets arkiv angående plan om norsk- sovjetrussisk non-aggresjonsavtale i 1930 eller -31

under Mowinckels regjering». ¹⁹⁾ 7. mars følgde ambassaden opp med eit nytt og meir utførleg telegram. Ambassadør Berg opplyste at «en av mine russiske forbindelser» i ein privat samtale om utviklinga i Finland hadde vist til planen om ein norsk-sovjetisk avtale i mellomkrigstida, utan å kommentera det nærare. Ambassadøren meinte at dette kanskje kunne vera av interesse «i den nuværende situasjon». ²⁰⁾

Bergs kontakt var den tidlegare Norges-ambassadøren, Alexandra Kollontaj. «Gamla», som ambassadøren spøkefullt kalla henne, hadde ennå tilgjenge til Stalin og var den einaste uformelle kanalen ambassaden hadde til sovjetisk toppleiing. ²¹⁾ Det er hevda at ambassadør Berg tona ned alvoret i meldinga då han få dagar seinare var i Utanriksdepartementet og avla rapport. ²²⁾ Kjeldematerialet ber ikkje spor av dette, tvert om synest det som tenestemennene på Moskva-ambassaden la stor vekt på hintet frå Kollontaj og at dei var overtydde om at Norge kunne venta eit tilbod om pakt. ²³⁾ Dette var også ei vanleg meining i det norske Utanriksdepartementet. ²⁴⁾

I ettertid er det reist spørsmål om kor alvorleg situasjonen eigentleg var. ²⁵⁾ Var det ein overreaksjon på norsk side? Før arkiva i Kreml vert opna, er det uråd å svara sikkert på dette spørsmålet, og kanskje heller ikkje då. Meldingane kan nok synast vage og laust funderte i dag. Det same gjeld i endå høgare grad dei mange rykta om offensive sovjetiske planar som var i omløp på begge sider av Atlanteren i desse dagane. ²⁶⁾ Det er likevel lett å skjønna at den norske utanriksleiinga tok alvorleg på meldingane i den atmosfæren som rådde i marsdagane 1948. Den internasjonale situasjonen hadde teke ei vending som minte mange om opptakta til andre verdskrigen. 9. april låg berre åtte år tilbake i tida. Undersøkingsskommisjonen av 1945 hadde nett lagt fram ei innstilling som m.a. kritiserte utanriksminister Koht sterkt for ikkje å ha teke nok omsyn til varsla som peika i retning av det tyske åttaket i 1940. Inntrykka frå dei bilaterale norsk-sovjetiske tingingane om fellesforsvar av Svalbard under og etter krigen medverka òg til at norske politikarar og embetsmenn heldt det for sannsynleg at eit nytt sovjetisk avtaleframlegg i ei eller anna form kunne koma. ²⁷⁾

For å forstå uroa i Norden er det vidare nødvendig å ha i minne at Stalins paktforslag til Finland vart oppfatta som langt meir vidtgåande enn det som til slutt vart resultatet. Stalin hadde i brevet til Paasikivi vist til paktene Sovjetunionen nyleg hadde

slutta med Ungarn og Romania.⁽²⁸⁾ Etter desse avtalane forplikta begge partar seg til uavgrensa politiske rådleggingar i fredstid, forutan til automatisk gjensidig hjelp i tilfelle krig. «Hvis Finland godtok en slik overenskomst, ville landet automatisk bli Sovjetunionens allierte i alle konflikter mellom øst og vest», skriv den finske diplomaten Max Jakobsen.²⁹⁾

Finnane hadde stålsett seg til harde pakt-tingingar i Moskva, men den endelege avtalen, som vart underskriven 6. april, var praktisk talt identisk med det finske utkastet.³⁰⁾ Avtalen om «venskap, samarbeite och ömsesidigt bistånd» – populært kalla VSB-pakta – skilde seg avgjerande ut frå avtalane Sovjetunionen hadde skrive under med Ungarn og Romania. I staden for gjensidig hjelp i krig forplikta Finland seg berre til å kjempa mot eit åtak mot Sovjetunionen over finsk territorium, det vil seia eit åtak på Finland sjølv. Sovjetisk hjelp til Finland skulle berre koma på tale etter særskilt avtale. Dessutan skulle det ikkje vera løpande rådslagingar mellom dei to landa, men berre dersom det låg føre trugsmål om militært åtak.³¹⁾

Den vanlege reaksjonen i Norge var at finnane hadde kome betre frå tingingane enn venta. Isvestija kunne for ein gongs skuld ta Morgenbladet til inntekt for sitt syn. Den norske avisa skreiv, ifølgje Isvestija, at avtalen var eit framsteg på vegen mot vennskap og velvilje mellom Finland og den austlege grannen.³²⁾ Utanriksminister Lange sa i ein tale i Oslo Militære Samfund 19. april – som med visse endringar var den same som han hadde halde i hemmeleg stortingsmøte 8. april – at «etter den uro med hensyn til forholdet mellom Finland og Sovjet-Samveldet som gjorde seg gjeldende like etter hendingene i Tsjekkoslovakia, er det nå inntrådt en betydelig avspenning».³³⁾ I talen gjorde Lange det vidare klart at Norge ville seia nei til ein «militær særavtale» med Sovjetunionen. Etter dei opplysningar regjeringa sat inne med, var det likevel ingen ting som tydde på at russarane ville koma med eit slikt forslag – «heller ikke det skarpe angrepet i Isvestia påskekvelden».

Lange sikta her til artikkelen «Norske forandringar», som stod på trykk 27. mars og var den første større reaksjonen frå sovjetisk side på utviklinga i Norge etter dei dramatiske dagane i februar/mars.

Til då var det ikkje kome offisielle sovjetiske reaksjonar overfor Norge som kunne tolkast illevarslande. Tvert om sende ambassa-

dør Berg i Moskva midt i mars ein rapport der han peika på at Norge var blitt skåna for kritikk i sovjetisk presse, og han understreka det gode forholdet til russarane på det diplomatiske planet. «Jeg har alltid møtt forståelse og velvilje og mine konferanser med sovjetiske myndigheter har alltid foregått under de vennligste former», skreiv Berg.³⁴⁾

På den bakgrunn var det klart at «Norske forandringar» signaliserte ei skarpere sovjetisk haldning til Norge. I artikkelen, som var skriven av P. Grinin, vart Norge for første gong skilt ut som meir vestvennleg enn dei andre skandinaviske landa, og kritisert for dette. Dei norske styrande krinsane «solidariserer seg fullstendig med den amerikanske forståinga av demokratiet», heitte det, «og dei er viljuge til på alle vis å samarbeida med styrande krinsar i dei anglo-amerikanske landa mot landa i Aust-Europa». Norske styrande krinsar var dessutan blant dei mest ihuga tilhengjarane av Marshall-planen, og i heile Skandinavia var det berre dei som ville støtta Bevins Vestunion-forslag utan merknader, skreiv Grinin.

Ivestija-kronikken gjekk vidare inn på dei påståtte negative følgjene av Marshall-planen for norsk økonomi og nasjonalt sjølvstende, og kommenterte «det anti-kommunistiske felttoget», som hadde fått «dei svartaste kreftene i norsk reaksjon» til å flokka seg kring DNA-leiarane. Årsakene til endringane i Norge såg Grinin både i den amerikanske dominansen over norsk økonomi og i dei ideologiske og politiske sympatiane til DNA-leiarane. Artikkelforfattaren slo fast at dei reaksjonære tendensene var i vekst i leiinga for Arbeiderpartiet. Norske arbeiderparti-politikarar laut nå altså etter sovjetisk syn ta på seg sin sjølvstendige del av ansvaret for vestorienteringa. Dette var nytt. Tidlegare hadde kritikken vore konsentrert om «konservative» eller «reaksjonære» krinsar, medan regjeringa og DNA hadde gått fri.

Ivestija-kronikken kom også inn på dei militære følgjene av den norske vestorienteringa, og eit uvanleg innhaldsrikt avsnitt i kronikken fortener å bli sitert direkte:

«Fruktene av det nåværende strevet til dei styrande krinsane i Norge blir stadig farlegare for det norske folket. Etter dei siste opplysningane frå Oslo ser det ut til at dei militære i Norge, England og USA førebur seg på å setja ideen om ein «vestunion» ut i livet. Dei har alt gjort avtale seg imellom om

vidtgående tiltak, slik som å standardisera norske våpen etter amerikansk mønster, og å stilla norsk territorium til råvelde for amerikanske og engelske militærbasar. Norges kjøp av jetfly og våpen i England og USA, bygginga av ein flyplass for amerikansk transarktisk flytrafikk på Sola nær Stavanger, engelske militærinspektørars reiser til nord-norske hamnar – alt dette er berre dei første offentleg kjende resultat av engelsk-norsk-amerikansk militært samarbeid. Som eit apropos kan nemnst at dette samarbeidet på lengre sikt føreset at det amerikanske militærvesen skal gjera seg nytte av dei norske øyane Jan Mayen og Svalbard.»

Både basar og våpenstandardisering var nemnt i sovjetisk presse før, men då i meir generelle vendingar. Nå omtala russarane eksplisitt stader der dei var urolege for eit vestleg stormaktsnær-
vær – Sola og polarområda.

Ivestija-kronikken var, som nemnt, eit teikn på at Moskva nå såg på tilhøvet til Norge med nye og meir kritiske auge. Artikkelen sa likevel ingen ting om korleis Sovjetunionen ville reagera på dei «norske forandringane», og han kom heller ikkje med trugsmål av noko slag. Ivestija-åtaket vart heller ikkje følgt opp av russarane med ein meir omfattande pressekampanje eller på annan måte.

Halvard Lange konstaterte altså i april at det var skjedd ei avspenning. Talen hans var likevel heller kritisk mot Sovjetunionen og bar ikkje bod om at Norge ville ta opp att brubyggingspolitikken. Tvert om heldt Lange døra open for at Norge kunne velja ei tryggingsspolitisk line som kunne føra landet bort frå Danmark og Sverige – sjølv om det skulle «tungtveiende grunner» til.³⁵⁾ Dette måtte forståast slik at Norge under visse omstende kunne tenkja seg å gå med i ein vestallianse. Talen til Lange var sterkt medverkande til at det kom eit svensk initiativ som innleia ein ny fase i dei tryggingsspolitiske drøftingane i Norge og resten av Skandinavia – forslaget om eit skandinavisk forsvarsforbund.

Skandinaviske tingingar og sovjetiske reaksjonar

Det svenske initiativet for å undersøkja interessa for å skipa eit skandinavisk forsvarsforbund vart kjent i byrjinga av mai 1948.

Dei aller første kommentarane frå sovjetisk side kan tyda på at

russarane var forvirra og ikkje heilt visste korleis dei skulle tolka det svenske forslaget. 11. mai hadde Undén på ny slått fast Sveriges nøytralitetsline i eit innlegg i Riksdagen. Trud heldt i ein artikkel to dagar seinare Lange fram som eit negativt motstykke til Undén. «I motsetning til Undén har den norske utenriksminister, Lange, erklært at den holdning han inntar i forbindelse med Bevin-planen ikke utelukker intimt samarbeid innenfor rammen av Brüssel-pakten (Vestunion-avtalen, min merkn). Idet han antyder muligheten av å motta en ensidig amerikansk «garanti» hevder han at Norge kanskje må skille seg fra de andre nordiske land i utenrikspolitiske spørsmål», skreiv Trud.³⁶⁾ Dette var ei temmeleg korrekt framstilling av kjernen i den svensk-norske meiningsskilnaden, og eit klart signal om at Langes politikk var mindre akseptabel enn Undéns. Men var Undéns politikk det same som svensk politikk, og korleis innpassa forslaget om skandinavisk forsvarssamarbeid i denne samanhengen? Kunne den svenske regjeringa vera kløyvd? I ein artikkel i Pravda 16. mai vart det retta eit åtak på den svenske sosialministeren, Möller, som ifølgje avisa var den første regjeringsmedlemmen som ope hadde gått inn for eit skandinavisk militært forbund. Pravda viste, interessant nok, til at Möller representerte høgrefløya i det svenske sosialdemokratiet, og avisa unngjekk såleis å seia noko bindande om den offisielle lina til det svenske regjeringspartiet.³⁷⁾ Artikkelforfattarane skilde ikkje i det heile mellom ei skandinavisk blokk og ei vestblokk. Undén hadde avvist ei vestblokk i februar, heitte det, men Möllers utsegner var uttrykk for at svenske sosialdemokratar, under press frå heimlege høgrekrefter, USA og Storbritannia nå gjekk frå skanse til skanse.

Den første direkte kommentaren til det svenske forslaget stod i Novoje Vremja 19. mai. Bladet tolka, i samsvar med tidlegare sovjetisk tenking, prosjektet som ledd i den «norske» politikken. Med Reuter som kjelde skreiv Novoje Vremja at «det dreier seg om dannelsen av en regional blokk «med tilslutning til Vestunionen i Bruxelles».³⁸⁾ Avisa Vetsjernjaja Moskva gav derimot eit meir nyansert bilete av stoda. Ho siterte opplysningar i den danske Politiken om at Norge nå stod overfor tre ulike alternative vegar å gå: Ein svensk-norsk allianse, skandinavisk tilslutnad til Vestunionen eller ein separat avtale mellom Norge og England.³⁹⁾ Sidan meldinga stod ukomentert, kunne det tyda på at eit skandinavisk (svensk-norsk) samarbeid utan vestblokktilknytning

kanskje ikkje var så heilt utenkjeleg for russarane likevel. Dette inntrykket blir stadfest av ein rapport som seinare presseattaché i det norske UD, Oddvar Aas, gav etter eit møte med førstesekretær Tsjerkassov ved den sovjetiske ambassaden i byrjinga av juni. Tsjerkassov hadde vore her i landet sidan 1945, og var den embetsmann i ambassaden som hadde mest inngående kjennskap til Norge. Han uttalte at det måtte vera på det reine at den danske regjeringa kom til å følgja same nøytralitetsline som den svenske, og spurde fleire gonger om ikkje dette kom til å bli avgjerande for Norges haldning.⁴⁰⁾

Utover sommaren hadde sovjetisk presse fleire meldingar om påfallande britisk og amerikansk interesse for dei skandinaviske tingingane, noko som kanskje delvis hadde samanheng med Vandenberg-resolusjonen, som det amerikanske senatet vedtok 11. juni. Der heitte det at USA burde stimulera til regionale ordningar for «individuell og kollektivt sjølvforsvar», og fråsegna opna dessutan høve for USA til å slutta seg til slike regionale einingar.⁴¹⁾

Den 17. juli kom den til då klaraste og mest utførlege presentasjonen av det sovjetiske synet på stoda i Skandinavia, i form av ein lengre artikkel i regjeringsorganet *Isvestija*. Artikkelen var underteikna «Observatør», eit teikn på at forfattaren er høgt plassert i stats- eller partiapparatet.

Isvestija-observatøren tok utgangspunkt i at dei leiande krinsar i Norge – der påverknaden frå anglo-amerikansk kapital etter krigen hadde vore særleg sterk – nå var tilbøyelege til å slutta seg til vestblokka, «enten direkte eller gjennom ein militærallianse med England». Danmark vakla, men med slagside mot vest. Dermed stod Sverige att. For opphavsmennene til Vestunionen var ikkje norsk og dansk tilslutnad nok, dei ville og ha Sverige med. For å oppnå det, spekulerte dei i den såkalla «skandinaviske fellesskapen».

Isvestija gjekk så over til å kritisera den «dualistiske og inkonsekvente» politikken til den svenske regjeringa. Samstundes som ho uttalte seg mot anglo-amerikanske, norske og danske forsøk på å gjera Skandinavia til ein nordleg flanke av vestblokka, heldt den svenske regjeringa hardnakka fast ved ideen om eit såkalla «isolerert» skandinavisk forbund som, vart det sagt, ikkje skulle ha noko samband med Vestunionen. Men, skreiv *Isvestija*: «same kva som måtte vera dei subjektive overtydingane til opphavsmennene og

forsvararane av dette prosjektet, så kan det objektivt sett ikkje vurderast på annan måte enn som eit forsøk på å sløva vaktsemda i den svenske opinionen og å trekkja Sverige inn i den same «Vestunionen» langs ein omveg». Talsmennene for Vestunionen hadde ifølgje Isvestija opplegget klart også for ein slik manøver: «Det «isolerte» skandinaviske militærforbundet vender seg til USA og England for å få våpen, deretter for garantiar, og derifrå og til ein formell tilslutnad til «Vestunionen» står det att berre eitt steg».

Isvestija-artikkelen var altså ei klar avvising av den svenske politikken. I sovjetiske auge eksisterte det nå i røynda berre to alternativ for Sverige: Enten eit framhald av den nåverande isolerte alliansefrie lina, eller eit skandinavisk forbund som nød-vendigvis ville verta del av eit vestleg samarbeid.

Det kan synast påfallande at Moskva så vilkårslaust gjekk ut frå at den norske varianten av eit skandinavisk forsvarsforbund ville ha gjennomslag i høve til den svenske. Sverige var trass alt det økonomisk, politisk og militært dominerande landet i Norden. Svaret må liggja i at russarane såg saka i eit stormaktsperspektiv. Som me alt har sett, kom russarane stadig tilbake til den sterke posisjonen dei anglo-amerikanske maktene hadde skaffa seg i Norge og delvis Danmark, både økonomisk og politisk. Det kan faktisk sjå ut til at russarane alt hadde innstilt seg på at Norge og Danmark var tapte, og at det viktigaste nå var å hindra at dei norske og danske regjeringspolitikarane trekte svenskane med seg. I eit eventuelt skandinavisk forbund – slik må den sovjetiske utanriksleiinga ha resonnert – ville ikkje svensk nøytralitetsvilje vera sterk nok til å stå imot britisk og amerikansk press, for ikkje å snakka om å trekkja Norge og Danmark over på si line. Sverige hadde jo trass alt gått med i Marshall-planen og hadde sterke vest-vennlege pressgrupper innanlands. Ut frå denne tankegangen må russarane ha kome til at det var tryggast å satsa på å berga det som bergast kunne, nemleg den isolert svenske alliansefridommen, og heller la Norge og Danmark sigla sin eigen sjø mot vest. Det var på sett og vis ei pessimistisk og defensiv vurdering av situasjonen, og den gjekk att i seinare artiklar utover sommaren og hausten.⁴²⁾

Meir aktivt sovjetisk diplomati – Sluttfasen i dei skandinaviske tingingane

Ifølge sovjetologen Marshall D. Shulman fekk sovjetleiarane ved årsskiftet 1948/49 det klart for seg at «the Berlin blockade had given a powerful additional stimulus to the gathering of new forces in the West and had added urgency to the question of whether new departures were required in Soviet policies in the early months of 1949». ⁴³⁾

Ein Isvestija-artikkel 2. desember 1948 hadde vist til at folke-meininga i Skandinavia, kommunistpartia og enkelte venstresosialistar (J. Friis, G. Branting) var mot blokkpolitikken. Det sovjetiske propaganda-apparatet tok nå sikte på å mobilisera desse kreftene meir aktivt mot den vestlege alliansebygginga. Russarane freista diskreditera dei politiske leiarane i Vest-Europa som unasjonale krigshissarar, stimulera til folkelege protestar og samstundes forsikra om sovjetisk fredsvilje. Desse elementa kan seiast å ha vore ledd i ein generell diplomatisk offensiv overfor Vest-Europa, men ein kan og finna dei igjen i politikken overfor Norge og Norden. ⁴⁴⁾

I Norge hadde både utanriksminister Lange og forsvarsminister Hauge gitt nyttårsintervju som vart tolka slik at dei nå gjekk inn for eit vidare tryggingpolitisk samarbeid enn det skandinaviske. ⁴⁵⁾ Dette gav utgangspunkt for kraftige åtak i sovjetisk presse. Pravda kalla 9. januar Lange «ein advokat for den anglo-amerikanske aggressive blokk». Mest ytterleggående var likevel ein artikkel i Literaturnaja Gaseta 12. januar. Forfattaren, S. Maksimov, kom med grove utfall mot «Tranmæls kreaturer» (Lange, Hauge og Bratteli – men ikkje Gerhardsen). Denne «tranmælske klikken» oppfordra amerikanarane til å byggja basar i Norge, og tok på seg rolla som den amerikanske imperialismens ideologiske forpost i Nord-Europa, skreiv Maksimov. Lange skulle alt ha tillate at det vart plassert amerikanske kanonar nær grensa mellom Sovjetunionen og Norge. Den sovjetiske avisa konkluderte slik:

«Den offentlige mening i Sovjet-Samveldet kan ikke overse de norske høyresosialisters bestrebelser for å føre den atlantiske militærblokk frem til Samveldets nordgrenser. Folk her kan ikke forholde seg rolig til forsøk på å ødelegge det vennskap mellom de fredselkende russiske og norske folk, som er grunnlagt gjennom århundrer og har slått dype røtter.» ⁴⁶⁾

Ambassadør Berg kommenterte at han ikkje kunne hugsa å ha sett nokon artikkel i sovjetisk presse om Norge eller norske forhold som inneheldt så alvorlege utsegner som dette.⁴⁷⁾

Forutan å agitera mot vestorienterte norske politikarar, kan det tenkjast at Maksimovs artikkel var ledd i ein «oppmjukingstaktikk» forut for den sovjetiske basenoten som kom vel to veker seinare. Dersom det var tilfelle, kan det i alle fall noterast eitt døme på at han gjorde inntrykk. I samband med artikkelen skreiv Arne Ording i dagboka si 13. januar: «Kunne det være en tanke å søke å berolige russerne underhånden?? For eksempel når det gjelder baser og kanoner ved grensen??»

Utpå nyåret tok dei sovjetiske avisene til å melda om protest- og fredsmøte i Norge.⁴⁸⁾ Protestane galdt både vestleg og skandinavisk blokkpolitikk. Nokre av meldingane refererte også fråsegner frå protestmøta som omtala Sovjetunionen som ein fredeleg granne. Freds- og protestkampanjen i Norge var sterkt prega av kommunistane, men hadde oppslutnad eit godt stykke ut over deira rekkjer. Redaktøren i Friheten, Jørgen Vogt, rekna ved årsskiftet 1948/49 med at opposisjonen i DNA hadde gode sjansar til å vinna fram, og at det ville bli ei ny DNA-regjering.⁴⁹⁾ Det er mogeleg at denne optimismen vart formidla vidare til russarane. Dei norske kommunistane kravde på denne tid «provokatøren Lange» vekk frå utanriksministerposten,⁵⁰⁾ og det er påfallande at åttaket i Literaturnaja Gaseta konsentrerte seg om Lange og enkelte andre «vestorienterte», og ikkje nemnde statsminister Gerhardsen. Pravda hadde 25. januar eit referat frå utanriksdebatten i Stortinget, og hevda at den avslørte aukande usemje i Arbeidarpartiet.

Det viktigaste sovjetiske «fredsutspelet» direkte retta mot Norge var forslaget om ikkje-åtakspakt, som eg snart skal koma tilbake til. På det generelle planet markerte Stalins intervju med den amerikanske journalisten Kingsbury Smith høgdepunktet i den sovjetiske fredsoffensiven.⁵¹⁾ Stalin gjorde seg der m.a. til talsmann for ei «fredspakt» og eit toppmøte mellom Sovjetunionen og USA.

I mellomtida var dei skandinaviske forsvarstingingane komne inn i slutfasen. Stats-, utanriks- og forsvarsministrane i Norge, Sverige og Danmark møttest hemmeleg i Karlstad 5. og 6. januar 1949, og møtet enda i varsam optimisme. Tingingane skulle halda

fram, sjølv om det var langt fram til semje om kjernesporaålet – «opninga mot vest». ⁵²⁾

I Sovjetunionen vart nyhendet om Karlstad-møtet først presentert i eit TASS-telegram 8. januar. ⁵³⁾ Meldinga var nøktern og bygde på det offisielle svenske kommunikeet og svenske aviser. To dagar etter siterte Pravda den svenske kommunistavisa Ny Dag, som sa at dette berre var ei felle for svenskane. ⁵⁴⁾ Ivestija kommenterte Karlstad-møtet i ein lengre artikkel. ⁵⁵⁾ Dei skandinaviske landa la fram kvar sitt standpunkt, skreiv avisa. Norge ville inn i Atlanterhavspakta. Danmark ville ha eit skandinavisk forbund som formelt var nøytralt, men med amerikanske våpen og amerikansk garanti. Sverige ønskte òg eit nøytralt forbund, men her skulle ein merka seg, skreiv Ivestija, at fleire amerikanske aviser var raske til å rosa svensk «tradisjonell nøytralitet» og at mange framståande svenskar sa at Sverige kunne vera til stor nytte for A-pakta sjølv om landet formelt vart ståande utanfor. Såleis, konkluderte avisa, var det inga prinsipiell usemje mellom ministrane i dei skandinaviske landa, dei var berre opptekne av å finna den høvelegaste måten å føra opinionen bak lyset på. Ivestija enda dermed opp med den same konklusjonen som før. Men så la avisa til at «sjølv slike varsame forsøk på å løyne tilslutnaden til A-blokka møter amerikanske innvendingar». USA forlangte eit klart svar, og ville ikkje levera våpen og utstyr til ei «nøytral» skandinavisk blokk. Dette var ein nyanse i høve til tidlegare, då russarane jo hadde framstilt den skandinaviske blokka nærmast som ein amerikansk-inspirert manøver.

Det er likevel ingen grunn til å tru at russarane hadde endra syn på eit skandinavisk forsvarsforbund. Ifølgje eit privat telegram frå Frihetens korrespondent i Moskva var det sovjetiske synet at «også et «skandinavisk forsvarsforbund» betyr at Norden lenkes til «dollar-imperialismens stridsvogn», og at «(d)et ville være den rene galskap for de fredselkende elementer blant de skandinaviske folk, især i Sverige (mi uth.) å unnlate å trekke den selvinnlysende slutning av disse symptomer på utviklingen i Sovjet-Samveldet». ⁵⁶⁾

Etter møta i København og Oslo i slutten av januar stod det klart at tanken om eit skandinavisk forsvarsforbund måtte gravleggjast. I ein tilfreds første kommentar i Moskva Radio heitte det at meiningsforskjellen mellom Norge og Sverige ikkje var den verkelege årsaka til at forhandlingane ikkje hadde ført fram. Sanninga

var ei anna: «De skandinaviske folk har både før og under forhandlingene gitt uttrykk for at de ikke ønsker å bli trukket inn i en aggressiv blokk, som er rettet mot Sovjet-Samveldet og de øvrige øst-europeiske stater».

Det skandinaviske forsvarsforbundet var altså ute or biletet, og Moskva var tydelegvis nøgd med det. Men framleis stod Atlanterhavspakta der som eit høgst reelt alternativ, og det sovjetiske Norges-diplomatiet konsentrerte seg nå om den.

Notevekslingane

Russarane hadde ikkje kommentert det andre nordiske toppmøtet i København 22.-24. januar, men dei må ha registrert reaksjonen til dei fleste «kunnige nordmenn»,⁵⁷⁾ nemleg at det nå var små sjansar til å koma vidare på den skandinaviske vegen. For den norske utanriksleiinga var alternativet NATO, det var russarane klar over. Formelt markerte møtet i Oslo 29.-30. januar avslutninga av dei resultatlause tingingane.⁵⁸⁾ Men alt under møtet, den 29. januar, leverte Sovjetunionens ambassadør, Afanasjev, ein «henvendelse» som i sin heilskap handla om Norges forhold til den planlagde Atlanterhavspakta. Danmark og Sverige fekk ikkje noko tilsvarande dokument. I «henvendelsen» var det vist særskilt til det omstende at Norge hadde felles grense med Sovjetunionen.

«Henvendelsen» (russarane presiserte at det ikkje var ein note) var halden i moderate ordelag, men la klart fram det sovjetiske synet på Atlanterhavspakta som ei aggressiv gruppering som mellom anna sikta mot å oppretta militære fly- og flåtebasar i nærleiken av Sovjetunionens grenser. I «henvendelsen» blei det retta to konkrete spørsmål til Norge:

«Sovjetregjeringa ber om å få opplyst om de meldinger som er kommet fram i pressen om at Norge vil gå inn i Atlanterhavspakten er i samsvar med virkeligheten og ber også opplyst om den norske regjering påtar seg noen forpliktelser hvor det gjelder opprettelse av militære fly- og flåtebasar på Norges territorium.»⁵⁹⁾

Dokumentet vart offentleggjort i sovjetiske aviser dagen etter, 30. januar. Dagen før hadde det sovjetiske utanriksdepartementet publisert ei generell fråsegn om Atlanterhavspakta.⁶⁰⁾ Der vart det vist til «den norske regjeringa eiendommelige foretaksomhet» for å

trekkja dei skandinaviske landa med i pakta. Teorien som lenge hadde versert i sovjetisk presse om eit skandinavisk forsvarsforbund som ei «omgåande manøver» inn i A-pakta fekk gjennom denne fråsegna offisiell stadfesting så å seia medan forbundet låg på sotteseng.

Det norske svaret vart levert alt 1. februar, men det hadde vore to hektiske dagar med intense drøftingar på norsk side. Resultatet vart baseerklæringa, kjernepunktet i det norske svaret og eit grunnelement i seinare norsk tryggingspolitikk:

«Den norske regjering ber sovjetregjeringen være forvisset om at Norge aldri vil medvirke til en politikk som har aggressive formål. Den vil aldri tillate at norsk område blir brukt i en slik politikks tjeneste. Den norske regjering vil ikke tiltre noen overenskomst med andre stater som innebærer forpliktelser for Norge til å åpne baser for fremmede maktens stridskrefter på norsk territorium så lenge Norge ikke er angrepet eller utsatt for trusler om angrep.»⁶¹⁾

Sjølve basestandpunktet var neppe kontroversielt i 1949, verken i Norge eller i forholdet til vestmaktene. Alt i juli 1948 hadde Lange sagt frå til den amerikanske ambassadøren at framande basar i Norge ikkje kom på tale i fredstid.⁶²⁾ Seinare fekk regjeringa klarlagt at USA ikkje hadde noko ønskje om basar på norsk territorium og at A-pakta ikkje ville binda noko medlemsland til å opna basar for framande styrkar.⁶³⁾ Det er også grunn til å tru at den indre krinsen av politikarar og tenestemenn som utforma baseerklæringa oppfatta det slik at ho bygde på ein innanrikspolitisk konsensus.⁶⁴⁾

Ei anna sak er om det norske basestandpunktet ville ha blitt fastlagt i ei så bindande form om det ikkje hadde vore for den sovjetiske «henvendelsen». Einar Gerhardsen har opplyst at baseerklæringa ikkje var gjennomdiskutert før den sovjetiske demarchen kom.⁶⁵⁾ Arne Ording var, som me har sett, eit par veker i førevegen inne på tanken om å roa russarane med ei baseforsikring,⁶⁶⁾ men det er ukjent om han diskuterte spørsmålet med andre i regjeringa. Det var ingen konsultasjonar med russarane før fråsegna vart gitt, men, som Hauge har sagt, nordmennene meinte å kjenna russarane godt nok til å tru at dette var eit akseptabelt svar.⁶⁷⁾

Ambassaden i Moskva sende nøkterne rapportar om stemninga

der.⁶⁸⁾ Charge d'affaires Akre opplyste at det var ei utbreidd meining i diplomatkrinsar i Moskva at det norske svaret var «klokt og behendig formet»,⁶⁹⁾ men at enkelte såg eit svakt punkt i formuleringa «trusler om angrep». Arne Ording var også svært misnøgd med at desse orda var komne med – i dagboka kallar han det ein feil i redigeringa. Folkerettseksperten i UD, Frede Castberg, delte dette synet.⁷⁰⁾ Jens Chr. Hauge har derimot i ettertid lagt stor vekt på nettopp denne delen av formuleringa, det var eit viktig «element of warning».⁷¹⁾

5. februar kom Sovjetunionens neste utspel, denne gongen i form av ei erklæring frå Sovjetunionens ambassadør til utanriksministeren. Her heitte det om baseerklæringa:

«Sovjet-Samveldets regjering tar denne erklæring fra den norske regjering til etterretning, skjønt den betrakter denne erklæring som utilstrekkelig.»⁷²⁾

Russarane meinte at nordmennene ikkje hadde gitt noko klart svar på om Norge ville tillata oppretting av basar. Det var ganske riktig uttrykket «trusler om angrep» dei prosederte på. Det var ifølgje russarane så diffust at «det er tilstrekkelig at noen provokatoriske rykter eller hurtig sammenkokte falsknerier kommer i omløp til at den norske regjering, til enhver tid, inklusive den nåværende fredstid, stiller Norges territorium til disposisjon for fremmede makters krigsbaser og militære styrker», som det heiter i den offisielle norske omsetjinga.⁷³⁾

I svaret frå den norske regjeringa skein det gjennom, ifølgje den sovjetiske erklæringa, at trusselen om åtak kunne skriva seg frå Sovjetunionen. Russarane minte i den samanheng om den tradisjonelt vennskapelege haldninga Sovjetunionen hadde hatt til Norge, og spesielt hjelpta til frigjering frå tyskarane:

«Men hvis den norske regjering allikevel tviler på Sovjet-Samveldets gode nabohensikter overfor Norge, foreslår Sovjet-Samveldets regjering, (.....) den norske regjering å slutte en ikke-angrepspakt med Sovjet-Samveldet og dermed få enhver tvil ut av verden (mi uth.)⁷⁴⁾

I Norge avviste dei fleste tanken på ei ikkje-åtakspakt alt i utgangspunktet. Eit unntak var Frede Castberg, som kunne tenkja seg å seia ja til pakttilbodet på vilkår av at pakta kunne kombine-rast med ein vestallianse.⁷⁵⁾ Liknande tankar kom fram frå ambas-

saden i Moskva, som viste til at Storbritannia og Frankrike framleis hadde gyldige støtte- og samarbeidsavtalar med Sovjetunionen frå krigstida.⁷⁶⁾ Det er mogeleg dette var eit ekko av diskusjonar i det diplomatiske miljøet i Moskva, for også den amerikanske chargé d'affaires sende telegram til sitt departement og argumenterte for at Norge burde seia ja til begge paktene samstundes. Moskva ville då temmeleg sikkert trekkja tilbake sitt tilbod, og «wind would be taken out of Soviet propaganda sails».⁷⁷⁾ I State Departement vart dette forslaget derimot avvist som «a too obvious tactical move».⁷⁸⁾

I det norske svaret av 5. mars vart baseerklæringa gjenteken «på den mest kategoriske måte». Ei ikkje-åtakspakt blei avvist med den grunngevinga at ho var overflødig. FN-pakta, som både Norge og Sovjetunionen hadde skrive under, påla nemleg medlemsstatane ikkje å gå til åtak på kvarandre.⁷⁹⁾

Det norske svaret vart ikkje offentleggjort i sovjetisk presse.

Kva var motiva for det sovjetiske forslaget om ikkje-åtakspakt? Ein kan for det første nokså klart avvise at det var tale om ein freistnad på å binda Norge nærare til Sovjetunionen i retning av ein «finsk modell».⁸⁰⁾ Ei ikkje-åtakspakt ville vera langt mindre vidtgåande enn den finsk-sovjetiske VSB-pakta, som m.a. inneheldt ein klausul om konsultasjonar i tilfelle eitt av landa var utsett for krigsfare. Den aust-tyske kommunisten Ackermann, som ein må gå ut frå var på linje med tankegangen i det sovjetiske partiet, var påpasseleg med å skilja mellom dei to pakt-typane i talen på NKPs landsmøte i 1949. NKPs krav måtte vera ei ikkje-åtakspakt, og ikkje ei vennskapspakt, sa han.⁸¹⁾ Den norske regjeringa hadde dessutan alt året før gjort det klart at eit sovjetisk forslag om ein «militær særavtale» ville bli avvist.⁸²⁾

Det sovjetiske forslaget hadde truleg heller ikkje som noko hovudsiktemål å påverka den norske regjeringa sitt syn på medlemskap i Atlanterhavspakta. Tonen i den sovjetiske erklæringa verkar heller resignert på det punktet - det vert berre fastslått at «Sovjet-Samveldets regjering deler ikke denne den norske regjeringens mening om Atlanterhavsunionens mål og karakter».⁸³⁾ I ein sovjetisk kommentar berre eit par veker seinare heiter det då også at «først da det var blitt helt klart at den norske regjeringen aktet å slutte seg til Atlanterhavsforbundet og påta seg de vidtrekkende forpliktelser som dette innebærer, kom den første forespørsel fra sovjet-regjeringen».⁸⁴⁾

Me står då att med to sannsynlege motiv. For det første skulle tilbodet om ikkje-åtakspakt truleg tena til å dempa trusselbiletet av Sovjetunionen i norsk opinion. Framleis var det ein god del tvilarar og NATO-skeptikarar, særleg i DNA. Russarane *kan* ha hatt eit visst håp om å styrkja opposisjonen mot regjeringa ved å visa ei vennlegsinna haldning. Eit forslag om ikkje-åtakspakt var også i tråd med den fredskampanjen som nett då dominerte den sovjetiske utanrikspolitiske generallina. I alle fall: Russarane hadde ingen ting å tapa på å setja fram tilbodet, det kunne i det minste gje ein viss propagandagevinst då eller seinare.⁸⁵⁾

Det andre sannsynlege motivet er at russarane ville bruka ei ikkje-åtakspakt til å stadfesta og forsterka den norske baseerklæringa av 1. februar. Denne fråsegna var einsidig, det er rimeleg å tru at russarane under eventuelle pakt-tingingar ville ha freista å få basereservasjonen inn som ein del av eit tosidig, bindande avtaleverk. Åtte år seinare, i 1957, tok den sovjetiske ambassaden i Oslo opp med statsminister Gerhardsen spørsmålet om å stadfesta den norske basepolitikken i ein særskilt norsk-sovjetisk avtale. Han viste i den samanheng til forslaget om ikkje-åtakspakt frå 1949. Gerhardsen avviste tanken. (Sjå artikkelen. Atomrasling og avspenning, s. 92 i denne boka.) Ei ikkje-åtakspakt ville òg kunna bli brukt seinare av russarane som plattform for protestar mot norske militære tiltak eller for å hindra nærare vest-tilknytning. Utanriksminister Vysjinskij sa i 1952 rett ut at ei ikkje-åtakspakt ville ha hindra Norge i å spela den rolle landet var tiltenkt i NATO.⁸⁶⁾

Rykte om sovjetisk militæraksjon februar/mars 1949

I den norske NATO-debatten har det vore hevda at NATO-tilhengjarane brukte grunnlause rykte om faren for sovjetisk åtak på Norge som pressmiddel for å vinna tvilarar og skeptikarar over på si side. Johanne Åmlid skriv såleis at rykte om at «Norge var det land som sto for tur etter Tsjekkoslovakia» var i omløp under landsmøtet i DNA 17.–19. februar 1949.⁸⁷⁾ Av samanhengen ser det ikkje ut til at det dreiar seg om anna enn referansar til varsla som kom inn til UD i kjølvatnet av Tsjekkoslovakia-krisa året før.

I utanriksteiinga var nok stemninga rolegare enn i 1948. I

tilknytning til notevekslinga i januar/februar hadde ambassaden i Moskva rapportert at det blant framande diplomatar i Moskva syntest vera ei vanleg meining at Sovjetunionen ikkje ville «foreta noe virkelig skritt mot Norge». ⁸⁸⁾

Likevel er det på det reine at det rådde ein viss nervøsitet i norske politiske krinsar for korleis Sovjetunionen ville reagere i samband med at Norge gjekk inn i A-pakta. Også ferskare rykte var i omløp, og det er ikkje utenkjeleg at dei er blitt brukte uformelt som påverknadsmiddel under DNA-landsmøtet. Finn Moe rapporterte såleis til regjeringa midt under landsmøtet at det var meldt om sovjetiske flåtesamantrekningar utanfor Salten. ⁸⁹⁾ Erik Brofoss, Arne Ording og til ein viss grad også Lange var urolege for kva som kunne skje på Svalbard eller i Finnmark. ⁹⁰⁾ Ei Reuter-melding frå Moskva 22. februar markerte ei opptrapping av det verbale presset mot Norge, og *kunne* tolkast illevarslande. ⁹¹⁾ I meldinga vart det sagt at «det på offisielt russisk hold er blitt gitt uttrykk for den oppfatning at Sovjet-Samveldet må endre sin politikk overfor Norge, som Samveldet hittil har betraktet som et fredselskende land, dersom Norge slutter seg til den foreslåtte Atlanterhavspakten og avslår å undertegne en ikke-angrepspakt med Sovjet-Samveldet». Korrespondenten refererte og til ein artikkel i Krasnyj Flot, der det heitte at USA ønskte Norge som eit springbrett for åtak på Sovjetunionen. «Norges eventuelle beslutning om å slutte seg til Atlanterhavspakten vil derfor på russisk hold bli karakterisert som *ytterst provoserende*» (mi uth.), skreiv Reuter. Norske politikarar var også urolege for eit eventuelt sovjetisk mottrekk i Finland når Norge gjekk inn i A-pakta. Rapportar frå legasjonen i Helsinki fortalde om nervøsitet i finske politiske krinsar. ⁹²⁾ I ei melding frå Frihetens Moskva-korrespondent vart det sagt at Sovjetunionen til nå hadde gjort mykje for å fremja eit godt forhold til dei skandinaviske landa, både direkte og «indirekte, ved en tålmodig, ja overbærende holdning overfor Skandinavias nabo, Finland, har sovjetregjeringen søkt å dempe de mistanker som reaksjonære elementer, oppmuntret fra utlandet, har holdt ved like». ⁹³⁾ Det var underforstått at det kanskje kunne bli ei endring på dette dersom dei skandinaviske landa heldt fram på sin nåværande kurs. Lange oppgav seinare omsynet til Finland som ei viktig årsak til at nordmennene gjorde eit siste forsøk på å få USA til å godta ei skandinavisk løysing i februar 1949. ⁹⁴⁾

Ei melding frå ambassaden i Moskva i midten av mars skapte ny uro, og førte til eit «toppmøte» i UD 19. mars der m.a. statsministeren og forsvarsministeren var med. I meldinga frå Moskva stod det at «det antas i visse utenlandske diplomatiske kretser i Moskva at det foreligger mulighet for forholdsregler mot Nord-Norge av forebyggende karakter før undertegning av A-pakten (...) Antakelsen synes å bygge på skepsis angående muligheten for at de Forente Stater kan gripe raskt nok inn for å holde russerne fra å gå til en eventuell aksjon». ⁹⁵⁾ Etter det eg kan sjå, vart desse spekulasjonane vurderte som nokså lause. Forsvarsminister Hauge såg ein sovjetisk militæraksjon mot Norge som ein «lite tenkelig konsekvens» av norsk medlemskap i NATO. Likevel måtte ein «treffe alle forholdsregler», slik at ein sovjetisk væpna framstøyt mot nokon del av Norge verkeleg utløyste krig. ⁹⁶⁾

I det heller magre kjeldematerialet er det ingen ting som tyder på at Sovjetunionen hadde planar om nokon militær framstøyt mot Norge i 1949. Ut frå meir almenne resonnement er det heller ikkje truleg at russarane ville risikera ein krig i Norge eller Skandinavia. Operasjonar i nord ville by på transport-, forsynings- og administrasjonsproblem i ein heilt annan målestokk enn på dei nærliggjande sletteområda i Aust-Europa. ⁹⁷⁾ For å ta og halda område i Skandinavia, særleg Norge, trongst det og sterkare flåtestyrkar enn Sovjetunionen hadde. Ein kan her trekkja ein parallell til Hellas, der Stalin heller ikkje våga utfordra vestmaktene, og viste til USAs flåtemakt. ⁹⁸⁾ For russarane ville ein offensiv politikk i Skandinavia vera å forstrekkja seg og å sløsa med krefter som trongst til å konsolidera dei nyvunne maktposisjonane i Aust-Europa og ikkje minst Tyskland.

Militære tiltak frå sovjetisk side vart då heller ikkje rekna for *sannsynlege* i norsk utanriksleing i 1949. Tankegangen var heller at ein ikkje hadde råd til å oversjå sjølv den minste risiko. Arne Ordning har truleg summert opp den rådande haldninga i treffande, fortetta form i følgjande dagboksnotat: «99% at det er alminnelige rykter eller kanskje nervekrig. Men det er den ene prosent». ⁹⁹⁾

Dei sovjetiske reaksjonane i sluttfasen før underskrivinga av A-pakta skil seg ikkje i tone og tema ut frå den føregåande perioden. Russiske diplomatar og politikarar tok opp igjen at Norges tilslutnad til A-pakta var ei uvennleg haldning, ¹⁰⁰⁾ og at Norge ikkje lenger kunne reknast som eit «fredselskande» land. ¹⁰¹⁾ Elles forsikra russarane at Norge ikkje hadde nokon grunn til å gå

inn i A-pakta, avdi Sovjetunionen ikkje hadde aggressive siktemål med omsyn til Norge.¹⁰²⁾ Ei ny understreking av sovjetisk uro for basane kom 23. februar i Isvestija. Avisa skreiv at Norges bidrag til A-pakta ville bestå i å utvida eksisterande hamner og flyplassar for å ta imot militærhjelp frå USA og andre A-paktland. I første rekkje galdt det flyplassane på Sola, Gardermoen og ved Trondheim, og hamnene i Kristiansand, Bergen og Narvik.

Sovjetiske aviser heldt fram med å melda om protestar i Norge ut februar månad, men 5. mars, dagen etter stortingshandsaminga, skreiv Pravda resignert at Stortinget ikkje tok omsyn til protestane mot blokkpolitikken. Deretter vart det praktisk talt ikkje skrive noko om Norges forhold til NATO i sovjetiske aviser fram til underskrivinga av A-pakta.

3. Sovjetunionen og Norden 1949–1951/52

Resultatet av den tryggingpolitiske omprøvsprosessen i Norden i 1948–49 må, sett frå Moskva, ha innehalde ei blanding av negative og positive element. Det var sjølv sagt uheldig at Norge og Danmark hadde gått inn i NATO. Men Sverige var blitt ståande utanfor, og Norge hadde i noteform sagt frå om at landet ikkje akta å opna basar for framande styrkar på sitt territorium i fredstid. Danmark la seg i praksis på den same basepolitikken, med unntak for Grønland.

Situasjonen var likevel flytande, i ein grad det kanskje er vanskeleg å forestilla seg etter meir enn 30 år med ei stabil blokkdeling i Europa. I Moskva kunne ein ikkje kjenna seg trygg på kor lenge norsk/dansk basepolitikk eller svensk nøytralitet ville vara ved. Basepolitikken var grunna på ei einseitig erklæring frå eit lite land. Kor mykje var den verd dersom stormaktskonfliktene tilspissa seg? Svensk nøytralitetspolitikk var under press både frå ytre og indre krefter.

I april 1949, like etter underskrivinga av Atlanterhavspakta, stilte det utanrikspolitiske tidsskriftet *Novoje Vremja* i to artiklar dei spørsmåla som truleg sett frå Moskva var mest brennande med omsyn til Norden. Først: «Kvar går Sverige?» og deretter «Kva vil Norges deltaking i Atlanterhavspakta føra til?»¹⁰³⁾ Me skal nå, i omvendt rekkefølge, sjå på korleis russarane møtte desse utfordringane.

Reaksjonar på norsk forsvars- og basepolitikk 1949–51

Dei første rapportane frå Moskva-ambassaden etter underskrivinga av Atlanterhavspakta var ikkje urovekkjande. 1. mai 1949 kunne ambassadør Berg fortelja om ein avskilsvissitt hos ein høgtstående sovjetisk kontakt. Vedkomande hadde uttalt seg «med stor hjertelighet» om Norge. Berg tolka det som eit mogleg teikn på at russarane begynte å forsona seg med det som var skjedd.¹⁰⁴⁾

Alt 13. april hadde ambassaden referert synspunkt frå samtalar med «utanlandske forbindelser», som gjekk ut på at Sovjetunionen nå syntest konsentrera si interesse meir om dei praktiske militære konsekvensane av Norges tilslutnad til A-pakta.¹⁰⁵⁾ Kva for militære tiltak var det så russarane var mest opptekne av? Dei første par åra må me nøya oss med sovjetisk presse som kjelde, men den skreiv til gjengjeld ganske flittig om Norge i denne perioden.

Det viktigaste punktet i dei sovjetiske artiklane var utbygging av *militære anlegg* i Norge, og først og fremst *flyplassane*. I Sør-Norge vart Sola ofte nemnt som ein flyplass som skulle stillast til disposisjon for amerikanske bombefly.¹⁰⁶⁾ Den sovjetiske konsentrasjonen om Sola flyplass var i og for seg ikkje utan sakleg grunnlag. Amerikanske militære hadde like etter krigen synt ei viss interesse for nett denne flyplassen.¹⁰⁷⁾ Kring 1949 meinte britiske og amerikanske militære at Stavanger-området var den delen av Norge som kunne og burde haldast i tilfelle krig¹⁰⁸⁾ – eit vitnemål både om deira pessimisme og om verdien Sola ville ha som ledd i ein vestleg motoffensiv mot Sovjetunionen.

Russarane var også på vakt mot utbygging av flyplassane i nord. 19. august 1949 siterte Pravda ei melding i New York Times om at det var arbeid i gang for å kartleggja høvelege område for militære flyplassar på Svalbard. Meldinga streka under at øygruppa var strategisk viktig. I vekene som følgde kom det fleire kommentarar i sovjetisk presse som tok opp påståtte amerikanske planar for nordområda. Ivestija slo i oktober fast at dei amerikanske og britiske «krigshissarane» var utålmodige etter snarast råd å innlemma Svalbard i rekkja av objekt dei kunne inspiserer i nord.¹⁰⁹⁾ Deretter vart det stilt om Svalbard for ei tid. Elles vart andre flyplassar i Nord-Norge nemnt meir sporadisk. Izvestija hevda at Bardufoss og Kirkenes på same måten som Sola vart tilpassa for bruk av amerikanske bombefly.¹¹⁰⁾

Når russarane var så sterkt opptekne av flyplassutbygginga i Norge, må ein tru at det var frykta for amerikanske atombomber som låg under. Det amerikanske atombombemonopolet vart brote i 1949, men Sovjetunionen var framleis klart underlegen når det galdt denne typen våpen.

Noko mindre og meir generell omtale fekk utbygginga av *hamnene*, og bygging av *radarstasjonar* er berre nemnt ein gong i mitt materiale, nemleg i Krasnaja Svesda i august 1950.¹¹¹⁾

Russarane følgde også nøye med i og kritiserte alle former for norsk *militær integrasjon i NATO-alliansen*. Det galdt t.d. fellesøvingar, besøk av amerikanske og britiske militære i Norge eller amerikanske våpenforsyningar.¹¹²⁾ Dei aukande *forsvarsutgiftene* og tyngslene dei la på det arbeidande folket i Norge vart flittig omtala. Opprustinga førte til ruinerings av landet, skreiv sovjetmarinens organ i 1949.¹¹³⁾ Avisa peika på at Norge dagleg brukte heile ein million kroner (sic!) til rustningar. I røynda var forsvarsutgiftene i Norge nokså stabile frå 1947 til 1950. Derimot gjorde dei eit stort hopp i 1951.¹¹⁴⁾ Norsk samfunnsliv og økonomi vart vidare, ifølgje russarane, tilpassa militære omsyn, og gjenoppbygginga av den norske handelsflåten vart i det vesentlege bestemt av «militære betraktningar». ¹¹⁵⁾ For å letta militariseringa av landet, skapte norske styresmakter ein *kunstig krigspsykose*, hevda sovjetiske aviser. Eit døme på det var beredskapslovane, som m.a. Novoje Vremja omtala som «fascistlovar». ¹¹⁶⁾

Summen av alle desse artiklane og meldingane var at det gjekk føre seg ei kraftig militæropprusting i Norge, og at nordmennene ikkje stod ved basepolitikken sin. «Norge stiller basar til disposisjon for USA» og «Norge blir eit springbrett for åtak på Sovjetunionen» var formuleringar som gjekk igjen i praktisk talt kvar einaste større artikkel. Ivestija siterte som illustrasjon ei påstått utsegn av den amerikanske ambassadøren i Norge, Bay, om at Norge skulle bli eit «militært aktivum» for USA.¹¹⁷⁾

I denne situasjonen var den sovjetiske taktikken å halda oppe eit *verbalt motpress*. Det tok form dels som meldingar om militær aktivitet i Norge, venteleg for å markera at russarane følgde oppmerksomt med i det som skjedde, og dels som reine åtak i kommenterande artiklar. Ved stadig å minna norske politikarar og norsk opinion om sovjetiske interesser og å koma med skuldingar om brot på basepolitikken, kunne russarane kanskje gjera seg voner om ein viss moderasjon frå norsk side.

Det er påfallande at kjeldematerialet ikkje ber spor av at den temmeleg omfattande avisskrivinga vart følgt opp av tilsvarende press på diplomatisk plan. Det tyder på at russarane i denne perioden i stor grad retta seg inn på å nå den sovjetiske og norske opinionen. Innanlands kunne ein ved stadig å mana fram faren ved innringing og ny krig medverka til å auke beredskapen i folket. I Norge kunne ein nøra opp under motstand mot NATO-vennlege regjeringsspolitikarar. Norske styresmakter blei etter måten sterkt kritiserte i denne perioden, og jamvel Gerhardsen laut tola uttrykk som «ein sann lakei»¹¹⁸⁾ og «ein norsk talsmann for dei amerikanske aggressorane».¹¹⁹⁾ Samstundes førte Sovjetunionen, direkte og gjennom det kommunist-kontrollerte Verdsfredsrådet, ein kraftig fredskampanje, der fremste parolen var forbod mot atombomba (den såkalla Stockholms-appellen). Men Novoje Vremja gav uttrykk for misnøye med at dette kravet berre samla 50 000 underskrifter i Norge.¹²⁰⁾

Korea-krigen, som tok til i juni 1950, aksellererte prosessen i retning av å gjera NATO til ein sterk og effektiv *militær* allianse. Vedtaket i desember 1950 om opprettinga av Felleskommandoen var det fremste uttrykket for denne nye tankegangen.¹²¹⁾ NATO-styrkane skulle heretter disponerast ut frå alliansens kollektive behov snarare enn etter isolerte nasjonale avvegingar. Også tyske styrkar måtte få plass i eit vest-europeisk fellesforsvar. NATO oppretta eit felles kommandosystem for Europa (med Eisenhower som første øvestkommanderande), og ein kommando for det nord-atlantiske havområdet. Forsvaret av Svalbard, Bjørnøya og Jan Mayen fall inn under det sistnemnde kommando-området. Proposisjonen om norsk deltaking i Felleskommandoen vart lagd fram for Stortinget 19. januar 1951 og vedteken i mars. Dei sovjetiske kommentarane til saka hadde som hovudtema at den norske regjeringa frå nå av ville missa kontrollen over sine væpna styrkar. Dette var ikkje nokon ny påstand, men propagandaen kring dette temaet vart nå intensivert. Eisenhower, som vart kalla «militærdiktator for det marshalliserte Europa», «amerikansk prokonsul» eller «Gauleiter»,¹²²⁾ kunne i praksis disponera styrkane kor han ville, heitte det. Dokumentet om Felleskommandoen synte «til hvilken ynkelig, æreløs skjebne folkene i Vest-Europas land blir dømt av korrupte politikere som tilsmusser sine folks nasjonale ære og verdighet etter krav fra de amerikanske imperialister», skreiv Pravda.¹²³⁾ Appellane til nasjonalismen var såleis ikkje noko sær-

trekk ved sovjetisk propaganda retta mot Norge. Lina vart følgd overfor alle dei vest-europeiske landa, og var sjølvstøtt eit nærliggjande poeng å gripa fatt i som følgje av innskrenkingane i den nasjonale råderetten som NATO-integrasjonen nå føresette.

Dei siste månadene av 1951 vart prega av ei tilspissing av forholdet mellom Sovjetunionen og Norge. Etter i eit par år å ha kjørt fram sin utanrikspolitikk overfor Norge gjennom pressa, tok russarane igjen i bruk notar som diplomatisk verkemiddel, og notane var svært skarpe i tonen.

Den første notevekslinga dreia seg ikkje direkte om tryggingpolitikk, men om handsaminga av sovjetiske krigsgraver i Norge. Det kan likevel vera interessant og nyttig å gje eit kort resymé av denne konflikten, som også hadde visse tryggingpolitiske overtonar.

Striden om krigsgravene

Etter krigen var det i Norge om lag 200 ulike gravstader for sovjetiske krigsfangar, snaut halvparten av dei i Nord-Norge.¹²⁴⁾ Mange av gravene låg avsides og var vanstelte.¹²⁵⁾ Enkelte låg også på militært område, og det er grunn til å tru at norske styresmakter ikkje var særleg oppglødde for sovjetiske inspeksjonsreiser dit.

På føresommaren 1951 sa den sovjetiske ambassaden seg fleire gonger misnøgd med tilstanden til gravene. Ambassaden tilbød seg å la sine tenestemenn syta for istandsetjing og stell av gravene på kvar einskild stad. Den norske regjeringa meinte derimot at gravene burde samlast på nokre få stader, og sette utpå sommaren i verk arbeid med å flytta leivningane etter dei sovjetiske krigsfangane i Nord-Norge til ein sentral kyrkjegard på Tjøtta på Helgelandskysten. I ein note 22. august sa russarane seg usamde i planen. Då var arbeidet alt i gang, og russarane kom ingen veg.

I september tok ein kraftig kampanje til i sovjetiske aviser. «Norske styresmakter hånar minnet om sovjetiske soldatar», skreiv *Isvestija*.¹²⁶⁾ Russarane kunne visa til oppslag i norske aviser om at nordmennene for respektlaust fram i arbeidet med å flytta dei jordiske leivningane etter krigsfangane. Dessutan reagerte russarane på at gravene skulle flyttast til ein avsidesliggjande stad som Tjøtta. Grunnen måtte vera eit ønskje om å fortregja minnet om den sovjetiske krigsinnsatsen i det norske folket, meinte dei. *Novoje Vremja* hevda i tråd med gjeldande propagandaline at

ordren om å flytta gravene var komen frå andre sida av Atlanterhavet.¹²⁷⁾

I ein skarp note frå den sovjetiske regjeringa 1. oktober 1951 vart flyttinga av krigsgravene kalla ei «uvennleg handling» mot Sovjetunionen.¹²⁸⁾ Russarane foreslo at det vart oppretta ein sams norsk-sovjetisk kommisjon for å få gravene i orden. Den seinare notevekslinga synte at det var semje om ein kommisjon, men ikkje om han skulle arbeida på fritt grunnlag eller innanfor rammene av dei norske planane.¹²⁹⁾

Kommisjonen vart likevel nedsett og kom i arbeid, åtaka i sovjetisk presse stilna etter kvart av,¹³⁰⁾ og samlinga av dei nordnorske gravene på Tjøtta vart gjennomført. Kyrkjegarden med 7 963 graver vart innvigd i juli 1953. Sovjetiske aviser trykte då nøkterne referat frå høgtida utan spor av kampanjen halvtanna år før.¹³¹⁾

Svalbard-notane

Den vidare utviklinga i krigsgrav-saka vart likevel overskygga av ei anna norsk-sovjetisk noteveksling. Den tok til med at utanriksminister Vysjinskij under «elskverdige former» overleverte førstesekretær Vennemoe ved den norske Moskva-ambassaden ein note 15. oktober 1951.¹³²⁾ Notan tok utgangspunkt i avtalen om norsk deltaking i Felleskommandoen og felles-styrkane. Med dette, heitte det,

«har den norske regjering i virkeligheten gått med på å la *norsk territorium bli brukt* av den aggressive Atlanterhavspakts væpnede styrker, og også meddelt at den er villig til å legge de norske styrker under paktens amerikanske hærkommando, som leder og planlegger de militære forberedelser i Norge. (...)

Den norske regjering har undertegnet en avtale om Atlanterhavspaktens væpnede styrker, om muligheten for *stasjonering av fremmede tropper* på norsk territorium under ledelse av de amerikanske og britiske myndigheter. Den norske regjering gjør omfattende tiltak for å bygge nye og utvide de gamle marine- og flybaser, også i områder som grenser til Sovjet-Samveldet. (...)

Sovjet-regjeringen finner det nødvendig å peke på at den norske regjering ved vedtaket av 19. januar 1951 har stilt Spitsbergen og Bjørnøya under øverstkommanderende for det såkalte nord-

atlantiske sjøområde som har et anselig antall væpnete styrker til disposisjon. Dette betyr tillatelse for paktens væpnete styrker under amerikansk kommando til å treffe militære tiltak i området rundt disse øyer. En slik handlemåte fra den norske regjeringens side er *i åpen strid* med Parisavtalen om Svalbard av 9. februar 1920, da Norge forsikret at det ikke skal anlegge marinebaser eller bygge festningsverker på disse øyene.» (mine uth.)¹³³⁾

Noten understreka kor viktige Svalbard og Bjørnøya var for Sovjetunionen, økonomisk og strategisk:

«Veien ut mot havet i vestlig retning fra Svalbard og Bjørnøya er også av særlig betydning for Sovjet-Samveldet og dets sikkerhet i nord.»¹³⁴⁾

Den norske politikken var, sa Sovjet-regjeringa, «uforenlig med det normale gjensidige forhold mellom Sovjetsamveldet og Norge som nabostater», og kunne ikkje føra til anna enn ei forverring av forholdet mellom dei to landa. Den norske regjeringa laut ta på seg det fulle ansvar for følgjene.¹³⁵⁾

Utanriksminister Lange tilbakeviste dagen etter påstanden om brot på Svalbard-traktaten: «De forpliktelser Norge har påtatt seg i henhold til Svalbardtraktaten overholdes nøye. At øverstkommanderende for det nord-atlantiske havområde har til oppgave i krigstilfelle å forsvare det område hvor øyene ligger, endrer intet ved dette forhold. Det har aldri vært på tale å anlegge baser på Svalbard.»¹³⁶⁾

Utenriksdepartementet formulerte si førebels tolking av noten i ei melding til ambassadane i Washington, London, Paris og FN. UD rekna med at hovudsiktemålet var vidareføring av ein nervekrig for å oppnå ei svekking av samhaldet mellom A-paktlanda gjennom separate framstøytar. Vidare var det mogeleg at noten førebudde framstøytar i Svalbard-spørsmålet. Men det var «ikke mottatt meldinger fra Svalbard som tydet på ekstraordinær aktivitet på russisk side».¹³⁷⁾

På norsk side var ein likevel nervøs for kva som kunne skje, sjølv om eit sovjetisk åtak på Svalbard ikkje vart rekna som sannsynleg. Arne Ording og statssekretær Jens Boyesen tala saman om at ein måtte «være forberedt på den *verste* mulighet i Svalbardspørsmålet».¹³⁸⁾ Eit telegram frå sysselmannen på Svalbard nokre dagar seinare kunne gje grunn til uro. Han hadde hatt den nyutnemnde

konsul Bednenko med følge på besøk 18. og 19. oktober, og melde til UD: «Tonen var meget aggressiv. De kom stadig tilbake til A-pakten og nødvendigheten av et bedre forhold mellom de to land». ¹³⁹⁾ Arne Ording kommenterte i dagboka: «Skal det lages «incidents?» ¹⁴⁰⁾ Sysselmannens konklusjon var at «situasjonen synes å tilsi mere hjelp ved embedet». ¹⁴¹⁾

Utanriksdepartementet hadde sett seg føre å bruka god tid på svaret. I mellomtida vart alvorret i den sovjetiske noten understreka av ein større artikkel i Pravda om Svalbard 28. oktober. ¹⁴²⁾ Etter eit lengre historisk oversyn over russiske interesser på Svalbard, tok avisa opp att klagemåla om brot på Svalbard-traktaten, og over at Norge hadde gitt NATO løyve til å gjennomføra området kring øyane «etter eige skjønn».

Konklusjonen i Pravda var skarp: «Det kan ikke være noen tvil om at Sovjet-Samveldets interesser må iakttas uforbeholdent. Den sovjetiske offentlighet kan ikke stille seg likegyldig til planer om benyttelse av områdene omkring Svalbard og Bjørnøya til aggressive formål.» Men artikkelen inneheldt og ei openhjarta formulering om kor sårbar Sovjetunionen kjende seg i nord: «Den utvei til havet som går forbi Svalbard og Bjørnøya har en overordentlig stor betydning for Sovjet-Samveldet og dets sikkerhet. (...) Med flyvningens utvikling har Svalbards betydning for Sovjet-Samveldets sikkerhet vokst enda mere.» Her går det ei klar line tilbake til Molotovs kjende samtale med Trygve Lie i Kreml i 1944, som me seinare skal koma tilbake til. ¹⁴³⁾

Det norske svaret var nokså kort. Det tok opp at baseerklæringa og påstanden om at NATO-pakta berre var av defensiv natur. Når det galdt Svalbard, «har den norske regjering ikke opprettet og den vil heller ikke opprette noen som helst militær befestning eller base innenfor Svalbard-øygruppen eller Bjørnøya. Den vil heller ikke tillate at noen annen stat gjør dette.» ¹⁴⁴⁾

To dagar etter kom ein ny sovjetisk note, som gjentok ein del generelle påstandar om norsk politikk og NATOs karakter. Essen- sen i svaret låg i følgjande avsnitt:

«Den Sovjetiske Regjering merker seg den Norske Regjerings erklæring om at den ikke har opprettet eller vil opprette noen som helst befestning eller base på Spitsbergen-øygruppen eller på Bjørnøya, og heller ikke vil tillate noen annen stat å gjøre dette. I denne forbindelse finner den Sovjetiske Regjering det

nødvendig å erklære at allerede det faktum at Spitsbergenøygruppen og Bjørnøya er overlatt til overkommandoen for det såkalte Nordatlantiske Marineområdets myndighet står i strid med Pariseravtalen om Spitsbergen av 9. februar 1920, ifølge hvilken de nevnte øyer «aldri skal bli benyttet til militære formål». Disse handlinger fra den Norske Regjerings side kan den Sovjetiske Regjering ikke vurdere som annet enn *uvennlige overfor SSSR og uforenlig med Norges forpliktelser etter nevnte avtale*. Den Sovjetiske Regjering *kan ikke anerkjenne som legal* den Norske Regjerings handling ved overlattelse av Spitsbergenøygruppen og Bjørnøya til Atlanterhavsblokkens kommandos myndighet» (mine uth.)¹⁴⁵⁾

Regjeringa fann ikkje noko vesentleg nytt i den siste sovjetiske noten, bortsett frå ein skjerpt språkbruk, og kom til at det ikkje var turvande å gje noko skriftleg svar. Lange tok opp att det norske synet i Stortinget 1. desember.¹⁴⁶⁾

På NATO-rådsmøtet i november hadde Lange gitt ei oppsummering av notevekslingane med Sovjetunionen denne hausten, både om krigsgravene og Svalbard-spørsmålet. Det generelle siktemålet meinte Lange var å skremma («intimidate») og å stimulera opposisjonen mot NATO-politikken og gjenopprustinga. Konkret kunne russarane frykta at militære tiltak var under førebuing på Svalbard som ein del av NATO-planlegginga. I så fall var føremålet å oppnå ei forsikring («elicit assurance») om at dette ikkje var tilfelle. Men ein kunne heller ikkje utelukka at notane la grunnen for sovjetiske tiltak («actions») i nordområda. Det var registrert ein viss auke i sovjetisk marine- og handelsflåtetraffikk. Dei sovjetiske notane hadde tydeleg til siktemål å byggja opp folkeopinionen i Sovjetunionen og «satellittlanda» mot Norge, og såleis leggja eit psykologisk grunnlag for seinare – dersom og når den sovjetiske politikken skulle krevja det – å leggja ansvaret for det som måtte henda på den norske regjeringa, sa Lange.¹⁴⁷⁾

Også den norske Moskva-ambassaden gav sine vurderingar av «noteregnet fra Moskva». Ambassaden trekte parallellar med Tyrkia, som stod på terskelen til NATO-medlemskap, og hadde fått ein note 3. november. Notane til båe land tente generelt til å gjenta og understreka klagemåla om NATOs aggressive karakter, grunntesen i Sovjetunionens politiske propaganda, skreiv ambassaden, og heldt fram: «Men protestene til Norge og Tyrkia gjenspei-

ler sikkert også en reell sovjetisk bekymring for «innringning» og for fiendtlige flybaser i Nord-Norge og Tyrkia under en kommende krig. På den annen side har Sovjet-Samveldet neppe ventet seg noen direkte resultater av disse notene – annet enn i Norges tilfelle antakelig å se Svalbard fortsatt ubefestet». Russarane kan neppe ha rekna med å skapa noko opinionsomslag i Norge eller Tyrkia, men dei fann det likevel nødvendig å protestera «for the record», skreiv ambassaden, som altså vurderte notane noko mindre dramatisk og med større vekt på sovjetiske defensive motiv enn Utanriksdepartementet.¹⁴⁸⁾

Med eit par sovjetiske avisartiklar og Langes utgreiing i Stortinget ebba saka ut, og bortsett frå eit avisoppslag året etter vart det i fleire år stilt om Svalbard frå sovjetisk side.

Meir om motiva for notane

Utan tilgang til sovjetiske arkiv vil me ikkje få sikre svar på spørsmålet om motiva for notevekslingane hausten 1951. Nokre tankar kan ein likevel gjera seg. For det første kan ein spørja kvifor russarane venta så lenge – heile ni månader – med å protestera mot vedtaket om deltaking i Felleskommandoen. Ein skulle ikkje tru at den sterke uroa dei gav uttrykk for trong så lang mogningstid. Eit svar kan vera at Moskva avventa utviklinga i NATO-samarbeidet. Dette synte seg utover i 1951 å vera svært dynamisk, og let seg ikkje påverka av den etter kvart mindre spente situasjonen i Korea. Eit kjernepunkt i denne samanhengen er utan tvil utvidinga av alliansen med Hellas og Tyrkia, som vart vedteken hausten 1951. Samstundes slutta amerikanarane avtalar med Japan og andre Stillehavsland som sikra amerikansk militært nærvær i desse landa.¹⁴⁹⁾ Dermed kom det gamle russiske innestengingsproblemet for alvor i framgrunnen att. Med NATO sitjande ved Bosporus og Øresund, og amerikanarane i Japan og Korea, måtte utsiktene til ei militær utbygging av Svalbard og Nord-Norge fortona seg uhyre trugande. Me kan her minnast Molotovs samtale med Trygve Lie i Kreml i november 1944, då han midt på natta henta fram kartet, la neven først på Dardanellane, så på Øresund: «Her er vi stengt inne. Bare i nord er det åpning, men denne krig har vist at forbindelseslinjen til Nord-Russland kan bli avskåret eller vanskeliggjort. Det skal ikke gjenta seg i fremtiden.»¹⁵⁰⁾

Kvifor tok så ikkje Sovjetunionen opp att forslaga frå 1944 og 1946 om eit norsk-sovjetisk fellesstyre på Svalbard,¹⁵¹⁾ eller kom med forslag om andre bilaterale ordningar? Halvard Lange var i samtale med Arne Ording inne på at notane kanskje kunne vera eit forvarsel om sovjetiske krav om nye forhandlingar.¹⁵²⁾ Svaret synest å vera at Sovjetunionen ikkje hadde utsikter til å vinna fram med ein slik framstøyt, det ville snarare auka russarfrykta i Norge,¹⁵³⁾ føra til sterkare norsk oppslutnad om NATO og kanskje jamvel at dei vestlege stormaktene vart trekte direkte inn som Norges partnerar på Svalbard. Det beste russarane kunne gjera, var å understreka på ein kraftfull måte sine legitime, men defensive tryggingssinteresser i nord, for på den måten å få Norge til å halda fast på basepolitikken og såleis halda USA på ein viss avstand.

Me veit ikkje kor godt russarane var informerte om dei interne drøftingane i NATO og Norge. Men det er vel ikkje utenkjeleg at dei visste om at den norske basepolitikken på denne tid var under eit visst press. Ifølgje den danske forskaren Erik Beukel kom det i september 1951 forslag frå NATO-hald om fast stasjonering av NATO-jagarar og lette bombefly i Danmark og Norge.¹⁵⁴⁾ Arne Ording skreiv i dagboka si 17. oktober at basepolitikken var «det virkelig kritiske».¹⁵⁵⁾ Ording meinte ein stod i fare for å driva for langt: «Man må holde seg til regjeringens erklæringer.» Av dagboka synest det vidare som Ording rekna med at russarane kjende til at det var kome forslag om endring av basepolitikken, men dagboksnotatet er litt gåtefullt på dette punktet. Forslaget frå NATO vart i november 1951, igjen ifølgje Beukel, konkretisert til 450 fly, halvparten av desse skulle stå i Norge.¹⁵⁶⁾ Det er noko uklart kva den norske haldninga til desse forslaga var på det tidspunkt – Norge stod dessutan midt oppe i ei regjeringsendring. Den danske utanriksministeren, Ole Bjørn Kraft, meinte at ein på norsk side seinhaustes 1951 var innstilt på å fortolka seg bort frå notane til Sovjetunionen,¹⁵⁷⁾ men her finst ikkje andre kjelder som kan stadfesta eller avkrefta denne opplysninga. I alle fall, om russarane hadde mistankar i den lei, måtte det vera ekstra makt-påleggjande for dei å få nye forsikringar om basepolitikken og Svalbard.

Var det nokon samanheng mellom gravnotane og Svalbard-notane? Her må det igjen bli spekulasjonar. Lange var, som me har sett, sterkt inne på tanken om ei medviten «stemningsbearbei-

ding» av det sovjetiske folket mot Norge. Tankegangen var at russarane rekna med ei – i det minste diplomatisk – tilspissing av forholdet til Norge som følge av NATO-opprustinga. Kor omfattande konfliktane ville bli, var uvisst, men for alle tilfelles skuld var det best å gjera det heilt klart for sovjetfolket at det vennskapelege forholdet mellom dei to landa nå definitivt var slutt, og at det var den norske regjeringa si skuld.

Krigsgravkampanjen var nok retta mot eit *norsk* publikum og. Sovjetunionen kunne i denne saka rekna med sympati også frå mange ikkje-kommunistiske nordmenn, som tykte den norske regjeringa handla respektlaust og brukte tynne argument. Også i Utanriksdepartementet var det folk som meinte denne saka vart uheldig handtert.¹⁵⁸⁾ Ei viss «skuldkjensle» hos norske styresmakter overfor Sovjetunionen kunne føra til større norsk moderasjon i andre og viktigare saker. Russarane har mykje mogleg vore kjende med at leiande DNA-politikarar, mellom dei Einar Gerhardsen, var skeptiske til å gå for langt i NATO-politikken.

Men ein skal heller ikkje utelukka at krigsgravkampanjen hadde sine egne motiv. For det første ein ekte indignasjon over at sovjetiske krigsoffer vart vanæra, sjølv om enkelte nordmenn drog desse kjenslene i tvil med tanke på lagnaden til mange av dei overlevande medfangane då dei kom tilbake til heimlandet.¹⁵⁹⁾ For det andre ein irritasjon over at russarane på denne måten miste eit påskot til å kunna reisa til Nord-Norge og såleis følgja med i den militære utbygginga der. Frå norsk side vart det ikkje stukke under ein stol at eit viktig motiv var å flytta gravene bort frå militært område.¹⁶⁰⁾

Sovjetunionen og nordisk samarbeid 1949–51/52

Den skjerpte sovjetiske haldninga til Norge, markert gjennom notevekslingane, fall saman med varsame tendensar til ein ny sovjetisk politikk i spørsmålet om nordisk samarbeid, tendensar som likevel skulle syna seg å vera eit forbigåande fenomen.

Som me har sett, oppmuntra ikkje Sovjetunionen til noko nordisk forsvarssamarbeid i 1948–49. I tida etter NATO-alliansen kom i stand, var det eit hovudmål for sovjetisk diplomati å motarbeida alle former for svensk (og sjølvsaugt finsk) samarbeid med dei nordiske NATO-landa i spørsmål som kunne ha militær relevans. Russarane resonnererte her i tråd med analysen deira frå 1948–49, nemleg at eit nordisk samarbeid ville måtta gå føre seg

på «norske», dvs vestorienterte, premisser, og ikkje på den svenske alliansefridommens grunn. Dermed var det ikkje aktuelt å fremja nordisk samarbeid som motvekt til NATO i Skandinavia. Også overfor Sverige la Sovjetunionen opp til eit sterkt verbalt press. Ei lang rekkje avisartiklar i åra 1949–51 tok opp situasjonen i Sverige.¹⁶¹⁾ I artiklane vart det stadig hevda at den svenske regjeringa var under hardt press både frå dei vestlege stormaktene (som brukte m. a. utanriksminister Lange som sin agent) og frå vest-vennlege krefter innanlands for å gå med i NATO, og at forslag om «nordisk samarbeid» vart lanserte for på den måten å lura Sverige inn i vestleg samarbeid bakvegen.

Sommaren 1949 melde sovjetiske aviser om at det vart drive sams skandinaviske flåteøvingar og norsk-svenske heimevernsøvingar,¹⁶²⁾ og seinare vart det frå sovjetisk side hevda at svenskane selde våpen og finansierte militære prosjekt i Norge, og at felles svensk-norske komitear arbeidde for militær samordning på ymse felt.¹⁶³⁾

Isvestija spurde kva lit ein kunne festa til dei svenske erklæringane om ein alliansefri politikk så lenge landet hadde eit delvis militært samarbeid med Norge. «Elementær logikk tilseier at alt militært «samarbeid» mellom Sverige og landa i Atlanterhavspakta (...) gjer landet delaktig i den risikofylte politikken til dei aggressive blokkene.»¹⁶⁴⁾

Frå svensk side vart det lagt stor vekt på å tilbakevisa alle spekulasjonar om at Sverige var «på glid» bort frå alliansefridommen.¹⁶⁵⁾ Det er mogleg at desse forsikringane etter kvart har overtydd Moskva om at Sveriges line låg fast, og at risikoen for at fleire nordiske land skulle tippa over på vestleg side i militærpolitisk forstand var blitt mindre. Det kan også i sovjetiske auge ha gjort det forsvarleg å ta sjansen på ei varsam eksperimentering i Norden-politikken.

5. oktober 1951 kunne Stockholms-Tidningen melda at det hadde vekt oppsikt i diplomatiske krinsar «att den ryska ambassadören i Stockholm under vårens lopp gärna sett de norska och danska ambassadörarna som sina gäster tillsammans med en del framstående svenskar vid luncher och mottagningar. Vid dessa tillfällen har också den finske ministern varit med. Det vill alltså synas, som om ambassadör Rodionov genom nordiska sammankomster vill främja ett nordiskt samarbete, vilket formellt går stick i stäv med den officiella ryska propagandan».

Ei veke seinare trykte Isvestija ein kronikk av P. Grinin: «Folka i dei skandinaviske landa i kamp for freden».¹⁶⁶⁾ Utgangspunktet for kronikken var det kommunistisk-dominerte Verdsfredsrådet sin første regionale konferanse i Norden. I eit sentralt avsnitt heitte det:

«Det er allment kjent at leve- og arbeidsforholda til folka i Nord-Europa har mykje sams, og deira nære geografiske posisjon tilseier at det er føremålstenleg å samarbeida for å løysa ei rekkje problem, først og fremst problemet med fredeleg utvikling. Men fram til den seinaste tid har ideen om eit nordisk samarbeid blitt systematisk fordreia og brukt som påskot til å organisera (...) militærpolitiske blokker som står fiendslege overfor dei nordiske lands livsinteresser og deira nærmaste nabo på kontinentet – Sovjetunionen.»

Som døme på nordisk samarbeid «i reaksjonær forstand», dvs som tente den amerikanske imperialismen i Norden, nemnde Grinin planane om ei skandinavisk militærblokk, tollunion, nordisk riksdag og fellesnordisk statsborgarskap. Dermed hadde han i praksis fordømt nesten alle aktuelle forslag om nordisk samarbeid. Den *positive* forma for nordisk samarbeid vart ifølgje Grinin representert av fredskongressen og eit par nordiske kulturkongressar som hadde vedteke fråsegner i tolleg bra samsvar med den sovjetiske utanrikspolitiske lina.

Den norske Moskva-ambassaden, ved sin mellombels sjef Lars J. Jorstad, kunne likevel rapportera at artikkelen hadde «vakt atskillig oppmerksomhet blant observatører her»,¹⁶⁷⁾ Isvestija-artikkelen kunne, meinte dei, tyda på at visse former for nordisk samarbeid nå ville bli oppmuntra. «Grunnen er naturlegvis at Moskva er kommet til at et politisk enig men nøytralt Norden er å foretrekke for den nåværende situasjon med de tre vestlige nasjoner i gruppen direkte tilknyttet vestmaktens militærsystem. En herværende ambassadør uttrykker det slik: Det virker som om Moskva byr fram Finland til et ganske vidtgående samarbeid med sine naboer, hvis disse vil bryte med Atlanterhavspakten og gå tilbake til sin tradisjonelle nøytralitet», skreiv Jorstad. Ambassaden viste også til ein artikkel i det sovjetiske engelsk-språklege tidsskriftet News, der «nøytralitetsbestrebelse» m.a. i Norge og Sverige var omtala med «atskillig velvilje».¹⁶⁸⁾

Når ein les Isvestija-artikkelen isolert, synest observatørane sine

tolkingar å vera temmeleg vidtgåande. I ein rapport litt seinare frå den nykomne ambassadør Schive kom det fram ei meir skeptisk vurdering:

«Jo mer jeg leser de artiklene som er offentliggjort i Sovjet-Samveldet, (...) jo mer får jeg inntrykk av at de ideer som luftes, ikke tar sikte på noe nordisk forbund etter den opprinnelige svenske plan. Man tar jo avstand fra tiltak som tollunion og lignende og taler meget om at de enkelte lands selvstendighet må bevares. Meningen synes nærmest å være den at de nordiske land bør holde seg utenfor alle blokker, men drive et visst samarbeide for å fremme freden, som det heter. I et slikt samarbeide har et vepnet nordisk nøytralitetsforbund – ovenikjøpet med Finland som deltager – neppe noen plass.»¹⁶⁹⁾

Men ein må uvilkårleg spørja seg om andre opplysningar utover det som kom fram offentleg frå sovjetisk side kunne liggja til grunn for tolkingane. I det norske utanriksdepartementet sitt arkiv finst det eit notat (dessverre usignert) som viser til ein oberstløytnant i den finske Hufvudstaben, som etter samtalar med statsminister Erlander og forsvarsminister Nilsson i Stockholm i desember 1951 «erklærte å ha fått bekreftet at det hadde vært gjort tilnærmelser fra den russiske regjering via en lavere tjenestemann ved den russiske ambassade i Stockholm om mulighetene for et nordisk forsvarsforbund».¹⁷⁰⁾

Inntrykket av at Sovjetunionen hadde fått eit nytt syn på nordisk forsvarssamarbeid nådde nokså vidt ut etter kvart. I ei bok av den pensjonerte diplomaten Einar Maseng, *Det kløvde Norden mellom de store stater*, som kom ut i 1952, slo forfattere fast at «Sovjet ser nå med velvilje på et nordisk nøytralitetsforbund»¹⁷¹⁾ Også i Arne Ordings dagboknotat og i Dagbladet finn ein spor av slike spekulasjonar.¹⁷²⁾ Dei fekk næring ikkje minst etter eit utspel frå den finske statsminister Kekkonen. I ein tale som ikkje vart halden på grunn av sjukdom, men i staden offentliggjort i partiavisa Maakansa 23. januar 1952 (difor populært kalla pyjamas-talen) sa Kekkonen at den første føresetnaden for å kunna ta vare på freden i Finland var at freden også blei bevart i dei andre nordiske landa.¹⁷³⁾ Ein gjennomført og sikra nøytralitet – slik som den svenske – for desse lands vedkomande, var ifølgje Kekkonen av utprega interesse for Finland. Ein slik nøytralitet ville fjerna sjølv den teoretiske risiko for eit åtak mot Sovjetunio-

nen frå finsk territorium. Underforstått ville dermed og paragraf 1 i VSB-pakta missa sin aktualitet.

Dei sovjetiske kommentarane til pyjamas-talen var nesten udelte positive. Rett nok minte Pravda i sin første reaksjon – ved hjelp av sitat frå den finske kommunistavisa *Työkansan Sanomat* – om at svensk nøytralitet i praksis under krigen hadde vore til fordel for Hitler-Tyskland, og seinare for den anglo-amerikanske blokka.¹⁷⁴⁾ Men berre tre dagar seinare refererte same avis *utan kommentar* Stockholms-Tidningen på at Kekkonens appell om ein truverdig skandinavisk nøytralitet var i samsvar med svensk politikk, og var «stoff til ettertanke for de få, men høyrøstede svenske politikere som ved alle anledninger sier at Sveriges plass er i de store vestmaktens blokk».¹⁷⁵⁾ Pravda og *Isvestija* siterte, også denne gong utan kommentar, følgjande interessante formulering av den finske politikaren Nils Meinander (svenska folkpartiet): «Regeringen har nu genom statsministerens uppsedesväckande anförande sagt ifrån att den anser våra fredsinteressen bäst betjänas, om de övriga nordiska länderna orienterar sig nordiskt.»¹⁷⁶⁾

Som ein siste indikasjon på at det verkeleg var tale om ein sovjetisk prøveballong, kan eg nemna eit innlegg i utanriksdebatten i den svenske Riksdagen 27. februar 1952 av kommunisten Öhman, der han bad den svenske regjeringa gjera eit nytt forsøk på å få i stand eit skandinavisk forsvarsforbund. Statsminister Erlander avviste dette som eit reint taktisk utspel og minte om den kommunistiske motstanden mot skandinavisk forsvarssamarbeid i 1948–49.¹⁷⁷⁾ Det kan nok tenkjast, sjølv om det ikkje er sannsynleg, at dette var eit sjølvstendig svensk initiativ. Innlegget vart ikkje omtala i sovjetisk presse før indirekte i mai, då Öhman hadde skifta line og uttalte seg mot Nordisk Råd. Innlegget vart heller ikkje nemnt i Friheten. I det norske kommunistorganet er det vanskeleg å finna spor av noko nytt syn på nordisk samarbeid. Det er elles påfallande, utan at eg heilt veit kva ein skal leggja i det, at Friheten venta i over ein månad med å sitera Grinin-artikkelen i *Isvestija*.¹⁷⁸⁾

De nordiske NATO-landa viste inga interesse for å prøva eit nordisk forsvarssamarbeid på nytt, og på sovjetisk side kan ein spora ein retrett til det gamle standpunktet, først i eit åtak på Nordisk Råd i *Novoje Vremja*,¹⁷⁹⁾ og ikkje minst i ein større autoritativ artikkel i partiet sitt ideologiske tidsskrift *Bolsjevik* i juni 1952.¹⁸⁰⁾ Her blei igjen Sverige kritisert for ei tilnærming til

statar som høyrde til «den aggressive nord-atlantiske blokka» ved at landet gjekk inn i Nordisk Råd. «Sveriges tilslutning til det nordiske råd ble fulgt av en vill kampanje med sovjet-fiendtlig bakvaskelse, utspredning av provokatoriske rykter mot Sovjet-Samveldet og en opphisselseskampanje mot de progressive elementer», skreiv artikkelforfattaren, I. Andrejev. Rett nok kunne ein også konstatere «en nyvakt interesse for tanken om å vende tilbake til nøytraliteten, der som kjent har gamle tradisjoner i de skandinaviske lands utenrikspolitikk», og Kekkonens tale vart omtala i positive ordelag. Men det gjekk klart fram at det var den gamle, isolerte nøytraliteten og full fridom frå militæralliansar som var det positive alternativet til NATO.

Mange omstende kring denne saka er uklare, og den mest vidtgåande konklusjonen ein kan trekkja er at det gjorde seg gjeldande visse tilløp til eksperimentering med aktiv bruk av nordisk nøytralitet i sovjetisk diplomati kring årsskiftet 1951/52. Kor vidtrekkjande eksperimentet var eller ville ha blitt, og i kor stor grad det var ledd i ei utanrikspolitisk generalline, veit me ikkje. Ein kan likevel gjera seg visse refleksjonar kring denne episoden.

Det er ikkje vanskeleg å tenkja seg at russarane kunne ha motiv for å prøva nye vegar i Norden-politikken på denne tida. NATO-samarbeidet utvikla seg i stor fart. Amerikanarane hadde etablert seg på Island med base, og det norske og danske basestandpunktet var under press. Kva det påemna Nordisk Råd kunne utvikla seg til, må sett frå Moskva ha vore svært usikkert. Offisielt gav russarane uttrykk for at det var eit nytt forsøk på å trekkja dei nøytrale landa med i Vestblokka. Men sovjetisk utanriksleiing eller delar av den *kan* og ha kome til eit meir optimistisk syn på mindre lands evne og vilje til å hevda nøytraliteten, og som følgje av det vore viljug til å satsa på den som brekkstong mot sterkare vestorientering.

Sovjetisk utanrikspolitisk doktrine var på denne tid i støypeskeia. I april 1952 sa Stalin at fredeleg sameksistens mellom kapitalistiske og sosialistiske land var mogeleg,¹⁸¹⁾ eit forvarsel om den store artikkelen «Sosialismens økonomiske problem».¹⁸²⁾ Der hevda Stalin – i polemikk med «nokre kameratar», eit kodeord for indre strid i kommunistpartiet – at krig mellom kapitalistiske land var uunngåeleg, medan krig mellom kapitalistiske og sosialistiske land ikkje lenger var det. Samstundes var ein av parolane i

sovjetisk propaganda på denne tid å spela på «dei interne motsetningane i den kapitalistiske verda», det ville først og fremst seia å utnytta nasjonalistiske og nøytralistiske straumdrag i Europa mot USA.¹⁸³⁾ I den samanheng kunne det nok vera freistande å utnytta den gamle Norden-ideologien.

Me kan sjå ein interessant parallell i det vidtgåande og mykje omdiskuterte sovjetiske forslaget av 10. mars 1952 om eit samla, nøytralt og delvis gjenopprusta Tyskland.¹⁸⁴⁾ Sovjetiske Skandinavia-diplomatar har ofte Tysklands-bakgrunn, og det er ikkje utenkjeleg at dei same premisser og tenkjemåtar kan ha lege til grunn for diplomatiet båe stader.¹⁸⁵⁾ I ein artikkel i *Der Spiegel* vert det hevda at det i 1952–53 var ulike syn på Tysklands-politikken i sovjetisk toppleiing og utanriksteneste.¹⁸⁶⁾ «Nøytralitetslina» vart hevda m.a. av den politiske rådgjevaren for den sovjetiske kontrollkommisjonen i Tyskland, Semjonov, og hadde støtte frå Berija og Malenkov. Det er også mogeleg at det var delte meiningar i den sovjetiske utanriksleiinga om Norden-politikken. «There are two lines of thought» var svaret ambassadør Rodionov gav til kollega Schive i 1955, på spørsmål om kva slags nordisk nøytralitet russarane kunne tenkja seg – isolert eller i forbund.¹⁸⁷⁾ Sjølv om denne utsegna kom meir enn tre år seinare, då situasjonen var ein annan, kan ho vera interessant å notera seg nettopp fordi Rodionov var den sentrale personen i samband med «følarane». Det faktum at sjølvaste Bolsjevik-partiet sitt fremste tidsskrift for ideologiske og politiske spørsmål – vart teke i bruk for å setja tinga på plass i Skandinavia-politikken, er også ein peikepinn om at det kunne vera indre usemje til stades.

Når russarane så raskt fall tilbake til ei eintydig fordøming av nordisk samarbeid, kan det for det første ha samanheng med den svært lunkne interessa i Norge og Danmark for å venda tilbake til nøytraliteten. Landa heldt fast ved NATO og var med på å vedta vidtgåande opprustingsplanar på NATO-møtet i Lisboa i februar 1952. Reaksjonane på Kekkonsens tale var negative. For det andre vart det sovjetiske tilhøvet til Sverige tilspissa utover i 1952. Sovjetiske spionar var avslørte i Sverige, statsminister Erlander og ein framståande offiser, generalmajor Westring, reiste til USA, og sommaren 1952 vart det rein krise då svenskanne skulda russarane for å ha skote ned to svenske fly over Østersjøen.

Oppsummering

Den operative målsetjinga for sovjetisk Norden-politikk i 1948-49 var å oppnå eit framhald av den isolerte nøytraliteten for Norge og dei to andre skandinaviske landa, og dessutan å sikra seg tilstrekkeleg kontroll over Finland til at ein kunne vera sikker på at landet ikkje ville handla i strid med sovjetiske tryggingssinteresser. Det siste lukkast på tilfredsstillande måte, må ein tru, gjennom VSB-pakta i april 1948. I Skandinavia måtte derimot russarane akseptera endringar i uønskt lei, men det kan vera grunn til å rekna med at det endelege resultatet, Norge og Danmark i NATO og Sverige nøytralt, var det nest beste alternativet sett med sovjetiske auge. Det er etter mitt syn dokumentert at både eit skandinavisk forbund med vestgaranti etter norsk modell og NATO-medlemskap for alle tre landa vart rekna som uheldigare resultat av russarane. Dei verkar tydeleg letta når dei skandinaviske tingingane bryt saman og Undén erklærer at Sverige held fram med sin alliansefrie politikk.

Kva så med eit heilt alliansefritt, skandinavisk forbund etter svensk oppskrift? Det er ikkje teke med i denne oppstillinga av den enkle grunn at russarane, så langt eg kan tolka kjeldene, aldri tok det alvorleg. Russarane vurderte Skandinavia i eit stormaktsperspektiv. Historisk, ideologisk, kulturelt og politisk var dei skandinaviske landa nær knytte til Vesten. Vel så viktige var dei økonomiske bindingane til Storbritannia og USA, som etter sovjetisk vurdering var blitt endå fastare knytte gjennom Marshall-planen. Endeleg må me ta med dei «funksjonelle bindingane» mellom Storbritannia og Norge i militærpolitikken, som hadde røter tilbake til krigen. Eit samla skandinavisk forbund ville uvilkårleg gravitera mot vest, også militært, i ein krisesituasjon. Derimot kunne det vera ein viss sjanse for at Sverige, der nøytralitetspolitikken hadde djupast rotfeste og hadde kome styrkt ut av verdskrigen, kunne halda fast ved denne politikken om landet blei ståande aleine.

Omsynet til Finland må også ha tala imot å oppmuntra eit skandinavisk alternativ. Russarane ottast, sikkert med god grunn, at eit skandinavisk forbund ville ha langt større tiltrekningskraft på Finland enn ein atlantisk allianse. Om eit nordisk forbund, usannsynleg som det var sett frå Moskva, verkeleg blei allianse-

fritt, ville det likevel etter sovjetisk historisk røynsle få eit anti-sovjetisk preg og kanskje bli reiskap for ny finsk revansjisme dersom den internasjonale utviklinga igjen skulle setja Sovjetunionen i ein sårbar posisjon.

Dersom resonnementet er korrekt, er det og eit uttrykk for at russarane kjende seg underlegne i Skandinavia. Det var vestmaktene som hadde slike maktmiddel og ein slik utgangsposisjon at dei kunne tenkja på å knyta dei skandinaviske landa til seg i ein friviljug allianse. Sovjetunionen kunne berre oppnå kontroll over Skandinavia med makt. Korkje kjeldematerialet eller allmenne vurderingar tyder på at russarane hadde slike planar. Paktforslaget til Norge synest også å vera meir motivert av behovet for å dempa spenninga og få stadfest basepolitikken enn av ei målsetting om å trekkja Norge inn i ein sovjetisk interessesfære.

Den sovjetiske strategien i Skandinavia måtte difor bli «area denial» – å hindra at vestmaktene sikra seg strategiske posisjonar der. For russarane var sannsynlegvis utsiktene til basar i Norge det som vekte mest uro. Rett nok tilboud Stalin britane basar i Norge i 1941,¹⁸⁸⁾ men det var på eit tidspunkt då Sovjetunionen hadde nok med å overleva innan sine eigne grenser, før amerikanarane var blitt den leiande stormakta i vest, før den kalde krigen – og før atombomba. Etter mitt syn er det eit aksiom for sovjetisk Norgespolitikk frå den kalde krigen tek til i 1947 å unngå amerikanske basar i Norge, og ei eventuell norsk alliansetilknytning vart vurdert ut frå dette perspektivet. Det var ikkje NATO-medlemskapet i seg sjølv som uroa russarane, men dei konkrete militære følgjene det ville kunna få. Difor kan det godt tenkjast at russarane, på grunn av den norske baseforsikringa, var tolleg nøgde med resultatet av brytningsperioden i 1948–49 for Norges del.

Dette resonnementet impliserer at russarane bygde sin Norges- og Skandinavia-politikk i desse åra hovudsakleg på militærstrategiske premissar. Kjeldematerialet ber ikkje bod om at andre omsyn, til dømes ideologi, har spela noka større rolle, om ein då ikkje held seg til den degenererte stalinistiske versjonen at «det som er bra for Sovjetunionen, er bra for den internasjonale kommunismen». Dei einaste spora av ideologisk innverknad på politikken utanfor det propagandistiske planet kan ein sjå i den sterke vekta russarane la på den anglo-amerikanske *økonomiske* maktstillinga i Skandinavia, og at dei i nokon mon undervurderte

den nordiske nøytralitetstanken og nordisk samkjensle som sjølvstendig virkande krefter.

Det gjennomgåande trekket i Sovjetunionens politikk overfor Norge og Norden i tidbolken 1949–1951/52 er at russarane heldt oppe eit *verbalt press* for å markera sine interesser. Når det galdt Norge, ønskte russarane i størst mogleg grad å hindra norsk militær oppbygging i NATO, og dei freista fremja ei strengast mogeleg tolking av basefråsegna. Utbygginga av flyplassar på norsk område var det vanlegaste målet for sovjetisk kritikk, særleg flyplassane på Sola og i dei nordlege delane av landet. Stadige tilvisingar til at flyplassane kunne nyttast av tunge amerikanske bombefly tilsier at russarane ottast at Norge kunne spela ei rolle i ein offensiv amerikansk atomstrategi.

Det er etter mi oppfatning sannsynleg at det mest drastiske utspelet overfor Norge i perioden, nemleg Svalbard-noten i oktober 1951, hovudsakleg hadde sin bakgrunn i den sovjetiske vurderinga av den internasjonale situasjonen i eit større perspektiv. Gresk og tyrkisk NATO-medlemskap og utbygginga av amerikanske posisjonar i den fjerne Austen hadde gjort det sovjetiske innringingsproblemet akutt, og det var difor maktpåleggjande å førebyggja ei innestenging også i nord. Dersom russarane på denne tid har kjent til forslaget om stasjonering av amerikanske fly i Norge og Danmark, må dette berre ha forsterka uroa deira.

Den sovjetiske hovudinteressa for Sveriges vedkomande var å stogga alle tilløp til vestorientering på det militærpolitiske området, enten det var tilnærming direkte til dei vestlege stormaktene eller til dei skandinaviske NATO-landa, Norge og Danmark. Det sovjetiske resonnementet, som følgde tråden frå 1948–49, var at eit nordisk samarbeid ville måtta gå føre seg på «norske» – dvs vestorienterte – premisser, og ikkje på den svenske alliansefridomms grunn. Berre i ein kort periode ved årsskiftet 1951/52 kan ein merka tendensar til omvurdering av dette synet.

Ut frå denne oppsummeringa er det rimeleg å konkludera med at «Koht-doktrinen» gir den beste forklaringsmodellen på sovjetisk politikk i Norge og vel også resten av Norden i tidsrommet eg her har teke for meg (dermed er det ikkje sagt noko om i kva grad denne teorien er gyldig over lengre tid og under andre omstende). Det sovjetiske politiske presset mot Norge sette inn og utvikla seg i takt med norsk vestorientering, og dei sovjetiske pressereaksjo-

nane og notane hadde som hovudsiktemål å hindra eller avgrensa eit vestleg stormaktsnærvær i Norge. Særleg illustrerande er den sterke vektta russarane la på basespørsmålet. Meir enn sjølv å flytta fram sine posisjonar på den skandinaviske halvøya, ønskte russarane å halda vestmaktene på avstand og unngå at Skandinavia vart ledd i ei militær innringing av Sovjetunionen. Denne målsetjinga vart delvis oppfylt – om resultatet sett frå Moskva ville blitt betre med ein annan framgangsmåte, er eit ope spørsmål.

Notar

1. Artikkelen er bygd på ei hovudoppgåve i historie: *Sovjetunionen og norsk tryggingpolitikk 1948–1959*, Universitetet i Bergen hausten 1983.
2. Uttrykket er henta frå ein artikkel av den danske professor Bj. Nørretranders i *Internasjonal Politikk*, nr. 1, 1964, «Sovjetunionens Norden-politik». Sjå særleg s. 30–31. Halvard Lange: tale i Studentersamfunnet i Bergen 7/9 1951, si tale i Studentersamfunnet i Bergen 7/9 1951, sitert i *Norsk utenrikspolitikk etter 1945* (Oslo 1952), s. 219–220
3. Sjå O. Riste: «*London-regjeringa*», b. II (Oslo 1979), s. 336, 372 og 395
4. Sjå t.d. M. Dau: *Danmark og Sovjetunionen 1944–1949* (Kbh. 1969), N.M. Udgaard: *Great Power Politics and Norwegian Foreign Policy*, (Oslo 1973), G. Krane: «Norge i sovjetisk politikk overfor Norden», notat 7/10 1955, UDs arkiv doss. 33.6/14.
5. Krane, op.cit. Sjå også E. Danielsen: *Norge-Sovjetunionen*, (Oslo 1964), s. 249–252
6. Dau, op.cit., s. 176
7. G. Krane: «Nordisk samarbeid i sovjetisk fortolkning», *Int. Politikk*, nr. 4, 1954, s. 91
8. Dau, op.cit., s. 178
9. Artiklar i Trud 2/3 1947, Novoje Vremja nr. 11, 1947, Nyheter frå Sovjetunionen 14/4 1947 og Krasnyj Flot 11/6 1947. Frå Johan Jørgen Holsts arkiv (JJH)
10. Trud, Novoje Vremja, Kr.Flott, op.cit.
11. Kr.Flott, op.cit, s. 91–93.
12. Om Bevin-planen sjå K.E. Eriksen: *DNA og Nato* (Oslo 1972), s. 29–71, M. Skodvin: *Norden eller NATO?* (Oslo 1971), s. 66–89, T. Bergh og H. Pharo (red): *Vekst og velstand*, op.cit., s. 196–197 og Lundestad/Eriksen: *Kilder til moderne historie I* (Oslo 1972), s. 44–60
13. Kr.Flott 6/2 1948, i UD doss. 25.7/9
14. Pravda 8 og 11/12 1948
15. Ju.Golosjubov: *Skandinaviya i problemy poslevoennoj Evropy* (Moskva 1974), s. 62
16. Isvestija 6/2–48, Pravda 6, 8, 9 og 10/2–48, Kr. Svesda 7/2–48
17. Skodvin, op.cit., s. 96–99
18. Smst., s. 93–96
19. Smst., s. 95–96. UD doss. 25.2/63, jnr. 7419
20. Skodvin, op.cit., s. 96, UD doss. 25.2/63
21. Samtale m/Ole Ålgård, som då var 2. sekretær på Moskva-ambassaden
22. K. Enholm: *Ført bak lyset – 30 år med NATO* (Oslo 1979), s. 80
23. Samtale med Ole Ålgård

24. Skodvin, op.cit., s. 97
25. Sjø t.d. VG 8/10 1965, Enholm op.cit., s. 79–84, 120–124
26. J.Vogt: «Et uoppklart falskneri», Dagbladet 28/8 1983, Skodvin, op.cit., s. 101
27. Skodvin, op.cit., s. 97
28. M Jakobsen: *Finlands vei* (Oslo 1969), s. 55
29. Smst. s. 58
30. Smst. s. 62–63, INH Dörfer: «Stalins nordiska balans», *Int Politikk*, nr 2, 1965, s. 139, K. Skyttä: *Urho Kekkonen* (Sth. 1970), s. 100–101
31. Smst., dessutan Skodvin, op.cit., s. 108
32. Isv. 13/4 1948, sit. i Dau, op.cit., s. 182
33. Skodvin, op.cit., s. 117–122, Lundestad/Eriksen, op.cit., s. 56–60
34. Rapport frå amb.i Moskva 16/3 1948, UD doss. 25.2/63, jnr. 8991
35. Sjø tidl.
36. Trud 13/5 1948, UD doss. 38.3/3
37. Pravda 16/5 1948
38. Novoje Vremja 21/1948 (19/5), UD 40.10/99
39. Vetsjernjaja Moskva, 29/5 1948, UD 38.3/3
40. Rapport frå Aas til UD 5/6 1948, UD 25.2/63
41. Skodvin, op.cit., s. 163–164
42. Sjø t.d. Trud 12/8 1948, Novoje Vremja 1/12 1948 (UD 38.3/3), dessutan *Isvestija* 2/12 1948
43. M.D. Shulman: *Stalin's Foreign Policy Reappraised* (Camb., Mass., 1963), s. 20
44. Smst. s. 51 ff.
45. Skodvin, op.cit., s. 231–232
46. *Literaturnaja Gaset*a 12/1 1949, UD 25.2/72i
47. Rapport frå Moskva-ambassaden 13/1 1949, UD 25.2/72i
48. Pravda 16, 25, 31/1, 3, 5, 7, 18, 21, 27 og 28/2 1949. Kr.Svesda 21/1 1949, Trud 25/1 1949. UD 25.2/72i
49. Eriksen, op.cit., s. 234
50. Friheten, 26/1 1949
51. Pravda 31/1 1949
52. Skodvin, op.cit., s. 242
53. JJHs arkiv
54. Pravda 10/1 1949
55. JJH og UD 38.3/3, jnr. 2560. Datering manglar, sannsynlegvis 15/1 1949
56. Friheten, 21/1 1949
57. Skodvin, op.cit., s. 279
58. Smst., s. 284 ff.
59. Sit. etter J.J. Holst: *Norsk sikkerhetspolitikk* II (Oslo 1967) s. 65
60. Rapport frå Moskva-amb. 30/1 1949, UD 25.2/72i, Novoje Vremja 6, 1949, bilag
61. Sit. etter Holst II, s. 66
62. Skodvin, op.cit., note til s. 206
63. Smst., s. 228
64. Smst., s. 324–325
65. Samtale med Einar Gerhardsen
66. Ordings dagbok 13/1 1949
67. Innlegg på symposium, Forsvarshistorisk forskningscenter, 10/8 1983
68. Rapportar frå Moskva-amb. 31/1, 3/2 og 10/2 1949. UD 253.2/72i
69. Rapport frå Moskva-amb. 3/2, op.cit.
70. Ordings dagbok 2/2 1949, F. Castberg: *Minner* (Oslo 1971), s. 159–160

71. Sjå tidl.
72. Sitert etter Holst II, s. 8
73. Smst., siste delen bør meir presist lyda: «militære baser og væpnete styrker», orig. i UD 25.2/72i, jnr. 4337
74. Sitert etter Holst II, s. 69
75. Castberg, op.cit., s. 161, 164. Ifølgje Castberg var det berre eksp. sjef Anker som støtta han i dette synet
76. Rapport frå Moskva-amb. 16/2 1949. UD 25.2/72i, jnr. 5447
77. *Foreign Relations of the US*, (FRUS) vol. IV, 1949, s. 65
78. Smst., s. 72-73
79. Sitert etter Holst II, s. 69-70
80. Sjå tidl.
81. T. Halvorsen: *NKP i krise* (Oslo 1981), s. 273
82. Sjå tidl.
83. Sitert etter Holst II, s. 67
84. *Novoje Vremja* 8, 1949
85. Sjå t.d. *Novoje Vremja*-artikkel sitert i *Aftenposten* 11/11 1965
86. Krane, 7/10 1955, op.cit., s. 6
87. J. Åmlid: *Ut av kurs* (Oslo 1966), s. 55-56
88. Rapport frå Moskva-amb. 3/2 1949, op.cit.
89. Eriksen, op.cit., s. 218
90. Lundestad, op.cit., s. 319, note 80, *Ordings dagbok* 22/2 1949, FRUS vol. IV, 1949, s. 70
91. *Friheten* 22/2 1949. *Ordings dagbok* same dato
92. Rapportar frå den norske legasjon i Helsinki 19/1 og 14/2 1949. UD 38.3/3
93. *Friheten*, 21/1 1949
94. H. Lange: *Norges vei til NATO* (Oslo 1966), s. 44
95. Notat 21/3 1949, UD 25.2/72i. *Ordings dagbok* 19/3 1949
96. Notat 21/3 op.cit.
97. For ei kritisk vurdering av sovjetisk militær styrke i slutten av 40-åra, sjå M.A.Evangelista: «Stalin's Postwar Army Reappraised», *International Security*, vinter 1982/83, vol. 7, no. 3
98. M. Djilas: *Samtaler med Stalin* (Oslo 1962), s. 146
99. *Ordings dagbok*, 19/3 1949
100. Rapport frå Moskva-amb. 6/4 1949, UD 25.2/72i
101. Rapport frå S. Nielsen i Washington 15/2 1949. UD 25.2/72i, jnr. 6253
102. Smst., dessutan rapport frå den norske ambassade i Washington 21/2 1949, UD 25.2/72i, jnr. 6408
103. *Novoje Vremja* 15 (6/4) og 16 (13/4) 1949. UD 40.10/99 og JJH
104. Rapport frå Moskva-amb. 1/5 1949, UD 25.2/72i, jnr. 14914
105. Rapport frå Moskva-amb. 13/4 1949. UD 25.2/72i, jnr. 12813
106. *Pravda* 18/12 1949, *Kr.Flott* 1/8 1950 (JJH), *Kr.Svesda* 18/8 1950, UD 25.2/72i, også *Friheten* 19/8 1950. Sjå også *Nov Vremja* 39, 1950
107. O. Riste: «Was 1949 a Turning-point?», *FHFS Notat*, nr. 6, 1983, s. 20. Utgitt i O. Riste (ed.), *Western Security: The Formative Years. European and Atlantic Defence 1947-1953*, Universitetsforlaget 1985
108. Smst. s. 25, dessutan i R. Tamnes: «Norway faces the New Cold War», *FHFS Notat*, nr. 7, 1983, s. 4. Se også i *Western Security*, op.cit.
109. *Isv.* 6/10 1949
110. Smst.
111. *Kr.Svesda* 18/8 1950, sit. i *Friheten* 19/8
112. T.d. *Isv.* 19/8 og 6/10 1949, 4/4 1950

113. Kr.Flott 18/11 1949
114. Holst II, s. 19
115. Kr.Flott 14/6 1949, sit. i Friheten 17/6, sjå også Kr.Svesda 18/8 1950
116. Nov.Vremja 51, 1950 (20/12)
117. Isv. 6/10, 1949
118. Isv. og Pravda 24/9 1950
119. Nov. Vremja 2, 1951 (10/1)
120. Smst., 33, 1950 (16/8)
121. Sjå St.prp. nr. 20, 1951
122. Sjå t.d. Kr.Svesda 28/2 1949, UD 33.6/9
123. Pr 11/2 1951
124. I det sovjetiske materialet eg har gått gjennom vert dei avlidne russarane aldri omtala som krigsfangar, men som «soldatar som fall i kampen for frigjeringa av Norge»
125. Amb. Ivar Lunde har i samtale opplyst at russarane klagar over dette alt i 1946
126. Isv. 11, 21/9, 4, 7, 20/10 1951
127. Nov. Vremja 42, 1951 (17/10)
128. Isv. 2/10 1951
129. Norske notar 10/10 (ref. i Arb. bl. dagen etter) og 9/11 (ref. i Arb. bl. same dag). Sovj. note 31/10 (ref. i Isv. dagen etter)
130. Siste registrerte åtak i Pravda 26/12 1951 og Kr. Svesda 11/4 1952
131. Isv. og Pravda 9/7 1953. I tillegg til notetekstane er Y. Ustvedt: *Velstand og nye farer*, (Oslo 1979) brukt som grunnlagstoff for dette avsnittet (s. 37–39)
132. Rapport frå Moskva-amb. 16/10 1951, UD 33.6/9, jnr. 2347. Omstenda var nok litt meir dramatiske. Ambassadør Helgebye hadde fått slag, og ambassaden hadde bede russarane om ambulansefly for å senda han heim. Då førstesekretær Vennemoe troppa opp i det sovjetiske utanriksdepartementet, vart han overraskande møtt av sjølvaste utanriksminister Vysjinskij. Han var «meget aimabel» og forsikra at ambulansefly skulle det bli. Men så, fortel Vennemoe, skifta han uttrykk og las opp den skarpe noten
133. Sit. etter Holst II, s. 72–73
134. Smst. s. 74
135. Smst.
136. Aftenposten, 16/10 1951
137. Melding til amb. i Washington, London, Paris og FN, udatert, UD 33.6/9, jnr. 2285
138. Ordings dagbok, 19/10 1951
139. Rapport frå sysselmannen på Svalbard 22/10 1951, med påfølgjande udatert telegram, UD 33.6/9, jnr. 2371
140. Ordings dagbok, 6/11 1951
141. Sjå tidl.
142. Pravda 28/10 1951
143. Sjå under: «Meir om motiva for notane»
144. Sit. etter Holst II, s. 75–76
145. Sit. etter Holst II, s. 77–78
146. St.tidende, 1951, s. 2490
147. Innlegg på NATO's rådsmøte i Roma 24/11 1951, UD 33.6/9
148. Rapport frå Moskva-amb. 29/11 1951, UD 33.6/9, jnr. 2780
149. Shulman, op.cit., s. 177, Isv 11/9 1951
150. T. Lie: *Hjemover* (Oslo 1958), s. 139
151. Sjå Riste II, op.cit., s. 315–339, Udgaard, op.cit., s. 196–202

152. Ordings dagbok 30/10 1951
153. Den sterke sovjetiske interessa for norsk deltaking i operasjonane i Finnmark i 1944 kan tolkast som eit forsøk på å motverka «russefrykta» som russarane neppe var uvitande om, korkje den gongen eller i 1951. Sjå O. Riste: «Stormaktene og nordkalotten 1940–1945» i *Motstandskamp, strategi og marinepolitikk* (Oslo 1972), s. 55–56
154. E. Beukel: «Norges basepolitik – nogle overvejelser i Arbejderpartiets ledelse», *Int. Politikk*, nr. 3, 1977, s. 485–486
155. Ordings dagbok, 17/10 1951
156. Beukel, op.cit., s. 486
157. Smst., note 6
158. Ordings dagbok 18/9 og 7/10 1951. Dessutan samtale med Georg Krane
159. Innlegg av H.S. i Arb. bladet 11/10 1951
160. Arb.bl. 11/10 1951 (norsk note)
161. T.d. Pravda 12/3 1950 og 25/6 1950, Isv. 19/10 1949, Novoje Vremja 23 og 38, 1950 og 4, 13, 13, 25 og 41, 1951
162. Pravda og Kr.Svesda 17 og 24/6 1949, Isv. og Kr.Svesda 18/6 1949, UD 25.2/72i
163. Novoje Vremja 4 og 25, 1951
164. Isv. 19/10 1949
165. Erlander: *1949-54* (Sth. 1974), s. 108 ff.
166. Isv. 28/12 1951
167. Rapport frå Moskva-amb. 7/1 1952, UD 33.6/9, jnr. 91
168. Smst.
169. Rapport frå Moskva-amb. 1/2 1952, UD 25.3/28, jnr. 4662
170. Notat 21/12 1951, ikkje underskrive, UD 25.3/28. Oberstløytnanten var K. Lehmus, som seinare vart byråsjef i det finske forsvarspartementet og ei kort tid forsvarsminister i eit forretningsministerium. Han vart avsett i 1958 etter ein korrupsjonsskandale – kanskje ein grunn til ikkje å rekna han for ei særleg pålitelig kjelde?
171. E. Maseng: *Det kløvde Norden mellom de store stater* (Oslo 1952), s. 157
172. Ordings dagbok 7, 15 og 26/1 1952, Dagbladet 8/2 1952
173. Talen sitert i Kekkonen: *För fosterlandet* (Hels. 1955), s. 195 ff. 174. Pravda 27/1 1952
175. Pravda 1/2 1952
176. Origin. art. i Nya Argus, Hels. 1/2 1952, UD 25.3/28, sitert i Pr. 11/2 og Isv. 12/2 1952
177. N. Andren, Å Landqvist: *Svensk utrikespolitik efter 1945* (Sth. 1965), s. 117 ff.
178. Art. stod i Isv. 28/12 1951, i Friheten 30/1 1952
179. Nov. Vremja 22, 1952
180. Bolsjevik, nr. 11, 1952 (juni)
181. Nov. Vremja 15, 1952
182. Norsk utgåve på Oktober forlag, Oslo 1975, sjå s. 83–87
183. Shulman, op.cit., s. 176–187
184. Sjå T.W. Wolfe: *Soviet Power and Europe* (Baltim. 1970), s. 27 ff. og R. Fritsch-Bournazel: *Die Sowjetunion und die deutsche Teilung* (Opladen 1979), s. 51–53
185. Sjå biografiar over M.G. Gribanov, N.M. Lunkov, G.M. Pusjkin og V.S. Semjonov i *Diplomatitsjeskij slovar'* (Moskva 1971–73)
186. H. Höhne: «Berija wollte die DDR liquidieren», *Der Spiegel*, 24, 1983
187. Rapport frå amb. i Stockholm 7/12 1955, UD 25.7/9, jnr. 30071
188. Riste I, op.cit., s. 79–80

Soviet Policy towards Scandinavia 1948–1952

The ultimately unsuccessful Scandinavian project for a neutral defence alliance, which was discussed at official levels in 1948–49, met with no encouragement from the Soviet Union. The Soviet view was that such an alliance, due to the basic pro-Western attitude of the Scandinavian countries, especially Norway and Denmark, and Anglo-American economic preponderance in the area, would gravitate towards the Western powers, and consequently be an adversary in the event of war. A Scandinavian alliance would also attract Finland, with which the Soviet Union had in 1948 signed a pact aimed at preventing any future attack on the Soviet Union from Finnish territory.

In 1948–49, Soviet policy in Scandinavia concentrated on two objectives: First, to preserve Swedish neutrality in its previous, isolated form. This was also the Soviet «maximum objective» with regard to Norway, the strategically most important country of the region. This being an unrealistic aim, however, the Soviet government rather tried to diminish the concrete military consequences of Norwegian NATO membership. Through an exchange of notes in January–March 1949, the Soviet government obtained assurances from its Norwegian counterpart that Norway would not allow foreign bases on her territory unless being under attack or threatened by attack. A Soviet offer of a non-aggression pact was, however, turned down by the Norwegians. Such a pact was probably mainly intended to nail down formally and bilaterally the Norwegian self-proclaimed restrictions.

The Soviet strategy in Scandinavia was one of area denial, to prevent the Western powers from acquiring strategic positions, especially bases for atomic warfare against the Soviet Union. Soviet policy in this particular period can thus best be explained within the framework of the so-called «Koht-doctrine». This theory, most clearly formulated by Foreign Minister H Koht in London in 1940, holds that the main objective of Soviet policy with regard to Norway is to avoid that its territory is used by other great powers as a springboard for attack against the Soviet Union, and that an independent Norway is in Soviet interest. There is no evidence that the Soviets tried to push their positions forward in

Scandinavia, through military or other means, and they were probably not even in the position to entertain such plans.

The outcome of the Scandinavian process of reconsideration in security policy was not wholly unsatisfactory to Moscow. During the first years after the formation of NATO, the Soviets employed strong verbal pressure through the media to preserve the two most important positive elements – seen from Moscow – of the Scandinavian strategic situation: Sweden's neutrality and Norway's base restrictions.

In the autumn of 1951, pressure on Norway was increased even further through a strong press campaign and two sets of notes, concerning the treatment of Soviet war graves in Norway and the alleged militarization of Spitsbergen. The main motive for this pressure must be found in rising Soviet fears of encirclement. The Americans had recently established themselves on a permanent basis in Greece, Turkey, Japan and Korea, and NATO officials requested the Norwegian and Danish governments to reconsider their base restrictions.

This feeling of encirclement may also account for the vague, and still not satisfactorily documented, Soviet attempt made in 1951/52 to revive the question of a neutral alliance, as a lever to weaken Scandinavian ties to the Western powers. This «trial balloon», which may also have had some connection with the Soviet proposal of March 1952 for a neutralized and rearmed Germany, did not get much positive response in Scandinavia, and the Soviets soon returned to their old position of unconditional condemnation of all forms of Nordic cooperation.

Atomrasling og avspenning

Sovjet og norsk tryggingsspolitikk 1953–1958

«Den norske regjeringa set ut i livet vidtfemnande tiltak for å byggja marine- og flybasar i delar av Nord-Norge som grensar til Sovietunionen. Desse anlegga er av ein karakter som ligg svært langt frå krava til forsvar – dei samsvarar fullt og heilt med dei amerikanske militære sjefane sine aggressive siktemål».

Pravda, 28. des. 1952

«Me kan ikkje anna enn helsa velkommen dei nøkterne utsegnene frå herrane Gerhardsen og Hansen, statsministrar i Norge og Danmark. Dei har teke omsyn til sine folks nasjonale interesser, og nekta å utplassere rakett- og atomvåpen i sine land».

N. S. Khrustsjov, 21. des. 1957

Innleiing

Det fem år lange tidsspennet mellom desse to sitata rommar store hendingar og omskifte, både i tilhøvet mellom stormaktene og mellom Sovjetunionen og Norge. Stalin døydde i mars 1953, og etter eit par års maktkamp stod Khrustsjov fram som den nye sterke mann i Kreml. Hans første tid var merkt av ein tøyversperiode med minska internasjonal spenning og aukande kontakt mellom austlege og vestlege statsmenn.

Men med Ungarn- og Suez-krisene hausten 1956 fekk avspenninga eit tilbakeslag. Samstundes kom spørsmålet om utplassering av nye atomvåpen til å spela ei større rolle i aust-vest-konflikten, også i forholdet mellom Sovjetunionen og Norge.

Denne artikkelen¹⁾ vil freista gje ei framstilling av sovjetisk politikk overfor Norge (og til dels Norden) på det tryggingsspolitiske området i denne tidsperioden, med vekt på følgjande pro-

blemstillingar: I kva grad skjedde det endringar i form og innhald i Sovjetunionens Norges-politikk i tida etter Stalin, og korleis kom dei eventuelt til uttrykk? Var denne politikken ein refleks av den sovjetiske utanrikspolitiske generallina, eller kan ein tala om ein spesifikk Norges- eller Norden-politikk? Korleis reagerte sovjetisk diplomati på den nye utfordringa som ei mogleg utplassering av atomvåpen i Norge og andre vest-europeiske land innebar?

Artikkelen tek utgangspunkt i Stalins død i mars 1953, og strekkjer seg fram til Gerhardsens kjende Paris-tale i desember 1957 og utviklinga i den nærmeste tida etterpå.

Malenkov/Molotov-perioden

Josef Stalin døydde 5. mars 1953, etter over 30 år i sovjetisk toppleing, størstedelen av tida som suveren einherskar. Han let etter seg eit stort tomrom i Kreml, og dei to første åra etter Stalin må nærmast kallast eit interregnum. Ingen klar arvefølgjar stod fram. Truleg var det statsminister Malenkov og ikkje minst utanriksminister Molotov som i desse åra hadde mest å seia over utanrikspolitikken.

Dei første kommentarane til norsk *forsvars- og basepolitikk* i tida etter Stalin bar ikkje bod om grunnleggjande nye sovjetiske synspunkt. Likevel vart det lagt merke til at dei sovjetiske artiklane hadde ein noko mildare tone enn før. Dette var tydeleg i ein Isvestija-artikkel 1. juli 1953, der ladde uttrykk som «dei amerikanske imperialistane og deira lakeiar» og «den aggressive Atlanterhavspakta» etc. var erstatta med meir nøytrale formuleringar. Dette var ikkje noko særtrekk ved kommentarane som galdt Norge. Språkbruken overfor Vesten var på denne tid relativt moderat, og russarane streka ofte under at tida no var inne til å minska den internasjonale spenninga. I tillegg til dette var det to endringar som fall i augo. For det første vart NATOs militærutbygging ikkje lenger fordømt primært som ledd i åtaksplanar mot Sovjetunionen, men fordi den stod i motstrid til arbeidet for fred og internasjonal avspenning. For det andre var det, i sterk motsetnad til dei føregåande artiklane, praktisk talt ingen kritikk av norske og danske politikarar.

Ansvar for NATO-aktiviteten i Skandinavia vart lagt på

«NATOs militære klikk», som brukte press og skremslar for å få sin politikk gjennom.

Artikkelen i *Isvestija* vart retningsgjevande for sovjetiske pressekommentarar i tida som følgde.²⁾ Det er neppe rett å tala om nokon ny sovjetisk analyse av den politiske situasjonen i Norge og forholdet mellom Norge og USA. Men ein kan registrera ei *vektforskyving* i retning av at russarane konsentrerte seg meir om amerikansk press på Skandinavia, dempa kritikken av regjeringane og framheva oftare ikkje-kommunistisk motstand mot NATO-politikken.

Kva så med omtalen av militære tiltak i Norge? Her kan ein for det første slå fast at russarane i prinsippet ikkje gav opp den gamle påstanden om at det var basar for amerikanarane i Norge. I ein sovjetisk note til vestmaktene 5. november 1953 er Norge nemnt blant dei land der det er oppretta militære basar «i område som grensar opp mot Sovjetunionen».³⁾ Den forandringa ein kan finna, er at kritikken av norsk basepolitikk fekk ei meir *presis* og *nyansert* form enn før, då bygginga av flyplassar i Norge, til dømes, gjerne automatisk vart sidestilt med etablering av amerikanske basar. Når Krasnaja Svesda hevda at flyplassane Sola og Gardermoen var sette i stand i samsvar med Pentagons planar,⁴⁾ var dette ein påstand som trefte nær blinken. I oktober 1952 hadde nemleg Norge og USA inngått avtale om å utstyra nettopp desse to flyplassane med tanke på å yta støtte til Strategic Air Command i tilfelle krig.⁵⁾ Same avis tala 20. april 1954 om ei ny «form» for etablering av amerikanske basar i Skandinavia: «Den «nye form» består i at basene som tidligere skal betraktes som danske eller norske, men de skal kompletteres med amerikanske spesialister og amerikansk utstyr slik at de når som helst skal kunne ta imot amerikanske luftstridskrefter. I tillegg skal «allierte» eller rettere amerikanske flygere komme på lengre «visitter» til disse flyplassene for å gjøre seg kjent med dem».

Denne framstillinga av basepolitikken skilde seg eigentleg ikkje så mykje ut frå forsvarsminister Hauges basepresisering i 1951, og kunne sjåast som eit teikn på at norske og sovjetiske styresmakter i større grad enn før snakka same språk i basespørsmålet, om standpunkta framleis var ulike. Noka eksplisitt sovjetisk *anerkjening* av den norske basepolitikken kan ein knapt tala om. Nærast i så måte kom kommentatoren Rysakov vinteren 1955, då han

trass i sterke reservasjonar likevel karakteriserte norske og danske basefråsegner som «eit positivt teikn». ⁶⁾

Når det galdt nordisk samarbeid, som russarane ved fleire høve tidlegare hadde fordømt, var det ikkje teikn til nye tonar frå Moskva. Den mest representative kommentaren frå sovjetisk side til spørsmålet var ein lang artikkel i partitidsskriftet *Kommunist* i byrjinga av 1954. ⁷⁾ Artikkelforfattar var I. Andrejev, som også hadde skrive om nordisk samarbeid to år før. Andrejev tok opp att karakteristikken av Nordisk Råd som ein freistnad på å leggja til rette for ei militærpolitisk samling av Skandinavia og svensk tilknytning til NATO – noko som stod i strid med avspenninga. Andrejev fann det rimeleg at den finske regjeringa ikkje hadde gått med i Nordisk Råd. Sovjetiske diplomatar i Finland stadfeste at *Kommunist*-artikkelen var i samsvar med det offisielle synet. ⁸⁾ Standpunktta vart følgde opp i ein ny større Rysakov-artikkel i *Isvestija* 27. juni 1954, og same skribent fordømde Nordisk Råd så seint som i mars 1955. ⁹⁾

Kommunist-artikkelen er også interessant fordi han er den første breie sovjetiske kommentaren til rørsla for «det tredje standpunkt» i Norge og andre skandinaviske land, som i Norge fekk eit samlingspunkt i avisa *Orientering* i 1953.

Sovjetiske aviser hadde i 1953–54 referert fleire krav frå ikkje-kommunistisk hald om brot med NATO-politikken. I februar 1953 hadde *Novoje Vremja* meldt Karl Evangs NATO-kritiske bok *Mere frimodighet*. ¹⁰⁾ Evang vart omtala som «a voice of common sense», men mildt kritisert for ikkje å leggja fram eit samanhengande «positivt alternativ» til den farlege regjeringspolitikken – eit slik alternativ var det underforstått berre kommunistane som hadde.

Kommunist-artikkelen i 1954 greip fatt i at ein del av «sosialdemokratane og dei borgerlege liberale» i *Orienterings*-krinsen fremja ein skandinavisk allianse som eit slikt «positivt alternativ». Dette vitna om at den politiske tenkinga deira ennå ikkje hadde fridd seg frå dei farlege og falske sjablongane som amerikansk propaganda hadde skapt, skreiv Andrejev:

«Til desse sjablongane høyrer framfor alt den gjengs påstanden om at omgrepet «nasjonal suverenitet» er forelda. (...) Medan dei protesterer mot freistnadene frå NATO-strategane på å trø

den nasjonale suvereniteten i skiten, tilrår einskilde av dei skandinaviske nøytralitetstilhengjarene samstundes landsmenene sine (...) å gå inn i ei ny «blokk» eller «union».

Andrejev gav deretter ei lang historisk framstilling av arbeidet for nordisk militært samarbeid, og konkluderte med at dette alltid var blitt utnytta av aggressive krinsar i strid med freden. Når fordøminga av alle former for nordisk samarbeid heldt seg så sterk, kan det ha samband med mistankar om at ymse praktiske nordiske samarbeidstiltak kunne ha militær relevans. I sovjetisk presse kom det fram slike mistankar i samband med dansk-svenske byggearbeid på Bornholm, bru- og tunnelprosjekt for å letta samferdsla mellom Danmark og Sør-Sverige, og ikkje minst det som i sovjetiske media vart kalla «Trondheims-prosjektet».¹¹⁾ Utbygginga av jernbane- og vegsambandet mellom Trondheim og Østersund, bygginga av ein oljerørleidning frå Trondheim til Jämtland og ymse utvidingsarbeid på hamna i Trondheim vart av russarane tolka som at ein var i ferd med å byggja opp eit stort militært transportknutepunkt.

Konklusjonen må bli at sovjetisk politikk overfor Norge og Norden i dei første to åra etter Stalin heldt fram i dei same gamle spor, men kom til uttrykk i ei meir moderat form. Det skulle verta opp til Khrustsjov å prøva nye vegar i forholdet til dei nordiske landa.

Khrustsjovs «nye giv»

Partisekretær Nikita Khrustsjov synt seg å vera den sterkaste i maktkampen i Kreml. I februar 1955 vart den fremste rivalen hans, Malenkov, pressa vekk frå statsministerposten. Den nye sovjetiske toppleiaren var ein mann med lita utanrikspolitisk røynsle. Likevel, frå våren 1955 og utover vart omverda vitne til ei rekkje oppsiktsvekkjande sovjetiske utanrikspolitiske initiativ.

Russarane aksepterte eit nøytralt Austerrike og trekte styrkane sine ut av landet. Samstundes lanserte dei ein nøytralitetskampanje retta både mot vestallierte og land i den tredje verda. Khrustsjov og den nye statsministeren, Bulganin, gjekk Canossagang til Tito og den sovjetisk-jugoslaviske konflikten vart mildna

for ei tid. Sovjetleiarane foreslo troppereduksjonar og møtte dei vestlege leiarane i Geneve, eit møte som gav få eller ingen praktiske resultat, men som likevel gav verda inntrykk av avspenning og ei «ny ånd» mellom stormaktene. Hausten 1955 vart tilhøvet til Vest-Tyskland normalisert, og Finland fekk tilbake Porkkala-basen og gjekk med i Nordisk Råd.

Khrustsjov gav politikken sin eit teoretisk fundament gjennom doktrinen om «fredeleg sameksistens», som han greidde ut om på den 20. partikongressen i februar 1956, den same kongressen som markerte byrjinga på avstaliniseringsprosessen i Sovjetunionen. Ein skal likevel merka seg at kritikken av Stalin i første rekkje galdt fenomen som «personkultus» og «brot på sosialistisk legalitet», og i mindre grad utanrikspolitikken hans.

Det er eit omstridd spørsmål i kva grad overgangen frå Stalin til Khrustsjov eigentleg innebar eit vendepunkt i sovjetisk utanrikspolitikk generelt. Eg skal ikkje ta opp den debatten her, men konsentrera meg om dei delar av Khrustsjovs nye line som hadde relevans for Norden.

Nøytralitetskampanjen 1955–56

Trass i Sjdans «to leirar»-doktrine frå 1948 er det knapt rett å seia at Sovjetunionen i den kalde krigen fram til 1955 konsekvent levde etter ordet «den som ikkje er med oss, er mot oss».

Russarane verdsette i praktisk politikk svensk nøytralitet, og frå tid til anna vart nøytralitetspolitikken halden fram som alternativ for dei skandinaviske NATO-landa. Likevel, som George Ginsburgs skriv, noka heilhjarta anerkjenning hadde det ikkje vore: «Moscow's recognition of neutrality had been neither general, nor gracious, nor generous, nor principled».¹²⁾

Det må reknast som eitt av dei viktigaste resultatane av Khrustsjovs nytenking i utanrikspolitikken våren 1955 at sovjetisk diplomati nå tok til å bruka nøytraliteten aktivt og i positiv forstand, som «a strategic tool», for å bruka Alvin J. Cottrells uttrykk.¹³⁾ I praksis synte omslaget seg først i statstraktaten for Austerrike av 15. mai 1955.¹⁴⁾ Austerrike forplikta seg til å vera «permanent nøytralt»,¹⁵⁾ på same måte som Sveits. Sovjetunionen og vestmaktene trekte deretter okkupasjonsstyrkane sine ut or landet. Den vellykka løysinga på Austerrike-problemet gav støyten til ein større sovjetisk diplomatisk kampanje som lovpriste nøytraliteten.

Kampanjen hadde truleg som sitt fremste siktemål å auka Sovjetunionens prestisje i dei alliansefrie landa, som på Bandung-konferansen i april 1955 hadde vist at dei hadde ambisjonar om å spela ei sjølvstendig rolle i internasjonal politikk, og ikkje ville la seg mobilisera på nokon av sidene i den kalde krigen. Men nøytraliteten var og etter sovjetisk syn eit alternativ for dei landa som var i allianse med USA, mellom dei Norge.

På toppmøtet i Geneve i juli 1955 sa russarane seg viljuge til å gje garantiar til dei landa som ville føra nøytralitetspolitikk, og tilbodet vart teke opp att i FN i haustsesjonen.¹⁶⁾ «Retten til nøytralitet er en absolutt rett for enhver stat, og det er stormaktenes plikt å etterkomme de fredsvennlige nøytralitetsbestrebelsene», heitte det i Moskva Radio.¹⁷⁾ I sendingane til Danmark og Norge vart Sveits, Austerrike og Sverige haldne fram som føredøme på korleis statane kunne løyse tryggingproblema.¹⁸⁾ Det gjekk så langt at Pravda 26. mars 1956 skreiv at Sveits og Sverige hadde den høgaste levestandarden i Europa takka vere sin nøytralitet i krig og fred. For det første var det oppsiktsvekkjande at ei sovjetisk avis gav land med ein kapitalistisk økonomi ein slik attest. For det andre var dette klart brot med den lina i sovjetisk propaganda som hadde framstilt svensk nøytralitet som opportunistisk og med anti-sovjetisk slagside. Nå sa russarane derimot at svensk nøytralitet var ein positiv faktor, ikkje berre for landet sjølv, men for situasjonen i heile Nord-Europa. Dette kom klart fram under statsminister Erlanders besøk i Moskva våren 1956. Der karakteriserte Molotov den svenske nøytraliteten som eit eksempel til etterfølging for Sveriges skandinaviske granneland.¹⁹⁾

Nøytralitetskampanjen førte til ny sovjetisk interesse for Orienteringskrinsen i Norge, som russarane tidlegare hadde reagert på med ein del atterhald. Krav i Orientering om at Norge skulle venda tilbake til nøytraliteten vart siterte i Moskva Radio.²⁰⁾ I ein større kommentar i tidsskriftet Mesjdunarodnaja Sjisn vart Orientering kalla ein «propagandist for nøytralitetsideen og for den politikk som går ut på *ikke å delta i militærblokker* (mi uth.)».²¹⁾ Som me hugsar, var den viktigaste innvendinga mot Orienteringskrinsen i Kommunist-artikkelen året før at dei ville «erstatta ei blokk med ei anna».²²⁾ Denne kritikken var nå lagd til sides, og artikkelforfattaren roste i staden Orientering for nøytralitetslina og for den «realistiske» tilnærminga til viktige internasjonale problem.

Parallelt med nøytralitetskampanjen kunne ein øygna eit sovjetisk ønske om å ordna forholdet mellom Sovjetunionen og andre land på *bilateral* basis. På partikongressen i februar 1956 kom såleis Khrustsjov inn på forholdet til statar som var medlemmer av «militærblokker» og samstundes naboar med Sovjetunionen. Khrustsjov sa i denne samanhengen:

«Man må i denne forbindelse understreke betydningen av avtaler om ikke-angrep eller vennsapsavtaler, inngåelse av hvilke ville bidra til å fjerne mistenksomheten og mistilliten i forholdet mellom statene og gjøre den internasjonale situasjonen sunnere. Sovjet-Samveldet er på sin side rede til å slutte slike avtaler med vedkommende stater.»²³⁾

Ein kan her kanskje presisera den nære samanhengen mellom nøytralitet og bilateralisering i den sovjetiske tenkinga om nordisk tryggingsspolitikk. Det er ikkje råd å finna teikn på at Sovjetunionen nå meir enn før ville fremja noko slag nordisk forsvarssamarbeid, sjølv om russarane, som eg skal koma tilbake til, nå såg meir positivt på andre former for nordisk samarbeid.

Nøytralitetstradisjonen og naboskapet med Sverige gjorde Norge og Danmark til interessante mål for den sovjetiske nøytralitetskampanjen. Men russarane risikerte å møta seg sjølv i døra med ein nøytralitetsargumentasjon så lenge dei sjølv hadde eit såpass sterkt grep om *finsk* politikk. Det kan difor vera interessant å sjå om ein kan finna ein samanheng mellom konsesjonane til Finland hausten 1955 og politikken overfor resten av Norden.

Finland får tilbake Porkkala og går med i Nordisk Råd

17. august 1955 vart president Paasikivi oppsøkt av Sovjetunionens ambassadør i Finland, Lebedev. Ambassadøren inviterte Paasikivi til Moskva for å diskutera tilbakeleveringa av Porkkalabasen, som russarene hadde fått disposisjonsrett over i våpenstillstandsavtalen av 19. september 1944. Samtalane i Moskva gav resultat. Nøyaktig 11 år etter våpenstillstanden kunne avtalen om tilbakelevering av basen til Finland underskrivast. Kort tid etter kunngjorde Finland at landet nå ville slutta seg til Nordisk Råd, noko som måtte bety at russarane hadde gitt opp motstanden mot

finsk deltaking i rådet. Dette vert stadfest av Urho Kekkonen i boka *Ekudden*.²⁴⁾

Det hadde alt ei tid vore klart at det finsk-sovjetiske forholdet hadde kome inn i ein meir harmonisk fase. I november 1954 fekk president Paasikivi Lenin-ordenen, og i samband med Mikojans besøk i Finland i desember same år ga Pravda stor plass til positiv omtale av forholdet Finland-Sovjetunionen.²⁵⁾

Reelle innrømmingar hadde russarane likevel ikkje kome med til Finland, bortsett frå ei nedsetjing av krigsskadeerstatninga. Det kunne sjølvsagt hevdast med stor rett at heller ikkje Porkkala var mykje av ein konsesjon. Basen hadde etter kvart fått mindre militær verdi - innsiglinga til Leningrad kunne dekkjast like godt av kanonar frå sovjetisk side av Finskebukta.²⁶⁾ Eit slikt syn finst det belegg for på høgaste sovjetiske hald. I memoarane sine framstiller Khrustsjov avgjerdsprosessen i denne saka slik:

«Overfor Molotov brydde jeg meg ikke engang med å luften tanken om å oppgi vår base i Finland, for jeg visste på forhånd at han ville være uenig. Jeg var forlengst blitt klar over at han var altfor uelastisk i tankegangen til å vurdere omstendighetene realistisk og trekke de rette konklusjoner av vurderingen. Men jeg drøftet saken med Bulganin, og han sa seg enig med meg i at basen burde nedlegges. Jeg bestemte meg til å bringe spørsmålet på bane for Sjukov også. (...) Vi satt sammen i et lite hus ute på landet da jeg spurte ham: «Hva mener du - bør vi ikke trekke troppene våre tilbake fra Finland? Basen vår der er som en flis i siden på oss; den forgifter vårt forhold ikke bare til Finland, men til andre land også. Ta Sverige og Norge for eksempel; de er Finlands nærmeste naboer og holder engstelig øye med oss for å se hva vi gjør med finnene. Hva mener du?»

«Jeg er helt enig med deg», svarte Sjukov. «Strategisk sett har det ingen hensikt å holde tropper i Finland. Og på toppen av det bruker vi en masse penger på å bygge befestninger og på å vedlikeholde garnisonen der».

«Da er saken grei», sa jeg. «La oss få nedlagt basen så snart vi er tilbake i Moskva».²⁷⁾

Likevel, ein viss militær fordel ville det nok liggja i å kontrollere begge sider av Finskebukta, og i alle fall var ikkje verda van med at russarane gav opp posisjonar uten tilsynelatande å få noko igjen.

I Nordisk Råd-saka hadde russarane gjort regelrett tverrvending. Så seint som på ettervinteren 1955 var rådet blitt sterkt fordømt i sovjetisk presse. Isvestija sa i byrjinga av 1955 klart frå om at finsk deltaking i rådet ville vera i strid med «fredens interesser», og plassera Finland i den amerikanske aggressive politikken garn.²⁸⁾ Rysakov skreiv om lag samstundes at Nordisk Råd i praksis var ei underavdeling av NATO.²⁹⁾

Det kan vera verd å sjå litt nærmare på den offisielle grunngevinga for lineskiftet. Den sovjetiske haldningsendringa vart for det første forklart med at Nordisk Råd sjølv hadde endra karakter. Det hadde nå retta aktiviteten sin inn på å utvikla det økonomiske og kulturelle samarbeidet i Norden.³⁰⁾ At nordiske politikarar heile tida hadde forsikra at rådet ikkje skulle ta opp tryggingpolitiske spørsmål, vart ikkje nemnt.

For det andre sa russarane ope at finsk medlemskap ville kunna påverka politikken til dei andre nordiske landa: «Finsk medlemskap i Rådet (...) vil styrkja stillinga til tilhengjarane av ein uavhengig politikk for dei nordiske landa», skreiv Novoje Vremja.³¹⁾ Risikoen for at nordisk samarbeid skulle føra til finska vestorientering vart altså nå vurdert som underordna utsiktene til at Finland kunne påverka Norge og Danmark i retning av alliansefridom. Dette resonnementet har sterkt preg av «nordisk balanse»-tenking. Sjølve «nordisk balanse»-teorien skriv seg frå eit seinare tidspunkt, og russarane har avvist han på prinsipielt grunnlag.³²⁾ Men det går klart fram av kommentarane til Finlands-konsesjonane at Moskva hadde forventningar om at eit letta trykk på Finland ville opna vegen for større NATO-skepsis i Norge og Danmark og ei vidare konsolidering av svensk alliansefridom. Khrustsjovs framstilling av saka i memoarane er eit godt døme på det. Her må eg leggja til at russarane naturlegvis også tenkte seg at oppgjevinga av Porkkala-basen skulle gjera inntrykk utanfor Norden. Etter at avtalen var klar, skreiv Pravda at Sovjetunionen nå venta at andre stormakter følgde deira føredøme og gav opp sine basar på framande område.³³⁾

For vår del er det likevel av størst interesse å konstatera kor opptekne russarene var av virkningane av den nye Finlands-politikken i *Norge*. Alt 21. september melde ambassaden i Helsinki at den sovjetiske charge d'affaires i ein samtale hadde lagt stor vekt på «den virkning han mente tilbakeleveringen av Porkkala-området ville ha på beredskapspolitikken i Norge og Danmark.

Han la ikke skjul på at han som sovjetisk representant håpet på en svekkelse av Norges oppslutning om NATO og på en strammere holdning overfor militærbudsjett-bevilgninger i Stortinget». ³⁴⁾ Liknande rapportar kom i dagane som følgde. ³⁵⁾ Noko seinare, i februar 1956, melde Bonn-ambassaden at ein såpass høgtstående sovjetisk representant som Bonn-ambassadør og tidlegare viseutanriksminister Sorin i ein samtale med den finske generalkonsulen hadde sagt at «han håpet at tilbaketrekningen fra Porkkala ville ha sin virkning i Sverige og spesielt i Oslo». 36) Dei sovjetiske forventningane kom, som me har sett, og til uttrykk i pressa.

Tilbakeleveringa av Porkkala kan sjåast på som ein godviljegend, men også etter mitt syn som ein *nødvendig* føresetnad for at den sovjetiske nøytralitetspropagandaen skulle verka truverdig i Norden. For at Norge og Danmark skulle orientera seg i retning av svensk og finsk tryggingpolitikk, måtte Finland bli kvitt klientstat-stempelet. Difor var det også naudsynt at landet kom med som likeverdig partner i det nordiske samarbeidet.

Det er interessant å merka seg at det sovjetiske initiativet til å levera tilbake Porkkala-basen vart teke berre to veker etter at Einar Gerhardsen hadde sagt ja til å vitja Sovjetunionen. Ein kan har spekulera over om det var skjedd ei samordning som ledd i ein diplomatisk offensiv i Norden. Det faktum at det sommaren eller hausten 1955 vart skipa ei eiga skandinavisk avdeling i det sovjetiske utanriksdepartementet peikar også i den retning. ³⁷⁾ I det minste kom konsesjonane til Finland på eit psykologisk høveleg tidspunkt.

Einar Gerhardsen i Moskva november 1955 – Utviklinga etterpå

Statsminister Gerhardsen reiste til Moskva 10. november 1955, som den første i rekkja av dei skandinaviske statsministrane. Den sovjetiske invitasjonen vart først lagt fram av ambassadør Arkadjev 28. juni, og saka vart diskutert i regjeringa dagen etter. ³⁸⁾ «Det ville være galt å si at vi ikke hadde motforestillinger», ³⁹⁾ skriv Gerhardsen i memoarane sine. Halvard Lange ser ut til å ha vore ein av skeptikarane. ⁴⁰⁾ Men Gerhardsen og medarbeidarane hans kom snart til at det måtte vera rett å ta imot innbydinga, og brev om dette vart sendt 4. august. Teikn tydde på ei oppmjuking i

Sovjetunionens politikk og haldningar, og representantar for andre vestlege land (Lester Pearson, Konrad Adenauer) hadde teke imot liknande innbydingar. Ei pressemelding om besøket vart send ut 22. august. Sovjetisk presse og radio gav det svært positiv førehandsomtale, som t.d. Novoje Vremja 1. september:

«It has always been the firm belief of Soviet citizens that our two countries can live as good neighbours and friends. They have cooperated successfully. There is the example of the Soviet and Norwegian miners on Spitsbergen, who have always worked in close harmony and comradeship in battling against the polar elements. And it is not only the cold wind, but also a warm breeze of confidence and cooperation that comes from that distant archipelago».

Frå norsk side stod ikkje tryggingspolitiske spørsmål på saklista for dei politiske forhandlingane. I tilknytning til at han aksepterte invitasjonen sa Gerhardsen jamvel at det «etter norsk oppfatning ikke foreligger noen politiske hovedproblemer som det faller naturlig å forhandle om under dette besøk». ⁴¹⁾ Denne setninga vart faktisk også referert i Pravda. ⁴²⁾ Nordmennene førebudde seg likevel for det tilfelle at russarane skulle koma med tryggingspolitiske utspel, ⁴³⁾ noko som også skjedde.

I felleskommunikeet frå forhandlingane er norsk basepolitikk omtala med same formulering som i den norske noten frå 1949:

«På spørsmål fra sovjetisk side forsikret statsminister E. Gerhardsen at den norske regjering hverken vil medvirke til en politikk som har aggressive formål eller åpne baser for fremmede stridskrefter på norsk territorium, så lenge Norge ikke er angrepet eller truet av angrep». ⁴⁴⁾

Det var russarane som tok opp basespørsmålet. Det skjedde ikkje under dei innleiande politiske samtalane, men under det førebauande arbeidet med felleskommunikeet, der viseutanriksminister Sorin og ambassadør Arkadjev representerte Sovjetunionen, og ambassadør Braadland og handelsråd Sommerfelt Norge. ⁴⁵⁾ I utkastet som dei sovjetiske representantane la fram på møtet i det førebauande utvalet om ettermiddagen 14. november, var følgjande formulering nytta:

«Frå norsk side vart det på ny stadfest at den norske regjeringa står fast på ikkje å tillata stasjonering av utanlandske troppar på Norges territorium». ⁴⁶⁾

Russarane hadde såleis utelate innskrenkinga «så lenge Norge ikke er angrepet eller truet av angrep». Dette ville vera ei kraftig utviding av basereservasjonen, og ambassadør Braadland, som ikkje hadde med basepolitikken i det heile i sitt utkast, tok straks atterhald mot den sovjetiske formuleringa. ⁴⁷⁾

Same kveld hadde dei fremste politikarane og embetsmennene i den norske delegasjonen eit møte om saka. Det var full semje om at den sovjetiske formuleringa var ufullstendig og ikkje kunne godtakast. Men kva skulle ein foreslå i staden? Sekretæren for delegasjonen, Sigurd Ekeland frå Utanriksdepartementet, var bentkt over å koma inn på basefråsegna av 1949 i det heile, då «denne var avgitt under andre forhold enn de nuværende og en gjentagelse av erklæringen nu lett ville kunne skape misforståelse hos våre allierte og utnyttes av sovjetisk diplomati». ⁴⁸⁾ Ekeland argumenterte såleis i tråd med den skepsis som hadde kome fram i eit førebuaende notat frå UD, der det heitte at

«Sovjet-lederne tror seg vel berettiget til å håpe at med stadig opinionspåvirkning og påminnelser til norske ledere vil de kunne provosere fram en norsk erklæring eller uttalelse som – selv om den i realiteten bare gjentar våre tidligere forsikringer til Sovjet – i dagens situasjon allikevel av sovjetisk diplomati og propaganda kan utnyttes som en seier». ⁴⁹⁾

Ut frå mitt kjeldemateriale er det ikkje mogleg å seia om den norske delegasjonen på førehand hadde diskutert eller kome fram til noka felles haldning i tilfelle basespørsmålet skulle bli reist. I diskusjonen i Moskva synte det seg i alle fall at både statsminister Gerhardsen, handelsminister Skaug og ambassadør Braadland var usamde med Ekeland. Dei meinte det ville vera uklokt å freista halda basespørsmålet utanfor når russarane først hadde reist det. ⁵⁰⁾ Det ville berre vekke mistankar og leia russarane til å tru at dei tidlegere norske fråsegnene ikkje lenger stod ved makt. Braadland peika dessutan på ein positiv effekt av å ta baseerklæringa med, nemleg at det norske standpunktet då for første gong ville bli kjent «i alle avkroker av Sovjet-riket». Det måtte etter Braadlands syn ha meir å seia enn omsynet til moglege misfor-

ståingar i den del av verda som alt kjende det norske standpunktet. Statsministeren var samd i dette synet.

Delegasjonen kom fram til to brukande framlegg til formuleringar, prinsipalt den som til sist vart brukt, alternativt ei formulering utarbeidd av handelsråd Sommerfelt: «Under samtalene ble det gitt klart tilkjenne fra norsk side at det ikke var skjedd noen endring i den norske politikk med hensyn til stasjonering av fremmede tropper på norsk område». Denne formuleringa var mindre forpliktande, av di ho berre slo fast status quo og ikkje sa noko om kva den norske regjeringa akta å gjera for framtida. Halvard Lange noterte seinare i marginen at dette utkastet «ville vært å foretrekke».

Under diskusjonane dagen etter innvendte Khrustsjov at det norske forslaget var henta frå ein gammal note, og at den sovjetiske formuleringa var betre.⁵¹⁾ Han ville likevel vera «opportunist», som han uttrykte det, og gå med på det norske forslaget. «Vi vil bli bedre kjent etterhvert og kan da snakke nærmere om saken», sa han, og Mikojan uttrykte seg like eins: «Vi behøver ikke gjøre alt på en gang». Khrustsjov medgav og at den sovjetiske formuleringa «ikke ville ha gjort Norges forhold til sine partnere lettere».⁵²⁾

Kommunikeet stadfeste altså status quo i norsk basepolitikk, verken utviding eller innsnevring. Som Holst skriv, måtte forsvarsminister Hauges presisering frå 1951 vera underforstått, sjølv om det var den opphavlege og meir ordøkonomiske formuleringa som vart nytta i kommunikeet.⁵³⁾ Gerhardsen sjølv kjende seg på trygg grunn med denne utgangen på basedrøftingane.⁵⁴⁾ Halvard Lange meinte derimot at basepolitikken ikkje burde vore nemnd i kommunikeet i det heile.⁵⁵⁾ Gerhardsen seier i ettertid at han aldri har forstått Langes reaksjon.⁵⁶⁾ Kjeldematerialet vitnar likevel om ei klar line i Utanriksdepartementet si tenking omkring dette spørsmålet, nemleg at Norge såvidt mogleg ikkje burde ta på seg eller stadfesta sjølvpålagde bindingar i høve til russarane. Her finn me ein prinsipiell meiningskilnad som gav seg utslag både før og etter 1955.⁵⁷⁾ I avveginga mellom tillitsskapande erklæringar overfor Sovjetunionen og maksimal norsk handlefridom i høve til grannen i aust har Gerhardsen lagt mest vekt på det første, Lange på det andre. For Gerhardsen, som hadde god kontakt med politiske stemningar på grasrota, har basepolitikken og vore lett å halda fast ved, fordi dette standpunktet utan tvil hadde ein brei oppslut-

nad i folket generelt og i arbeidarrørsla spesielt. Heller ikkje opposisjonspartia hadde synt særleg entusiasme for å få framande basar i landet. Lange og UDs folk har på si side vore meir på vakt overfor reaksjonar i utlandet, særleg frå Norges vestlege stormakts-allierte.

Baseavsnittet i kommunikeet gav då også opphav til kritiske kommentarar i somme utanlandske aviser. I Manchester Guardian meinte «A Student of Soviet Affairs» at forsikringa høyrdest meir positiv ut enn tidlegare norske svar på sovjetiske klager over norsk medlemskap i NATO, og at den kunne brukast av Sovjetunionen mot NATO-tiltak i framtida.⁵⁸⁾ Amerikanske aviser (pluss den svenske Aftontidningen) gjekk endå lengre, og spurde om Norge var «på glid» bort frå NATO.⁵⁹⁾ Den offisielle amerikanske reaksjonen var derimot at det norske standpunktet var «kjent og anerkjent» gjennom ei årrekkje.⁶⁰⁾ Det må likevel føyast til at Utanriksdepartementet noko seinare fekk inn eit lett irritert britisk aide-memoire, som gjorde merksam på at baseavsnittet i felleskommunikeet vart brukt i «Communist propaganda» overfor Italia og Tyrkia.⁶¹⁾ Pravda for sin del refererte uroa i amerikanske aviser under den ironiske tittelen «Kvifor er dei nervøse?».⁶²⁾

Kritikken mot baseavsnittet fekk ein viss gjenklang i norske borgarlege opposisjonsaviser,⁶³⁾ men dei var elles vel så opptekne av lagnaden til nordmenn i sovjetisk fangenskap (eitt av dei handfaste resultatane av Gerhardsens besøk var at ein av desse fangane, Osvald Harjo, fekk venda tilbake til Norge), og av luksusbilane som Gerhardsen og Skaug fekk i gåve frå russarane, og som reiste eit kinkig tollproblem.

Kommentarane i sovjetisk presse var udeelt positive. Trud, Pravda og Ivestija hadde nokså likelydande leiarartiklar i høve felleskommunikeet der det heitte at sovjetfolket såg «med tilfredshet» eller «hilste med glede» Gerhardsens erklæring i basespørsmålet. Avsnittet om basane vart sitert fullstendig og korrekt.⁶⁴⁾

Ein kan såleis seia at den gradvise prosessen i retning av ei offisiell sovjetisk anerkjenning av norsk basepolitikk var slutført. Forløpet av tingane i Moskva syner at russarane la stor vekt på at basepolitikken stod ved lag. Dei reiste sjølve spørsmålet, gav etter for nordmennene si formulering av status quo sjølv om dei primært hadde ønskt ei meir vidtgåande erklæring, føydde ikkje til nokon særkommentar i felleskommunikeet og gav deretter uttrykk for at det norske standpunktet var tilfredsstillande. Den sovjetiske

historikaren Pokhljobkin gav følgjande vurdering av kommunikeet tre år seinare:

«Selv om denne erklæring bare fastslo den status guo som Norge befant seg i som NATO-medlem, var det tydelig vitnesbyrd om den norske regjeringens intensjoner om ikke å gå til nye konsesjoner til USAs anti-sovjetiske planer og om ikke å tillate bruk av norsk område i fredstid for angripere». ⁶⁵⁾

Alt tyder på at Pokhljobkin her gav ei dekkjande oppsummering av det sovjetiske synet, og seinare sovjetiske framstillingar forsterkar berre dette inntrykket. *Istorija Norvegii* frå 1980 nemner såleis ikkje andre konkrete saker enn baseavsnittet i samband med omtalen av besøket i 1955, og slår deretter fast at Einar Gerhardsen på vegner av si regjering understreka vilje til å betra tilhøvet til Sovjetunionen. ⁶⁶⁾

Det tyder likevel ikkje at russarane var innstilte på å slå seg til tols med norsk basepolitikk slik han på denne tid vart praktisert. Alt i Khrustsjovs og Mikojans utsegner under tingingane i Moskva låg det at russarane ikkje var ferdige med saka. Og så tidleg som 27. januar 1956 kom Sorin, som nå var blitt ambassadør i Bonn, inn på spørsmålet i ein samtale med den norske ambassadøren, Peter Anker. Sorin viste til at Porkkala nå var levert tilbake til Finland, og spurde så rett ut om det ikkje ville vera best å avskaffa «basane» på norsk territorium og. (Adjektivet «framande» vart ikkje brukt, i alle fall ikkje av tolken). ⁶⁷⁾ Sorin spela ei sentral rolle under utforminga av felleskommunikeet, og utspelet hans overfor Anker var neppe tilfeldig. Han gjekk likevel ikkje i detalj om kva han meinte med å «avskaffe basar».

Kva så med nøytraliteten? Gav russarane under besøket noko tilbod om å garantera norsk nøytralitet, i tråd med kampanjen dei hadde ført det siste halvåret? Både Gerhardsen og Braadland seier nei, og kjeldematerialet syner ikkje noko som helst spor av at saka vart drøfta, sjølv om russarane ikkje løynde at dei meinte Norge var kome «i dårleg selskap» i NATO. ⁶⁸⁾ Ei melding i *Der Spiegel* om at Gerhardsen i Moskva hadde fått bindande forsikring om at Sovjetunionen ville respektera norsk nøytralitet i ein konflikt mellom aust og vest, og at Norges NATO-delegerte Boyesen hadde rapportert dette til alliansen, ser såleis ut til å ha vore gripen or lufta. ⁶⁹⁾ Meldinga vart då og kategorisk dementert av Utanriksdepartementet. ⁷⁰⁾

Men same dag som Spiegel-meldinga stod, 7. desember, rapporterte ambassadør Braadland at garantitilbudet vart presentert temmeleg direkte for han under ei mottaking i Moskva, der utanriksminister Molotov og visestatsministrane Mikojan og Saburov var til stades. Ifølgje Braadlands referat sa Molotov at han nettopp hadde overlevert ein note til den austerrikske ambassadøren, der Sovjet-regjeringa, saman med USA, Storbritannia og Frankrike, garanterte Austerrikes nøytralitet:

«Hva syntes jeg om det? Var ikke en slik nøytralitet noe som også ville passe oss? (...) Molotov, sekundert av Mikojan, fortsatte å prise nøytraliteten. (...) For vårt vedkommende hastet det selvfølgelig ikke - det var tid nok. (...) Dere er medlemmer av FN og betaler for det, dere er medlemmer av NATO og det koster dere også en masse penger. Nøytraliteten er gratis (sic! Men russarane medgav seinare under samtalen at kvart land burde ha sine forsvarsstyrkar)». ⁷¹⁾

NATO-spørsmålet vart i tida som følgde teke opp av russarane i norsk-sovjetiske samtalar på ein slik måte at det laut oppfattast som det neste – og siste – bilaterale problemet som måtte løysast. Under ei vitjing i Pakistan sa Mikojan til den norske sendemannen, Ivar Lunde, at det var «bare litt mistro igjen» i det norsk-sovjetiske forholdet: «Det er NATO. Dere burde kaste den på skraphaugen». ⁷²⁾ Same Mikojan uttalte eit par månader seinare til fiskeriminister Nils Lysø at Gerhardsens besøk hadde vore til stor nytte når det galdt å fjerna mistillit mellom dei to landa. Men, heldt han fram, «om sovjetiske synspunkter hadde forandret seg, så kunne ikke det samme påståes om Norges holdning. (...) Hvorfor er Norge med i NATO? Det foreligger jo ingen trussel østfra». ⁷³⁾

Ei tredje tryggingpolitisk sak må nemnast til slutt. Under ein lunsj i den norske ambassaden 14. november forsikra Khrustsjov at det ikkje var «lureri» når Sovjetunionen ville oppretta eit nytt og betre forhold til Norge. Han kom deretter med følgjande tilbod:

«Hvor langt tilbake vil dere at vi skal trekke våre styrker fra våre felles grenser i nord? Bare si oss det, så skal vi gjøre det, vi skal opprette soner med kontrollposter. Det er veien å gå. På denne måten vil vi trygge deres og Sveriges stilling, og deretter vil Danmark, Holland og Belgia følge. Frankrike vil da si til seg

selv at det ikke godt kan la være å gjøre noe liknende, og på denne måten får vi soner med kontrollposter». ⁷⁴⁾

Khrustsjov gjekk ikkje nærare inn på kva han meinte med forslaget, og det vart ikkje nemnt fleire gonger under Moskvaopphaldet til Gerhardsen. På norsk side var ein lenge tilbøyeleg til å oppfatta saka som eit spontant innfall frå Khrustsjovs side. I eit notat vart det vist til at «hans tone ble ivrigere og til slutt ganske animert». ⁷⁵⁾

Men utpå nyåret begynte forslaget å dukka opp i samtalar mellom sovjetiske og norske diplomatar og embetsmenn. Sorin viste til det under den før omtala samtalen med Anker i Bonn. ⁷⁶⁾ Seinare tok ambassaderåd Moljakov i Oslo det opp med ekspedisjonssjef Andreas Andersen ved statsministerens kontor, og han kom også inn på saka i samtalar med ekspedisjonssjef Frithjof Jacobsen og statssekretær Dag Bryn i UD. ⁷⁷⁾ Noko meir kom ikkje ut av saka. Eigentleg var vel Khrustsjovs tankar eit ekko av det generelle sovjetiske nedrustningsforslaget som var lagt fram i mai same året. Dette forslaget innebar mellom anna gjensidige styrkereduksjonar og kontrollpostar i større hamner, på flyplassar og strategiske trafikknutepunkt. ⁷⁸⁾

Nøkkelordet i det sovjetiske opplegget overfor Norge hausten 1955 og i tida som følgde var *tillitsskaping*. I tråd med Canossaganen til Tito tidlegare på året vedgjekk russarane ope at Sovjetunionen hadde gjort feil i Norges-politikken sin: «Vi retter ikke noen beskyldninger mot dere i denne forbindelse (det norske NATO-medlemskapet), vi tar selv skylden på oss, og vi er villig til å gjøre alt som står i vår makt til å rette på det», sa Khrustsjov alt under det første møtet med Gerhardsen 11. november. Han innrømma at Sovjetunionen hadde skapt frykt med sin politikk. Bulganin følgde opp med å seia at mykje ville ha vore annleis om besøket hadde kome i stand ti år før. ⁷⁹⁾ Russarane understreka vidare at dei ikkje kravde at Norge skulle melda seg ut av NATO, ⁸⁰⁾ og basepolitikken vart nå, som me har sett, for første gong utan atterhald omtala i eksplisitt positive ordelag. Halvard Lange oppfatta det politiske hovudresultatet av samtalane slik: «at man fra sovjetisk side nå motstrebende avfant seg med norsk medlemskap i Atlanterhavspakten med den særstilling som norsk basepolitikk representerer». ⁸¹⁾

Sovjet-leiarane må ha innsett at ei endring av den norske

tryggingspolitiske lina i beste fall ville bli ein langsiktig prosess, og at ein direkte kampanje mot NATO-medlemskapet ville ha små sjansar til å føra fram, sjølv om dei let nordmennene forstå – ofte i svært direkte ordelag – at dette var eit sovjetisk mål. I juni 1955 hadde såleis Mikojan sagt til ambassadør Braadland at om russarane hadde visst Norge skulle «gå til amerikanarane», ville dei ikkje ha trekt styrkane sine ut av Finnmark etter krigen.⁸²⁾ Slik situasjonen nå var, må russarane ha sett si lit til at avspenningsklimaet ville setja Norge i drift bort frå NATO med tida. Men dermed måtte det bli ei høgare prioritert oppgåve for sovjetisk politikk i Norge å vinna sympati i *opinionen*, å svekka trusselbiletet av Sovjetunionen og understreka dei positive sidene ved det norsk-sovjetiske hopehavet. Det synest rimeleg at russarane har innsett at det ikkje lenger var tilstrekkeleg å lita på at det vesle kommunistpartiet skulle kunna skapa nemnande endringar i norsk politikk og folkemeining. Eit teikn på det var forslaget om parti-kontakt mellom SUKP og DNA. Khrustsjov tok spørsmålet opp med Gerhardsen i Moskva, saka vart diskutert ved eit par høve under besøket og Gerhardsen tok med seg eit forslag tilbake. Sentralstyret i DNA avviste invitten etter heimkomsten, med unntak for ei utveksling av pressedelegasjonar.⁸³⁾ Eit anna uttrykk for det same var interessa i sovjetiske media for ikkje-kommunistiske kritikarar av norsk tryggingspolitikk: nøytralistiske offiserar, Orienterings-krisen o.a.

Russarane kunne på denne tida leggja for dagen ein oppsiktsekkjande optimisme med omsyn til den politiske utviklinga i Norge og Norden. Den sovjetiske Stockholms-ambassadøren Rodionov sa til dømes til sin norske kollega Schieve i desember 1955 at han trudde det var skjedd ei svingning mot nøytraliteten både i DNA og Høgre.⁸⁴⁾ Den sovjetiske optimismen fekk nok og næring då det islandske Alltinget i mars 1956 vedtok å søkja revisjon av Keflavik-avtalen, med sikte på at amerikanske troppar ikkje skulle stasjoneras der i fredstid.⁸⁵⁾ I desember 1955 og juli 1956 hadde dessutan sovjetiske aviser meldingar om at Norge hadde avslått å delta i planlagde fellesøvingar innan NATO.⁸⁶⁾

Korleis norsk tryggingspolitikk og forholdet til Sovjetunionen ville ha utvikla seg dersom avspenningsklimaet hadde halde fram, vil me aldri få svar på. Hausten 1956 braut det ut utanrikspolitiske kriser omlag samstundes i Ungarn og Suez. I Norge gjorde det eit sterkt inntrykk då sovjetiske troppar slo ned oppstanden i

Ungarn. Tusenvis av demonstrantar samla seg utanfor Sovjet-ambassaden i Oslo, ropte slagord og knuste ruter. Samarbeidet mellom Norge og Sovjetunionen vart brote på fleire område. Men om kjenslene var sterke i Norge og andre vestlege land, var det aldri fare for at Ungarn-krisa skulle utvikla seg til nokon stormakts-konflikt. Det er mogleg at Ungarn, på same måte som Tsjekkoslovakia 12 år etter, ikkje trong ha blitt meir enn ein kort frostperiode på vegen mot avspenning mellom aust og vest. Men i kjølvatnet av Ungarn-krisa følgde ei ny og farleg tilspissing av atomkappløpet, som også fekk følgjer for det norsk-sovjetiske tilhøvet. Haldnings-endinga frå sovjetisk side kan illustrerast ved hjelp av ein rapport frå sekretær Georg Krane i UD om ein sovjetisk kontakt på ambassaden i Oslo, Beljakov. Han hadde den første tida etter Ungarn-hendingane understreka at dei sovjetiske styresmaktene si haldning overfor Norge ikkje var blitt endra som følgje av det som var skjedd på den internasjonale arenaen. Etter ein Moskva-tur i januar 1957 var derimot tonen blitt ein annan. Russarane kunne ikkje lenger sjå bort frå Norges medverknad i den vestlege politikken, heitte det nå:

«han nevnte spesielt at han kjente til planene om å utstyre de norske styrker med atomvåpen. Dette betydde etter hans oppfatning at Norge aktet å la seg stille i krigens tjeneste helt fra konfliktens begynnelse. Den reelle konsekvens av dette – og han understreket at hans ord gjenspeilet den autoritative oppfatning – ville være at Sovjet-samveldet ville bli nødt til å rette et av de første slag mot norsk området, noe man ville søke å unngå hvis man kunne ha visshet for at Norge ville holde seg utenfor en eventuell konflikt».⁸⁷⁾

Atomvåpen i Norge?

Spørsmålet om å ta i bruk atomvåpen i det norske forsvaret vart for alvor aktuelt i 1957, men alt i desember 1954 hadde Norge vore med på eit vedtak om å basera forsvarsplanlegginga i NATO på bruk av atomvåpen. Dette var i tråd med Eisenhower-administrasjonens «New-look»-strategi, som var bygd opp omkring dei kjernefysiske våpna som motvekt mot sovjetisk konvensjonell

styrke. Norge (og Danmark) fekk i 1957 tilbud frå amerikanarane om ein bataljon Nike og ein bataljon Honest John-rakettar. Begge rakettypane kunne ta atomladningar, men det var inntil vidare ikkje føresetnaden at dei skandinaviske landa skulle få slik ammunisjon.⁸⁸⁾ Særleg Honest John hadde likevel så dårleg presisjon at det kunne reisast tvil om nytta av denne raketten utan atomladning.⁸⁹⁾

Haldninga til bruk av atomvåpen i det norske forsvaret var fram til 1957 temmeleg open.⁹⁰⁾ Atom-motstanden hadde ennå ikkje begynt å gjera seg gjeldande med styrke, og det var vanleg, i alle fall i militære krinsar, å sjå taktiske atomvåpen som ei naturleg modernisering av forsvaret i takt med den våpenteknologiske utviklinga. I ein stortingsproposisjon i januar 1957 uttalte den sentrale militære sjefsnemnda: «Kjernefysiske våpen er for tiden utenfor vår rekkevidde, men vi bør allerede nå forberede oss på å kunne ta imot og utnytte atomvåpen for taktisk bruk. I alle tilfelle må vi legge vekt på å øve våre styrker i fellesoperasjoner hvor disse våpen kan bli brukt».⁹¹⁾

Sovjetisk atomtrussel-kampanje

Korleis reagerte så russarane på denne utviklinga? Ein vesentleg del av Khrustsjovs svar var å satsa på sovjetiske *rakettar* som militær og diplomatisk motvekt og å skremma land som kunne tenkjast å ta imot atomvåpen med faren for eit sovjetisk forkjeps-åtak.

Det første dømet på «atomvåpen-rasling» retta særskilt mot Norge finn me så tidleg som 29. oktober 1956, altså under Ungarn-krisa. Under ei mottaking uttalte Khrustsjov til den norske ambassadøren at dei siste sovjetiske eksperimenta i nord hadde vist at det var mogleg å drepa alt liv i eit land som Norge ved ein atomeksplosjon. Ved same høve skal han ha sagt at han hadde forbode vitenskapmennene sine å utføre ein prøve som ville ha knust alle vindaugo i Norge!⁹²⁾

Under ei anna mottaking 17. januar 1957 klaga Khrustsjov til ambassadør Braadland over at Norge var i dårleg selskap. Viss det skulle koma til krig, ville Norge alt første dag bli utsett for «tilintetgjørende angrep». «Det skal bare noen få rakettbomber til, og det hele er gjort på et øyeblikk», sa Khrustsjov.⁹³⁾

Då den finske statsministeren, Fagerholm, var på besøk i Sovjet-

unionen i januar/februar same året, sa Khrustsjov på ny at små nasjonar som Norge og Danmark ville bli totalt øydelagde i ein storkrig. Han trudde ikkje dei nordiske landa var aggressive, sa han, men dei låg slik til at dei kunne bli farlege basepunkt for åtak på Sovjetunionen. Den sovjetiske leiaren hevda vidare at det var bygt militærbasar i Norge til bruk for amerikanarane, og at sovjetiske atombombardement i krigstilfelle ville skada Sverige og, på grunn av det nære naboskapet.⁹⁴⁾

Sovjetiske diplomatar i Oslo kom også ved fleire høve inn på kva ein internasjonal atomkonflikt kunne føra med seg for Norges del. Ifølgje eit UD-notat var resonnementet deira at sidan Norge motsette seg ei ordning – skriven eller uskriven – som kunne gje Sovjetunionen rimeleg visse for at Norge ville halda seg frå å delta i eller medverka til operasjonar retta mot Sovjetunionen, ville eitt av dei første sovjetiske slaga måtta bli retta mot Norge. For Sovjetunionen var det militært nødvendig å hindra at norsk område vart brukt til utskyting av dei atomvåpna som var føresett stasjonerte der. Eit liknande resonnement hadde, ifølgje notatet, begynt å gjera seg gjeldande i sendingane på norsk frå Moskva radio.⁹⁵⁾ «Det går nå praktisk talt ikke en dag uten at Moskva radio sender en ny advarsel til Norge», observerte Arbeiderbladet i april 1957.⁹⁶⁾

Dei sovjetiske atomvåpen-trugsmåla var på ingen måte avgrensa til Norge. Under Suez-krisa i november 1956 hadde Khrustsjov truga Storbritannia og Frankrike med raketttåtak. Og 24. januar 1957 sende TASS på vegner av «de ledende kretser i Sovjetsamveldet» ut ei melding om at dei regjeringane som stilte sitt lands område til disposisjon for ein atomkrig, sjølv måtte ta ansvaret for følgjene.⁹⁷⁾

Det faktum at både sovjetiske toppleiarar, diplomatar og media retta omtrent likelydande trugsmål mot vest-europeiske land, gjer det rimeleg å tala om ein samordna kampanje med siktemål å hindra utplassering av atomraketar i europeiske NATO-land. Kor stor plass Norge hadde i denne kampanjen samanlikna med andre land, har eg ikkje grunnlag for å seia noko om.

Men russarande hadde også andre, originale og meir nyanserte diplomatiske verkemiddel på lager. Våren 1957 sende statsminister Bulganin personlege brev til fleire vest-europeiske kollegaer, mellom dei statsminister Gerhardsen.⁹⁸⁾ Brevet til Gerhardsen var ordrikt, og var bygt opp på tre element i sovjetisk diplomati

overfor vestlege land, slik det hadde kome til uttrykk dei seinaste åra.

Den internasjonale situasjonen var tilspissa, skreiv Bulganin, og viste mellom anna til «planer om å stasjonere amerikanske spesialtropper utstyrt med atomvåpen, på territoriet til en rekke stater (...) og likeledes NATOs vedtak om å utstyre den vesttyske armé og arméene til visse andre deltakere i denne militærgruppering med atomvåpen». Det sa seg sjølv at sovjetiske tryggingsinteresser kravde at oppmarsjområde som vart brukte til aggresjon mot Sovjetunionen «straks blir likvidert», heitte det vidare i brevet. Åtak med moderne våpen for å øydeleggja «aggressorenes baser», skreiv Bulganin, «ville bety katastrofe selv for stater som har større territorium enn Norge». Så langt var Bulganin-brevet heilt i tråd med den generelle sovjetiske atomtrussel-kampanjen.

Men Bulganin la samstundes vinn på å dra fram det spesifikt positive i forholdet mellom dei to landa. Han tok utgangspunkt i det vellukka besøket til Gerhardsen i 1955, og appellerte om ei vidare utvikling av det norsk-sovjetiske samarbeidet. Ifølgje Bulganin burde det norsk-sovjetiske forholdet bli like godt som forholdet mellom Sovjetunionen og Finland - neppe ein særleg klok merknad taktisk sett. Bulganin let vera å kritisera den norske regjeringa, og gjekk lenger enn før i å akseptera tryggingspolitisk status quo offisielt. «Vi konstaterer med tilfredshet at Den norske regjering holder sitt løfte om ikke å gi utenlandske stridskrefter baser. (...) Ut fra omstendighetene oppfordrer vi ikke Deres regjering til hverken i dag eller i morgen å bryte avtalen om Det nordatlantiske forbund...».

Endeleg oppmoda Bulganin den norske regjeringa til å markera sjølvstende i denne saka: «Under den situasjon som er oppstått avhenger den fortsatte konsolidering av sikkerheten i Nord-Europa i mangt og meget av Norges regjering, av om den er beredt til å stå imot trykket fra utenlandske aggressive kretser, som bestreber seg på å så splid mellom SSSR og Norge, og skape en spent situasjon ved Sovjet-Unionens nordlige grense». Dette var heller ikkje noko nytt. Minst sidan byrjinga av 50-åra hadde det vore ein viktig del av sovjetisk diplomati å appellera til vest-europeisk nasjonalisme og ambisjonar om ei uavhengig stilling i høve til USA.

Ein kan likevel spørja seg om Sovjetunionen denne gongen hadde særlege forventningar til den norske regjeringa samanlikna

med andre. Brevet til Danmarks statsminister H. C. Hansen mangla eit tilsvarende avsnitt som gav den danske regjeringa eit særskilt ansvar for å tryggja avspenninga. Brevet til Hansen inneheldt heller ikkje tilsvarende rosande merknader om dansk tryggingspolitikk, tvert om: Bulganin tok utgangspunkt i den danske erklæringa av oktober 1952 om at dansk territorium aldri ville bli brukt til åtak mot ein annan stat. «En sådan erklæring kunne man naturligvis kun hilse med glæde, hvis den blev efterfulgt af tilsvarende foranstaltninger fra den danske regerings side, hvorved det tilstræbtes virkelig at umuliggøre benyttelse af dansk territorium mot andre lande. Det må imidlertid konstateres, *at sagen i virkeligheden forholder sig anderledes*». (mi uth.)⁹⁹⁾

I Norge vekte og følgjande formulering i Bulganins brev ein del oppsikt: «Den kjensgjerning at De, Herr Statsminister, står i spissen for en regjering som er utgått av Arbeiderpartiet, gjør det mulig for meg å uttale meg spesielt åpent, såvel når det gjelder spørsmål angående de sovjetisk-norske forbindelser, som også når det gjelder enkelte spørsmål i den internasjonale situasjon». Ei tilsvarende formulering mangla i brevet 28. mars 1957 til Gerhardens danske sosialdemokratiske partikollega, H.C. Hansen.¹⁰⁰⁾

I Oslo uttalte ein sovjetisk diplomat noko seinare at Norge hadde vist ein heilt annan vilje til «å bringe sitt forhold til Sovjet inn i nye baner».¹⁰¹⁾ Norge var dessutan det nordiske landet som var viktigast frå ein sovjetisk synsvinkel, på grunn av den geografiske utstrekninga, vart det sagt ved eit anna høve.¹⁰²⁾

Bulganins brev, som må karakteriserast som eit klassisk eksempel på russisk «varm-kald»-taktikk, fekk stort sett ikkje noka god presse i Norge. Verdens Gang, som rett nok var ekstremt negativ, kalla brevet «den argeste note til Norge – siden Hitler».¹⁰³⁾ I tillegg til trusselen om forkjøpsåtak verka Bulganins omtale av Ungarn-opstanden som eit «fascistisk opprør» provoserande. Utanriksminister Lange viste i ein kommentar til dei negative pressereaksjonane, men la til at «vi må likevel se det som eit positivt og gledelig trekk at Sovjet-samveldet uttrykkelig gjør oppmerksom på at det ikke stiller noe krav om at vi skal trekke oss ut av NATO».¹⁰⁴⁾

I kommentarane i utanlandske, særleg amerikanske, aviser var trusselaspektet ved brevet heilt overskuggande. UDs klipparkiv inneheld ei rekkje artiklar og notisar med titlar som «The Bear Growls», «Bulgy's Blast» o.l. På diplomatisk plan freista russarane

heilt frå første stund å tona ned denne sida ved brevet, noko som tyder på at «atomraslinga» først og fremst var meint å ha propagandistisk effekt – utetter og innerter. Ambassadør Gribanov understreka alt under overleveringa at budskapen ikkje var meint som eit trugsmål.¹⁰⁵⁾ Det same gjorde den sovjetiske ambassadesekretæren Petsjurov i ein samtale med førstesekretær Kjell Eliassen i UD. Ifølgje Petsjurov var hovudføremålet med brevet å knyta kontakt med Norge igjen etter avbrotet i samband med Ungarnkrisa.¹⁰⁶⁾ Kommentaranane i sovjetisk presse dei etterfølgjande dagane må også ha sikta mot å moderera den negative effekten av brevet. Ein leiarartikkel i *Isvestija* konsentrerte seg om vennskap og samarbeid mellom Norge og Sovjetunionen i slike overstrøymande ordelag at VG fann det dekkjande å forsyna telegrammet om artikkelen med tittelen: «Bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla». ¹⁰⁷⁾ *Isvestija*-artikkelen vart også sitert på norsk i Moskva radio. I eit noko tendensiøst referat av leiarartiklane i *Arbeidarbladet* og *Aftenposten* skreiv *Pravda* at begge avisene hadde merka seg «den vennlege tonen» i brevet frå Bulganin.¹⁰⁸⁾ Avisa siterte og Friheten, som tolka brevet som ei oppmoding om framhald av meningsutvekslinga mellom dei to landa.¹⁰⁹⁾ Om Finn Moe, som hadde gitt ein nyansert analyse av brevet i to artiklar i *Arbeiderbladet*, sa Moskva radio: «Finn Moe peker med rette på at den egentlege hensikten med brevet ikke er propaganda og ikke advarsler, men ønsket om å vende tilbake til de forbindelser som utviklet seg mellom Sovjetunionen og Norge i løpet av et år inntil begivenhetene i Ungarn».¹¹⁰⁾

Gerhardsens svar vart sendt 11. april, og var nokså generelt utforma. Statsministeren sa seg samd i ønsket om ei vidareutvikling av det norsk-sovjetiske samarbeidet, men la til at Ungarnhendingane hadde vekt spontan og sterk reaksjon i Norge. Han vona nedrustningsarbeidet ville gje resultat, men minte om at Sovjetunionen her hadde eit viktig ansvar som stormakt. Gerhardsen kom ikkje inn på spørsmålet om atomvåpen på norsk område, og slo berre fast at det må vera «hver enkelt regjerings sak å trygge forsvaret av sitt land på den måte den mener er best». Gerhardsen sa seg elles glad for at Sovjet-regjeringa «konstaterte med tilfredshet» at Norge følgde sin basepolitikk.¹¹¹⁾

Sjeldan har vel eit diplomatisk aktstykke fått så ublanda ros frå alle hald. I Vesten var avisene fulle av lovord, og utanriksminister Foster Dulles let melda at svaret «reflects great credit both on the

Government and the people of Norway for their wisdom and steadfastness». ¹¹²⁾ Men sjølv om den vanlege tolkinga i vest var at Norge hadde stått imot sovjetisk press på ein modig og fast måte, vart svaret frå Gerhardsen også vel motteke i Sovjetunionen. Det blei offentleggjort fullt ut i Pravda og Isvestija, også med avsnittet som omtala oppstanden i Ungarn som «et folks reisning for frihet og selvstendighet». ¹¹³⁾ Bulganin sjølv uttalte etter overleveringa «tilfredshet over reaksjonen i Norge, som vitnet om at det finnes grunnlag for samarbeid også i fremtiden». ¹¹⁴⁾ Ein liknande kommentar kom frå pressesjefen i det sovjetiske utanriksdepartementet. ¹¹⁵⁾ Ambassaderåd Moljakov i Oslo fann svaret positivt på fleire punkt. ¹¹⁶⁾ Eit par Khrustsjov-merknader i tida som følgde kan kanskje og tolkast som teikn på at russarane var nøgde med svaret og framleis sette visse voner til ein dialog med Norge og Gerhardsen. I ein tale i den albanske ambassaden 15. april, fire dagar etter at Gerhardsen hadde sendt svaret sitt, skaut den impulsive partisjefen inn ei spesiell helsing til ambassadør Braadland: «her, ved sida av oss, står den norske ambassadøren, hr Braadland. Sjå for ein likandes kar han er. Han representerer eit granneland som er med i NATO. Ein må ta det med i rekninga, det er ikkje råd å hjelpa for det». ¹¹⁷⁾ Og ein snau månad seinare, i eit intervju i New York Times: «... Norge, til dømes, er tydeleg i den organisasjonen (NATO, min merkn.) ved eit mistak. Dei fleste nordmenn tenkjer på korleis Norge skal kunna gå ut av NATO-blokka». ¹¹⁸⁾

Den tilsynelatande triumfen som Gerhardsens svar var, dekte likevel over nokså sterke indre motsetningar blant norske toppolitikarar og embetsmenn når det galdt norsk atompolitikk og tilhøvet til Sovjetunionen. Stort sett gjekk skiljelinene etter same mønster som i basespørsmålet i 1955, og seinare i diskusjonen om Gerhardsens tale på NATO-møtet i desember 1957. ¹¹⁹⁾ For Halvard Lange og Utanriksdepartementet var det framleis viktigast å halda alle vegar opne og unngå bindingar så langt råd var, også i atompolitikken. Statsministeren og hans nære medarbeidarar, ekspedisjonssjef Andreas Andersen og formann i Stortingets utanrikskomite, Finn Moe, var derimot også i atomvåpenspørsmålet viljuge til å gå til sjølvpålagde restriksjonar, dersom dette kunne hjelpa til å dempa sovjetiske mistankar, bremsa våpenkappløpet og vera ein samlande politikk i Norge.

Usemjå på norsk side om kva line ein skulle følgja kjem til

uttrykk i mitt kjeldemateriale i samband med ein samtale mellom ambassaderåd Moljakov og ekspedisjonssjef Andersen kort tid etter at Gerhardsens svar var overlevert. Moljakov framheva særleg verdien av at den norske regjeringa hadde stadfest basepolitikken. Ambassaderåden la så til, ifølgje Andersens referat:

«at han personlig tolket dette som et uttrykk for at Norge ikke ville tillate etablering av utskyttingsbaser for langtreckende atomvåpen på norsk territorium i fred. Jeg svarte at etter min oppfatning var dette en riktig tolkning av det norske svaret. Jeg la til at vi skjelnet mellom rakettvåpen med kort rekkevidde og langtreckende rakettvåpen med atomladning. De første måtte oppfattes som lokalforsvarsmidler og det var klart at Norge etter evne ville forsøke å gjøre sitt forsvar mest mulig moderne så lenge de fant det nødvendig å ha et militært forsvar. Moljakov fant dette synspunkt meget forståelig».¹²⁰⁾

Det må her skytast inn at Andersens tankar om å skilja mellom ulike typar rakettvåpen ikkje var nokon impulsiv ide. Finn Moe hadde lagt fram eit liknande syn i artiklane i Arbeiderbladet.¹²¹⁾ DNAs nestformann i forsvarskomiteen i Stortinget, Olaf Watnebryn, var inne på det same i forsvarsdebatten i Stortinget noko seinare,¹²²⁾ slik at ein truleg langt på veg kan tala om dette som ei rådande oppfatning i Arbeiderpartiet på denne tid. Men det var likevel ein viktig nyanse: Medan både Moe og Watnebryn snakka om forskjellen på taktiske og strategiske *atomvåpen*, og sistnemnde klart let forstå at han ønskte taktiske atomvåpen i det norske forsvaret, kunne Andersen oppfattast slik at heller ikkje kortdistanserakettane skulle ha atomladning, og at Norge såleis ikkje hadde planar om å innføra atomvåpen *i noka form* i sitt forsvar.¹²³⁾ Andersen noterte som sin eigen kommentar til UD at han var blitt styrkt i den trua at hovudsiktemålet med det sovjetiske brevet var å hindra at det vart bygt basar for potensielle atomvåpen i Norge. «Jeg vil anta at Sovjet-regjeringen vil være tilfreds hvis den føler seg overbevist om at den ikke behøver å frykte en slik eventualitet i Norge», skreiv han.¹²⁴⁾

Notatet frå ekspedisjonssjef Andersen vekte reaksjon i UD. Utanriksråd Skylstad gav følgjande påteikning: «Jeg har ikke forstått det norske svaret slik at vi har gitt noe *løfte* om ikke å «tillate etablering av *utskyttingsbaser* for langtreckende atomvåpen på norsk territorium.»» Halvard Lange følgde lakonisk opp:

«Nei, det har vi da heller ikke».¹²⁵⁾ Embetsmennene i departementet sette seg så i sving med å utforma eit brev til ambassadør Braadland i Moskva. I det endelege utkastet, som var meint å vera eit personleg brev frå ekspedisjonssjef Jacobsen til Braadland, heitte det mellom anna:

«Selv om enkelte har tatt opp tanken om en sondring mellom offensive og defensive våpen - som f.eks. Finn Moe i sin artikkel i «Arbeiderbladet» - synes jeg ikke det er riktig at russerne får inntrykk av at dette er den offisielle oppfatning hos oss. I og for seg er jo en slik inndeling av selve våpnene nokså kunstig, idet det avgjørende vel må være den defensive eller aggressive hensikt i vedkommende land. Det bør i hvert fall ikke herske noen tvil om at Gerhardsens svar ikke innebærer noen endring i vår politikk og således ikke gir noe løfte om ikke å innføre visse våpen».¹²⁶⁾

Noko brev vart likevel aldri sendt. I ei påteikning frå ekspedisjonssjef Jacobsen heiter det at «efter å ha lest det opp for ekspedisjonssjef Andersen forstår jeg at det ikke er i samsvar med statsministerens syn og har derfor holdt det tilbake».¹²⁷⁾

Påteikninga var datert 29. april. 2. mai var statsministeren og fungerande utanriksminister Skaug (Lange var i utlandet) i mid-dag hos ambassadør Gribanov. Gerhardsen og Skaug stadfeste då begge at Norge ikkje ville tillata stasjonering av amerikanske spesialtroppar med atomvåpen på norsk territorium i fred.¹²⁸⁾ Atomvåpenspørsmålet vart såleis, på same måte som i samtalen mellom Moljakov og Andersen, sett i samanheng med basepolitikken. Det var ikkje unaturleg. Ut frå amerikansk atomenergilogvgjeving kunne ikkje Norge få nokon sjølvstendig kontroll over amerikansk-produserte atomvåpen (som var det einaste aktuelle alternativet). Det måtte følgja med amerikanske spesialistar og vaktmannskap, noko som kunne bli problematisk å sameina med baseerklæringane.¹²⁹⁾ Halvard Lange sa i Stortinget i juni 1957 at «gjeldende amerikansk lovgivning utelukker (...) i seg selv et tilbud av denne art, og Norge har heller ikke bedt om atomvåpen». Lange la likevel til at «Jeg tror ikke Stortinget i dag bør binde seg for all fremtid i dette spørsmålet ved vedtak».¹³⁰⁾ I forsvarsdebatten 5. mai ville heller ikkje forsvarsminister Handal eller Olaf Watnebryn forplikta seg i atom-spørsmålet. Dei sa berre at når det

måtte bli aktuelt å ta imot atomvåpen i Norge, ville saka bli behandla av Regjering og Storting på vanleg måte.¹³¹⁾

Likevel må ein kunne konstatera at alt i mai 1957 – over eit halvt år før Gerhardsens tale i Paris – var ein vesentleg del av det som seinare vart norsk atompolitikk uttenkt på høgaste politiske hald i Norge og gjort kjend for russarane. Basar for langtrekkjande atom- rakettar (det ville vel i praksis også seia mellomdistanseraketar) i Norge var utelukka. Kortdistanseatomvåpen var under gjeldande amerikansk lovgjeving utelukka på grunn av basepolitikken, og her vart det ikkje sagt noko definitivt om framtida. Sannsynlegvis var dette eit grunnlag som både Lange og Gerhardsen kunne stå på i praktisk politikk, usemja gjekk meir ut på i kva grad ein skulla binda seg og gje russarane lovnader i atompolitikken. Kjeldematerialet synest elles å stadfesta Haakon Lies påstand om at det på denne tida var dårlege samarbeidstilhøve mellom Utanriksdepartementet og statsministerens kontor.¹³²⁾

Om ein ser på dei innanrikspolitiske realitetane, kan det neppe vera tvil om at Gerhardsen og hans meiningsfelagar hadde ryggdekning for sitt meir avvisande syn på atomvåpna, i alle høve i arbeidarrørsla, og sannsynlegvis i folket som heilskap. I juni vedtok landsmøtet til DNA etter benkeforslag samrøystes den kategoriske programformuleringa «Atomvåpen må ikke plasseres på norsk område».¹³³⁾ Gerhardsen skriv: «Det er neppe noen hemmelighet at det var partifeller som var uenige, (...) Det var ikke mange, men det var noen som mente at Norge ikke måtte fraskrive seg retten til å ta imot atomvåpen».¹³⁴⁾ Utanriksminister Lange og Haakon Lie var mellom dei. Lie har i ettertid framstilt landsmøtevedtaket som noko av eit kupp, og retta sterk kritikk mot Gerhardsen fordi han ikkje sette sin prestisje inn på å forhindra det.¹³⁵⁾ Sjølv seier Gerhardsen at han ville hatt ei anna formulering, men «når forslaget først kom opp til votering, var det utenkelig at landsmøtet skulle stemme det ned».¹³⁶⁾ Kva som var avgjerande for at Gerhardsen heldt seg passiv, enten hans fine nase for kva som ville verka samlande i arbeidarrørsla eller eit ønskje om å ha ei mest mogleg restriktiv programformulering i ryggen i den vidare utforminga av norsk atompolitikk, er ikkje godt å seia. Kanskje har begge delar spela inn.

Sovjetunionen reagerte, så vidt eg kan sjå, ikkje særskilt på programvedtaket i DNA. Men russarane hadde på denne tid

begynt å føra ein aktiv fredskampanje. Dei bakka mellom anna opp appellen frå fredsprisvinnaren Albert Schweitzer om full stans i prøvesprengingane med atomvåpen. Dette kravet hadde samla mange underskrifter i Norge, også frå folk som støtta hovudlinene i norsk tryggingsspolitikk. Både DNA og Venstre sine landsmøte støtta appellen. Under nedrustningstingingane i London i juni 1957 sette Sovjetunionens representant, Sorin, fram forslag om full prøvestans,¹³⁷⁾ men vestmaktene var ikkje viljuge til å akseptera det på det tidspunkt.

Sovjetunionen heldt også fram med freistnadene på tillitsskaping overfor Norge. 17. mai 1957 fekk ambassadør Braadland tala i sovjetisk fjernsyn i høve nasjonaldagen.¹³⁸⁾ Ein artikkel i Krasnaja Svesda 4. juni streka igjen under at Bulganin-brevet ikkje var meint å skulle skremma nordmennene.¹³⁹⁾

Samstundes var russarane tydeleg merksame på meiningskilnadene som rådde på politisk topplan i Norge. Den sovjetiske ambassaden sine folk pleia utstrekt omgang med Gerhardsen og Andersen, og neglisjerte praktisk talt Utanriksdepartementet. Den frittalande ambassadesekretæren Beljakov sa til Georg Krane at «man i Moskva hadde følelsen av overfor den norske statsminister å ha et språk som begge parter forsto».¹⁴⁰⁾ Ved eit seinare høve sa han rett ut at «det ikke var av betydning hva en UD-tjenestemann måtte mene», og impliserte at han hadde meir nytte av kontaktane med statsministerens kontor.¹⁴¹⁾

Russarane kom og med eit nytt, om enn varsamt, politisk utspel direkte overfor Gerhardsen. Under middagen 2. mai¹⁴²⁾ ymta Gribanov om at «det kanskje kunne være grunn til i en særlig avtale å bekrefte de norske utsagn når det gjaldt basepolitikken. Han viste i denne forbindelse til det tilbud om en vennskapspakt som Sovjet hadde satt fram i 1949», heiter det i Andreas Andersens referat.¹⁴³⁾ Forslaget frå 1949 galdt eigentleg ei ikkje-åtakspakt, og sidan Gribanov synte eksplisitt til dette forslaget er det vel rimeleg å tro at han hadde ei slik pakt i tankane denne gongen og. Gerhardsen såg ikkje nokon særleg grunn til å reise dette spørsmålet nå, og ambassaden let forslaget falla med følgjande ord: «Den sovjetiske regjering var ikke på noen måte interessert i å skape vanskeligheter for den norske regjering og særlig ikke i den nåværende situasjon med de forestående valg».¹⁴⁴⁾

At russarane var budde til å inngå ein tosidig avtale med Norge, vart stadfest av sekretær Beljakov i ein samtale med Krane ei veke

seinare. Beljakov sa at Sovjet-regjeringa når som helst, i ein vidare internasjonal samanheng eller på bilateral basis, var viljug til å gje «håndgripelige bevis» på viljen til eit godt og «betryggjande» forhold til Norge. «Det kunne skje enten i form av demilitarisering og kontrollordninger langs grensen eller ved «passende dokument» som de to land undertegner», sa han.¹⁴⁵⁾ Interessant nok tok altså Beljakov opp tråden frå Khrustsjovs kontrollpost-forslag frå 1955, men det er også einaste gongen eg har sett dette nemnt frå sovjetisk side etter 1956.

Desse framstøytane gjekk parallelt med eit sovjetisk press for å få Norge til å avslå også det amerikanske tilbudet om *kortdistanseraketttar* av typane Honest John og Nike. Regjeringa var innstilt på ta imot desse raketttane, det gjekk fram av forsvarsminister Handals innlegg i Stortinget 6. juni, der statsråden samtundes avkrefta at det var på tale å utstyra desse raketttvåpna med atomladningar.¹⁴⁶⁾ Ambassadør Gribanov kom i ein samtale med ekspedisjonssjef Andersen 8. juni inn på Honest John-raketttane og «ga uttrykk for betenkeligheter» med omsyn til det norske standpunktet. Då Andersen svarte at ein på norsk side såg på Honest John og innføringa av raketttvåpen som ei nødvendig modernisering av forsvaret, konkluderte Gribanov defensivt med at kvart land måtte bestemma over sitt eige forsvar.¹⁴⁷⁾ Den sovjetiske uroa over moglege raketttvåpen i Norge og Danmark vart også avspegla på Khrustsjovs pressekonferanse i Helsinki 13. juni. Han sa: «Me veit at tingingar er i emning om stasjonering av raketttvåpen i Norge og Danmark. Men, som dei seier, Gud gje at statsmennene i desse landa vil finna tilstrekkeleg mot til å avstå frå desse tinga, som ikkje fører noko godt med seg korkje for desse eller andre land ...».¹⁴⁸⁾

Frå norsk side vart det hevda at dei raketttane det kunne vera tale om å plassera her, korkje med eller utan atomladningar kunne vera nokon trussel mot Sovjetunionen, på grunn av den korte rekkevidda.¹⁴⁹⁾ Kvifor gjekk då russarane så energisk til verks for å hindra utplassering også av desse raketttane? Svaret er sannsynlegvis frykt for kva som ville skje når «Fanden hadde fått litlefingeren». Kva ville koma etterpå, når Norge først hadde passert rakettt- og atomterskelen? Moskva Radio siterte sjefen for Forsvarsstaben, general Bjarne Øen, som hevda at utviklinga gjekk i retning av atomopprustning i alle land.¹⁵⁰⁾ I desember 1958 omtala Pravda utplasseringa av Honest John og Nike som ledd i ein

dynamisk prosess: «I Norge er man fullt klar over at de amerikanske rakettvåpen vil kunne bli et springbrett til å forvandle landet til en base for de kjernefysiske våpen og følgelig til et mål for militære handlinger i tilfelle krigsutbrudd». ¹⁵¹⁾

Russarane hadde sannsynlegvis og reint politiske motiv for å pressa Norge til å avstå frå alle typar rakett- og atomvåpen. Dersom eitt eller nokre få land i NATO sa nei til slike våpen, ville dette kunne tolkast som eit prestisjetap for alliansen og USA. Eit norsk nei kunne og påverka haldninga til atomvåpen i større og viktigare NATO-land, i første rekkje Vest-Tyskland, der motstanden frå før var ganske stor, særleg blant sosialdemokratane.

Khrustsjov kunne til ein viss grad tillata seg å vera optimist på bakgrunn av den motstanden mot atomvåpen-opprustinga som hadde utvikla seg i Norge og andre vestlege land. NATO-rådsmøtet i mai 1957 stadfeste rett nok planane om å utplassera amerikansk-kontrollerte taktiske atomvåpen i NATO-styrkane i Europa. Kommuniketet frå rådsmøtet karakteriserte den sovjetiske anti-atomkampanjen som eit forsøk på å sikra sovjetiske styrkar monopol på atomvåpen på det europeiske kontinentet. ¹⁵²⁾ Det tyktest likevel vera klart at NATO-planane måtte rekna med motstand frå store delar av folka i dei europeiske medlemslanda.

Men så tok saka ei ny vending. Hausten 1957 feira Sovjetunionen to teknologiske triumfar som langt på veg slo beina vekk under fredspropagandaen landet førte, og sette ei ny og meir omfattande atomopprusting på dagsordenen i vest.

Sputnik-sjokket og NATOs rådsmøte i Paris

I august 1957 gjorde russarane som dei første ein vellukka prøve med ein interkontinental rakett. ¹⁵³⁾ Like etter, utan at ein kan seia sikkert om det hadde nokon samanheng, trekte russarane seg frå forhandlingane i FN's nedrustningskommisjon. Men det største sjokket for Vesten kom i oktober, då Sovjetunionen sende opp satelitten Sputnik i bane rundt jorda. I Vesten breidde det seg nå ei forestilling om at Sovjetunionen var i ferd med å få eit forsprang på viktige militærteknologiske og andre område. Eitt utslag av denne oppfatninga var omgrepet «missile gap» – dvs at Sovjetunionen skulle ha eit kraftig overtak i interkontinentale rakettar – noko som skulle spela ei viktig rolle i valkampen i USA i 1960. Demokratane brukte denne saka mot Eisenhower-admini-

strasjonen, men då dei sjølve tok over vart dei fort klar over at «the missile gap» aldri hadde eksistert.¹⁵⁴⁾

Når ei slik forestilling likevel fekk breia seg, må russarane sjølve ta ein del av skylda. Sovjetpropagandaen gjorde eit stort nummer av dei teknologiske landevinningane, og Khrustsjov brukte fleire gonger rakett-trusselen som ledd i sitt diplomati, trass i at Sovjetunionen støyte på store problem i vidareutviklinga av rakettvåpna. Khrustsjovs «rakett-rasling» var såleis i stor grad ein bløff.¹⁵⁵⁾ Eitt historikarsyn går ut på at dette var medviten og dristig taktikk frå Khrustsjov si side, andra har hevda at han berre «snubla over» tanken då han såg den vestlege overreaksjonen i 1957.¹⁵⁶⁾ Det faktum at russarane tok til med kampanjen mot Norge og andre vestlege land så tidleg som hausten 1956 tyder på at det første synet har mest for seg. Alt under Suez-krisa i november 1956 truga Khrustsjov Storbritannia og Frankrike med rakettåtak, men det er svært tvilsamt om han den gongen hadde midlar til å setja trugsmålet ut i livet.¹⁵⁷⁾

I kjølvatnet av Sputnik-sjokket førebudde NATO det største og mest representative rådsmøtet i alliansens historie. På møtet, som skulle haldast i Paris i midten av desember 1957, skulle og regjeringssjefane delta. Eit nytt forslag til svar på den sovjetiske utfordringa stod på saklista. Utplassering av amerikanske *mel-lomdistanseraketar* i Vest-Europa.¹⁵⁸⁾ Ramma kring møtet har såleis mykje til felles med NATO-møtet i 1979, som munna ut i dobbeltvedtaket.

I tida fram til møtet kom det nye initiativ frå austleg side. Den polske utanriksministeren, Adam Rapacki, la fram ein plan som føresette forbod mot produksjon og lagring av atomvåpen i dei to tyske statane, Polen og Tsjekkoslovakia, med andre ord ein atomfri sone i Sentral-Europa. Rapackiplanen var sannsynlegvis frå byrjinga eit polsk initiativ,¹⁵⁹⁾ men Sovjetunionen og dei andre Warszawapakt-landa støtta også opp om forslaget. Tankar om militær uttynning, eller «disengagement», kom også fram i Vesten. Mest kjent i så måte er foredraga som Georg F. Kennan på denne tida heldt i BBC.¹⁶⁰⁾

Berre få dagar før NATO-møtet fekk statsminister Gerhardsen eit nytt brev frå Bulganin.¹⁶¹⁾ Den sovjetiske statsministeren gjekk nå rett på sak: Brevet galdt «opprettelse av amerikanske baser for rakett- og kjernefysiske våpen i Europa». Bulganin tok opp att tidlegere åttvaringar i «vennlege» ordelag: «Det eneste jeg lar meg

lede av når jeg omtaler dette for Dem – det er ønsket om å advare det fredselkende og vennligsinnede norske folk mot de farer som det uunngåelig vil kunne bli utsatt for hvis Norges territorium blir brukt av en angriper til å sette i gang krig».

Men kjernepunktet i brevet var følgende avsnitt:

«Sovjet-regjeringen er overbevist om at hvis Norges regjering tok et standpunkt som ville utelukke muligheten for stasjonering av kjernefysiske våpen og rakettvåpen på Norge territorium, så ville det være en vesentlig innsats for å normalisere den internasjonale situasjon, for å styrke freden, spesielt i Nord-Europa».

Elles foreslo Bulganin kjernefysisk prøvestans, ikkje-åtakspakt mellom NATO og Warszawa-pakta og ein atomfri sone i Sentral-Europa i samsvar med Rapacki-planen. Eit praktisk talt likelydande brev vart same dag sendt til den danske statsminister H.C. Hansen.¹⁶²⁾

Haakon Lie har hevda at brevet frå Bulganin gjorde sterkt inntrykk på Gerhardsen, og at den kjende talen hans på NATO-møtet med eller utan vilje vart eit svar til Bulganin.¹⁶³⁾ I bokstavelig tolking kan dette neppe vera rett, fordi arbeidet med talen alt var kome ganske langt då brevet frå Bulganin kom.¹⁶⁴⁾ På den andre sida var nok både Gerhardsen og andre kjende med dei sovjetiske synspunkta før Bulganin sende sitt brev, slik at talen i så måte også kan seiast å ha blitt til med omsynet til Sovjetunionen i tankane. Men det viktigaste motivet for at Gerhardsen forma talen slik han gjorde, var sannsynlegvis generell uro for atomopprustinga og for at aust-vest konflikten heretter skulle utvikla seg på reint militære premisser. Norge markerte unekteleg ein viss skepsis til utviklinga i NATO gjennom Gerhardsens tale, som ifølgje den amerikanske kommentatoren Stoneman «scared the daylight out of American officials».¹⁶⁵⁾ Det er også på det reine at det opphavlege utkastet frå statsministeren gjekk ein god del lenger, og at den endelege teksten var eit kompromiss mellom Gerhardsen, Lange og deira medarbeidarar.¹⁶⁶⁾ I talen slo Gerhardsen for det første fast at Norge for sin del ikkje hadde planar om å «la opprette lagre av atomvåpen på norsk område eller installere utskytningbasar for mellomdistanseraketter». Statsministeren oppmoda dessutan sterkt om ikkje å gje opp forhandlingsvegen: «Vi må vokte oss vel for å gi inntrykk av at vi er engstelige for politiske forhandlinger med østblokken. Over hele verden

lengter folk etter å få slutt på den kalde krigen. Vi må alltid stelle oss slik at det ikke kan oppstå tvil om vår vilje til å nå dette mål». Kanskje mest oppsikt vekte det at Gerhardsen meinte det kanskje kunne vera verd å undersøkja tankane om militært uttynna område i Europa, det vil seia også Rapacki-planen.¹⁶⁷⁾

Møtet i Paris enda likevel i eit prinsippvedtak om at lager av atomsprengladningar og mellomdistanseraketar skulle stillast til disposisjon for NATOs øvstkommanderende. Når det galdt mellomdistanseraketane var Norges syn at prinsippvedtaket burde utsetjast, og at tida som likevel trongst til førebuingar, burde nyttast til forhandlingar med Sovjetunionen. Dette «dobbelvedtak-resonnementet» fekk ikkje tilstrekkeleg oppslutnad, og Norge sette seg difor til sjuande og sist ikkje imot vedtaket som vart fatta.¹⁶⁸⁾

Den sovjetiske reaksjonen på Gerhardsens tale var rask og kom frå høgaste hald. I ein tale i det Øvste Sovjet 21. desember sa Khrustsjov: «Me kan ikkje anna en helsa velkommen dei nøkterne utsegnene frå herrane Gerhardsen og Hansen, statsministrar i Norge og Danmark. Dei har teke omsyn til sine folks nasjonale interesser, og nekta å utplassera rakett- og atomvåpen i sine land».¹⁶⁹⁾ I ein rapport frå den norske Moskva-ambassaden same dag heitte det: «Det hevdes at den sovjetiske fredsoffensiv i form av Bulganins forskjellige budskap har formådd å influere tankegangen hos en rekke vest-europeiske statsministre, kanskje selv hos Adenauer. Norge og Danmark omtales i første rekke blant dem som har stilt seg i opposisjon til amerikansk maktpolitikk».¹⁷⁰⁾ Bulganin følgde raskt opp med eit nytt brev til Gerhardsen. «Vi er også med tilfredshet blitt kjent med Deres uttalelse og uttalelsen til den danske regjeringssjef, hr. Hansen, om at Norge og Danmark avslår å stasjonere på sitt område kjernefysiske våpen og utskyttingsramper for mellomdistanseraketter», skreiv den sovjetiske statsministeren.¹⁷¹⁾

På diplomatisk plan var den sovjetiske reaksjonen endå meir overstrøymande. Frå Paris melde ambassadør Andvord at den sovjetiske kollegaen Vinogradov under ei nyårs-mottaking hadde

«lykkeønsket meg på det hjerteligste med Norges enestående kloke holdning under NATO-møtet og fremholdt at den hadde sikret oss respekt fra hele verden. (...) Han fortsatte da å prise Norges politikk i stadig høyere ordelag, slik at alle som sto

omkring begynte å spisse ørene. (...) Jeg har hatt meget med russerne å gjøre i mange år og hørt meget vennlig om Norge, men aldri har jeg hørt en så kraftig hyldest». ¹⁷²⁾

Også sekretær Beljakov la overfor Krane «enorm vekt på betydningen av Norges opptreden på desember-møtet. Han fremstilte det nærmest som et vendepunkt i norsk utenrikspolitikk og som bevis på hvilken rolle Norge kan spille i internasjonal politikk. Han mente at enkelte NATO-lands motvillige samtykke til forhandlinger skyldtes den norske holdning i Paris». ¹⁷³⁾

Rosande kommentarar kom også til syne i sovjetisk presse. Pravda sakså ein karikatur frå den britiske kommunistavisa Daily Worker, som framstilte ein amerikansk julenisse som kom kjørande gjennom lufta med atomrakettar på sleden. Men på hustaka til Norge og Danmark stod skilt med «Not here» og «Keep out». ¹⁷⁴⁾ Ivestija kommenterte saka under overskrifta «Nøkterne røyster i Nord-Europa». ¹⁷⁵⁾

Russarane synte altså alle teikn på å vera fornøgde med haldninga til Gerhardsen og Norge i atomvåpen-spørsmålet. På denne bakgrunn er det interessant å notera det aktive sovjetiske diplomatiet overfor Norge i vekene som følgde.

Formidling av kontakt mellom Sovjetunionen og USA

Under Paris-møtet hadde den norske ambassadøren i Paris (og tidlegare i Moskva), Rolf Andvord, ein samtale med president Eisenhower. ¹⁷⁶⁾ Presidenten sa seg der, ifølgje Andvord, viljug til «et hvilket som helst utspill som kunne bidra til å bringe verden ut av den nuværende uhyggelige situasjon». Andvord og Gerhardsen diskuterte under Paris- opphaldet om Norge kunne gjera noko for å formidla kontakt mellom Eisenhower og Khrustsjov. Russarane hadde for sin del alt lenge synt interesse for tingingar på topplan. I Norge drøfta Gerhardsen spørsmålet med Lange. Andreas Andersen, som og hadde vore med på diskusjonane i Paris, tok opp saka med Finn Moe. Utgangen på desse diskusjonane vart at ein bad FN-ambassadør Hans Engen om å ventilera spørsmålet i USA. Engen tok det opp med sin amerikanske FN-kollega, Cabot Lodge. Av meldingar frå FN-delegasjonen 3. januar 1958 gjekk det fram at det var delte meiningar i den amerikanske administrasjonen om haldninga til nedrustingstingingar med russarane.

Det er mogleg at russarane har fått nyss om den norske diplomatiske aktiviteten, og at dette kan ha framkalla, eller i det minste framskunda eit sovjetisk initiativ i saka. I alle fall hadde ambasadør Gribanov den 3. januar ein samtale med Gerhardsen. Gribanov sa at Sovjet-regjeringa var interessert i direkte forhandlingar med USA om nedrusting, og bad om Gerhardsens syn på å gjera bruk av ein tredje part til å etablera underhandskontaktar. Sovjetunionen var med andre ord interessert i at Norge spela ei slik formidlarrolle, og den norske regjeringa arbeidde vidare med saka gjennom dei kanalar ho hadde til rådvelde.

Den vidare utviklinga i saka er grundig omtala i Gerhardsens memoarar. Det norske mellomspelet førte ikkje fram. Tingingar kom ikkje i stand. 11. mars melde amerikanarane at dei «ikke anså norsk bistand for kontakt nødvendig». Gerhardsen er nokså bitter over dette og legg skulda for fiaskoen på den amerikanske utanriksministeren, Foster Dulles. Haakon Lie framstiller derimot episoden nærmast som politisk kannestøyperi, og som uttrykk for Gerhardsens og Andvords naive tru på at personlege kontaktar kunne ha avgjerande innverknad på verdssituasjonen.¹⁷⁷⁾

Etter mi meining er det sannsynleg at russarane på dette tidspunkt var alvorleg interesserte i nedrustingstingingar med USA.¹⁷⁸⁾ Ein ting var at dei hadde skapt forventningar om eit toppmøte i propagandaen sin. Eit anna teikn er at dei noko seinare, i mars 1958, gjekk til einsidig prøvestans (Sjores Medvedev impliserer rett nok at dette kan ha hatt samanheng med ein stor atomkatastrofe i Ural i 1957/58. Ein slik katastrofe kan, frå ei anna side sett, berre ha understreka behovet for kontroll med atomenergi og atomvåpen).¹⁷⁹⁾ Men det viktigaste argumentet er at tidspunktet for slike tingingar må ha vore ideelt frå eit sovjetisk synspunkt. Dei teknologiske triumfane hadde gitt sovjetleiarane prestisje og sjølvtrillit til å møte den vestlege motparten i seriøse gje og ta tingingar. Men samstundes må sovjetleiarane meir enn nokon ha vore klar over at Vesten framleis hadde eit overtak i kjernefyske våpen, og dei må ha hatt ei klar interesse av at denne balansen ikkje vart endå skeivare gjennom utplassering av nye amerikanske rakettar i Europa. Ein jugoslavisk diplomat fortel såleis at sovjetleiarane mot slutten av 1957 var urolege for at deira eigen Sputnik-propaganda hadde gått for langt og ville slå tilbake i form av auka opprusting i vest.¹⁸⁰⁾

Eg er meir i tvil om det var nødvendig å bruka *Norge* som

kontaktformidlar for å få slike tingingar i stand. Stormaktene hadde trass alt såpass mange kontaktforum at det ikkje skulle by på problem å ta eit direkte initiativ, utan å gå om mellommann. Når russarane brukte Norge, *kan* det såleis vera uttrykk for eit sovjetisk ønskje om å binda Norge til ei «brubyggjar-rolle» heilt i utkanten av den vestlege alliansen, der steget ville vera kort til nøytral status.

Atomfri sone i Norden

Som nemnt hadde Bulganin sagt seg nøgd med det norske og danske standpunktet til atomvåpen i eit brev til Gerhardsen og Hansen 8. januar 1958. I same brevet gjekk han eit steg vidare: «At Deres land og Danmark har avslått kjernefysiske våpen, samtidig med at slike våpen ikke finnes i Sverige eller Finland, innebærer at det finnes forutsetninger for å forvandle hele Nord-Europa til en sone som er fri for atom- og vannstoffvåpen.»¹⁸¹⁾ Forslaget vart også sett fram for H.C. Hansen i brev same dag.¹⁸²⁾

Tanken om ein atomfri sone i Norden var altså frå først av eit sovjetisk initiativ, noko som russarane i seinare tid har hatt en tendens til å tona ned.¹⁸³⁾ Reaksjonen frå norsk side på forslaget var heller kjøleg. «Jeg kan ikke unnlate å gjøre oppmerksom på at det har vakt forundring i Norge at det uttrykkes interesse for en slik tanke uten at det blir gitt noen antydning om at denne også skal gjennomføres i den del av Nord-Europa som ligger innenfor Sovjet-Samveldets grenser», skreiv Gerhardsen i eit svar til Bulganin 25. januar.¹⁸⁴⁾ Russarane let deretter forslaget liggja eit års tid, men dei kjørte det fram igjen forut for Khrustsjovs avlyste besøk i Skandinavia sommaren 1959. Den offisielle norske haldninga til ein nordisk atomfri sone har både då og seinare vore at det ikkje er tenleg å gjennomføra eit slikt tiltak isolert, men at det må koma inn som del av eit større avtaleverk om nedrusting og våpenkontroll stormaktene imellom. Norden er dessutan i praksis ein atomfri sone i dag, og vil vera det så lenge spenninga i området ikkje blir drastisk skjerpt. Men med tanke på nettopp ei slik utvikling har både Norge og Danmark vore motviljuge til å gje frå seg «atom-opsjonen».

Oppsummering

Den første fasen av sovjetisk utanrikspolitikk etter Stalin, frå våren 1953 til våren 1955, skilde seg ikkje avgjerande ut frå tidbolken 1949-1953 for Norges vedkomande. Det var framleis eit hovudankepunkt mot norsk tryggingpolitikk at Norge hadde basar for amerikanarane, sjølv om det mot slutten av perioden blei kalla «eit positivt teikn» at nordmennene ikkje ville sleppa til framande styrkar på basane i fredstid. Fordøminga av alle former for nordisk samarbeid stod ved lag.

Om standpunkta i hovudsak var dei same, blei dei likevel presenterte i ei noko endra form. Språkbruken blei meir moderat, framstillinga av norske forhold meir nyansert og presis. Dette var i tråd med den allmenne lina i sovjetisk utanrikspolitikk i denne fasen, då russarane i sin propaganda la vekt på at spenninga måtte minskast gjennom tingingar om internasjonale stridsspørsmål.

Khrustsjovs utanrikspolitiske «nye giv» våren 1955 la eit nytt grunnlag for politikken i Nord-Europa. Khrustsjovs line kan summerast opp slik: Målet for sovjetisk Norden-politikk var framleis å gå dei skandinaviske NATO-landa ut av alliansen, samstundes som Sveriges og Finlands tryggingspolitiske status stod ved lag. Dette målet vart jamvel uttrykt vel så direkte og eksplisitt som før, til dømes av Khrustsjov og Mikojan i samtalar med norske politikarar og diplomatar. Men medan russarane tidlegare stort sett hadde nøgd seg med å visa misnøye med norsk NATO-medlemskap, trekte dei nå fram nøytraliteten som eit positivt alternativ, og streka under fordelane med å stå utanfor militæralliansar. Russarane viste og vilje til sjølvkritikk – i alle fall tilsynelatande – og til å rydda opp i gamle problem som hadde skapt knutar på tråden mellom Sovjetunionen og dei nordiske landa. I dette lyset må ein sjå konsesjonane til Finland og tilbakesendinga av krigsfangar. Eit anna ledd i forsøka på ein «ny giv» var at russarane aksepterte den faktiske tryggingspolitiske situasjonen i Norge som grunnlag for utviklinga av tilhøvet mellom dei to landa. Basepolitikken vart nå framstilt som ein positiv faktor, og det vart vedgått at det var ein langsiktig prosess å løyse banda mellom Norge og NATO. For å fremja denne prosessen ville Khrustsjov vitalisera diplomatiet overfor Norge, og byggja ut kontaktane på det politiske, økonomiske og kulturelle planet.

Denne lina leid eit kraftig tilbakeslag etter Ungarn-oppstanden i 1956. Russarane prøvde likevel relativt kort tid etter Ungarn å gjenoppretta dialogen med Norge, samstundes som Norge, tilliks med andre vest-europeiske land, vart utsett for trugsmål om sovjetisk forkjøpsåtak med atomvåpen. Det operative målet for sovjetisk Norges-politikk i 1957–58 var sannsynlegvis å utdjupa og forsterka Norges særstilling innan NATO, og særskilt å forhindra utplassering av atomvåpen i Norge.

Perioden 1957–58 var prega av eit uvanleg aktivt og allsidig sovjetisk diplomati overfor Norge. Dei personlege breva frå statsminister til statsminister, og auken i omfanget av kontaktar mellom sovjetiske representantar og norske politikarar og embetsmenn er uttrykk for det. Russarane freista medvite å utnytta indre motsetningar i norsk utanriksleiing. Diplomatarane på den sovjetiske Oslo-ambassaden desavuerte i stor grad Utanriksdepartementet og vende seg i staden direkte til statsministerens kontor, der dei tydelegvis rekna med å få større forståing for sine synspunkt. Russarane viste også stor interesse for utviklinga innan Arbeidarpartiet. Gerhardsen-kontaktane er eit teikn på det, og Haakon Lie har fortalt at det frå årsskiftet 1956/57 «haglet med innbydelser til lunsjer og mottagelser» frå russarane til DNA's partikontor.¹⁸⁵⁾

Ein kan neppe seia at russarane førte nokon fundamentalt annleis politikk overfor Norge jamført med andre vest-europeiske land. Men fordi Norge hadde vist noko større skepsis til NATO-politikken, var tonen i sovjetiske utspel overfor Norge gjerne meir forsonande, særleg i avspenningsperiodar. Det same var langt på veg tilfelle med Danmark. Sagt i sovjetisk terminologi førte dei skandinaviske landa ein meir «realistisk» og «nøktern» politikk enn USA og enkelte andre vestlege land.

Var den sovjetiske lina overfor Norge vellukka? Når det gjeld atomvåpna, kan det ikkje vera tvil om at russarane må ha rekna Norges standpunkt som ein siger. Kor mykje Norges nei til atomvåpen kan tilskrivast sovjetisk diplomati, er derimot eit ope spørsmål. Opinionen i Norge har aldri vore utprega atom-vennleg, og det finst gode politiske og militære grunnar for at Norge ikkje vil vera tent med å ha atomvåpen i sitt forsvar.¹⁸⁶⁾ Det ein likevel nokså trygt kan slå fast, er at det opnare og «mjukare» sovjetiske Norges-diplomatiet i slutten av 50-åra var betre eigna til å overtyda norske politikarar om sovjetisk vilje til forhandlingar og våpenkontroll enn den harde og uforsonlege tonen frå Stalin og

Molotovs tid. Ein kan såleis seia at sovjetisk diplomati til ein viss grad var med og skapte føresetnader for ei meir skeptisk haldning frå norsk side til vidare opprusting.

Notar

1. På same måte som artikkelen *Då Moskva sa nei til Norden* er denne artikkelen bygd på på mi hovudoppgåve i historie: *Sovjetunionen og norsk tryggingsspolitikk 1948–1959*, Universitetet i Bergen, hausten 1983.
2. Krasnaja Svesda 30/8 1953, Isv. 3/10, 28/10 og 15/11 1953 mfl.
3. Johan Jørgen Holsts arkiv.
4. Kr. Svesda, 20/8 1953, UD doss 33.6/9, jnr. 2924.
5. R. Tamnes: «Norway faces the new cold war, 1949–1952, *FHFS notat nr. 7 1983*, s. 32. *Utgitt i: O Riste (ed.), Western Security: The Formative Years. European and Atlantic Defence 1947–1953*, (Universitetsforlaget 1985.)
6. Mesjunarodnaja Sjsn, nr. 2, 1955, rapport frå Moskva-amb. 22/3 1955, UD 33.6/9, jnr. 1800.
7. Kommunist, nr. 2, 1954. I Andrejev: «Dei skandinaviske landa og Atlanterhavsblokka».
8. Rapport frå leg. i Helsinki 25/2 1954, UD 25.7/9.
9. Mesjdunarodnaja Sjsn, nr 2. 1955.
10. Novoje Vremja, nr. 9, 1953 (25/2).
11. Novoje Vremja, nr. 17, 1954 (24/4), Isv. 24/4 og 27/6 1954.
12. G. Ginsburgs: «Neutrality and Neutralism and the Tactics of Soviet Diplomacy», *American Slavic and East European Review*, Dec. 1960, s. 543.
13. A.J. Cottrell: «Soviet Views of U S Overseas Bases», *Orbis*, spring 1963, s. 88.
14. V. Mastny gir i artikkelen «Kremlin Politics and the Austrian Settlement», *Problems of Communism*, July-Aug 1982, ei fylldig framstilling av tingingane om traktaten.
15. Sjø P.S. Vigor: *The Soviet View of war, Peace and Neutrality*, (Lond. 1975), s. 179–184, om omgrepet «permanent nøytralitet».
16. Notat av G. Krane: «Tendenser i Sovjets Norden-politikk i dag», 16/4 1956, UD 25.7/9, jnr. 9974.
17. Moskva Radio 22/10 1955, UD 25.7/9.
18. Notat frå G. Krane 16/4 1956 op.cit., Moskva Radio 23/8 1955, UD 34.7/11.
19. Stockholms-Tidningen 5/4 1956, UD 33.6/9. Notat G. Krane, 16/4 1956, op.cit.
20. Moskva Radio 23/8 og 22/10 1955, op.cit.
21. Mesjdunarodnaja Sjsn, nr. 10 (okt.) 1955, UD 34/4/99.
22. Sjø tidlegare.
23. Notat G. Krane, 16/4 1956, op.cit.
24. U. Kekkonen: *Ekudden* (Borgå 1981), s. 97–100.
25. Isv. 19/11 1954, Pravda 3/12 1954.
26. Sjø melding frå UD til Norges (NATO-) delegasjon i Paris, udat. UD 34.4/99, jnr. 22964.
27. *Khrustsjovs minnes – Det siste testamente* (Oslo 1974), s. 218–219.
28. 9/1 og 12/2 1955.

29. Mesjdunarodnaja Sjsn, 2, 1955, op.cit.
30. Novoje Vremja 45, 1955 (3/11).
31. Smst. s. 114, Nov, Vremja 45, 1955.
32. Ju. Golosjubov: *Skandinavijska i problemy poslevoennoj Evropy* (Moskva 1974), s. 235 ff.
33. Pravda 18/9 1955, sit. i Friheten 19/9.
34. Rapport frå amb. i Helsinki 21/9 1955, UD 33.6/9, jnr. 5287.
35. Rapport frå leg. i Bern 21/9 1955 og frå S. Refshal i UD's presseteneste 27/9 1955, UD 34.4/99.
36. Rapport frå amb. i Bonn, 4/2 1956, UD 25.7/9, jnr. 3145.
37. Notat om behandlinga av skandinaviske saker i sovjetisk UD, 17/4 1956, UD 25.7/9, jnr. 9874.
38. Notat 30/6 1955, UD 34.7/11.
39. E. Gerhardsen: *I medgang og motgang* (Oslo 1972), s. 69.
40. Arne Ordings dagbok, 26/8 1955.
41. Svarbrev frå Gerhardsen 4/8 1955, UD 34.7/11.
42. Pravda 24/8 1955.
43. Sjø notat 8/10 1955, UD 34.7/11, jnr. 24923.
44. Sitert etter J.J. Holst: *Norsk Sikkerhetspolitikk, II*, (Oslo 1967), s. 81.
45. Rapport frå amb. i Moskva 25/11 1955, UD 34.7/11, jnr. 29092.
46. Smst., vedlegg, mi omsetjing.
47. Smst.
48. Smst.
49. Notat 8/10 1955, op.cit.
50. Rapport 25/11 1955, op.cit., passim.
51. Smst., sjå også Gerhardsen, op.cit., s. 74 og referat frå 2. forhandlingsmøte 15/11 1955 (av S. Ekeland), UD 34.7/11.
52. Rapport 25/11 1955 op.cit., referat 15/11 1955 op.cit., notat av G. Krane 30/11 1955, UD 34.7/11, jnr. 28031.
53. Holst I, s. 86.
54. E. Gerhardsen: *Mennesker og politikk* (Oslo 1978), s. 44–45.
55. Smst.
56. Smst., også i samtale m/forfatteren.
57. Sjø seinare.
58. Sitert i Aftenposten (aftennr.) 16/11 1955.
59. Sjø VG 18/11 1955, Evening Star 21/11 1955, UD 33.6/14, Chicago News 24/12 1955, UD 25.7/9.
60. UP-melding 17/11 1955, ref. i Arbeiderbladet 18/11.
61. Britisk aide-memoire 6/1 1956, UD 34.7/11.
62. Pravda 13/12 1955.
63. VG 17/11, Aftenposten (morgennr.) 17/11 1955.
64. Pravda 16/11 1955, elles sitat i Friheten 17 og 18/11 og Arbeiderbladet 18/11 1955.
65. V.V. Pohljobkin: *Skandinaviske strany i SSSR* (Moskva 1958), s. 36.
66. A.S. Kan (red.): *Istorija Norvegii* (Moskva 1980), s. 477.
67. Rapport frå amb. i Bonn 30/1 1956, UD 34.4/99, jnr. 2883.
68. Gerhardsen: *I medgang ...* op.cit., s. 73, Notat Krane 30/11 1955 op.cit.
69. Der Spiegel 7/12 1955, UD 33.6/9.
70. Pressemelding frå UD 7/12 1955, UD 34.7/11.
71. Rapport frå amb. i Moskva 7/12 1955, UD 34.7/11.
72. Rapport frå leg. i Karachi 2/4 1956, UD 34.4/99, jnr. 2883.
73. Notat G. Krane 8/6 1956 om samtalan mellom Lysø og Mikojan i Moskva 12/5 1956, UD 34.4/99.

74. Referat frå lunsj i den norske amb. i Moskva 14/11 (av Ekeland og Krane, med rettingar av Arne Skaug), UD 34.7/11, jnr. 28227.
75. Utkast til melding til div. ambassarar, udat. UD 34.7/11, jnr. 30070.
76. Rapport frå Bonn, 30/1 1956, op.cit.
77. Melding frå statsministerens kontor til UD 24/2 1956, UD 34.7/11, jnr. 6735.
78. J.M. Mackintosh: *Strategy and Tactics of Soviet Foreign Policy* (Lond. 1963), s. 100.
79. Notat frå 1. forhandlingsmøte 11/11 1955 (av Ekeland), UD 34.7/11, jnr. 28031. Notat av G. Krane 30/11 1955, op.cit.
80. Notat av G. Krane 30/11 1955, op.cit.
81. Notat H. Lange 19/11 1955, UD 34.4/99, jnr. 28481.
82. Rapport frå amb. i Moskva, 14/6 1955, UD 33.6/9.
83. *Mennesker og politikk*, op.cit., s. 45–46.
84. Rapport frå amb. i Stockholm 7/12 1955, UD 25.7/9, jnr. 30071.
85. Sjø Nov. Vremja 15, 1956 (5/4).
86. Pravda 13/12 1955, Isv. 24/7 1956.
87. Notat G. Krane 19/2 1957, UD 34.4/99, jnr. 4411.
88. *Dansk Sikkerhedspolitik I*, (Kbh. 1968), s. 113–114.
89. Smst. II, s. 362–364, sjå også Friheten 24/5 1957.
90. Holst I, s. 98, Bergh, Pharo (red.) *Vekst og Velstand* (Oslo 1977), s. 240, O. Riste: «Frå integritetstraktat til atompolitikk», *FHFS Notat* nr. 2, 1983, s. 30–31.
91. St.prp. 23 (1957) s. 7.
92. Notat av G. Krane 6/3 1957: «Sovjetiske uttalelser om Norges stilling under atomkonflikt», UD 33.6/9. Sjø også VG 8/12 1956.
93. Notat 6/3 1957 op.cit.
94. Smst., sjå også rapport frå amb. i Helsinki 5/2 1957, UD 25.7/9, jnr. 3347 og rapport frå amb. i Moskva 4/2 1957, UD 25.7/9.
95. Notat G. Krane 6/3 1957 op. cit.
96. Arbeiderbladet 11/4 1957.
97. Notat av G. Krane 6/3 1957 op.cit.
98. Sitert etter Holst II, s. 82–90.
99. *Dansk Sikkerhedspolitik II*, op.cit., s. 349–354.
100. Sjø Arbeiderbladet 28/3 1957, klippspalte.
101. Notat G. Krane 10/5 1957, UD 34.4/99, jnr. 11760.
102. Notat av eksp.sjef A. Andersen 11/9 1957, UD 34.4/99, jnr. 25004.
103. VG 27/3 1957, Aftenposten same dag.
104. VG 29/3 1957.
105. Utkast til melding frå UD 22/3 1957, UD 34.4/99.
106. Notat av sekr. K. Eliassen 30/3 1957, UD 34.4/99, jnr. 8756.
107. VG 29/3 1957, Isv. 28/3 1957.
108. Pravda 28/3 1957.
109. Smst., sjå også Friheten 27/3 1957.
110. Moskva Radio 3/4 1957, UD 34.4/99.
111. Sitert etter Holst II, s. 90–94.
112. 23/4 1957, UD 34.4/99, jnr. 11625.
113. Pravda og Ivestija 16/4 1957. Men Trud utelet Ungarn-avsnittet i samandraget som avisa trykte same dag som dei to andre. Sjø Arbeiderbl. 20/4 1957.
114. Rapport frå amb. i Moskva 13/4 1957, UD 34.4/99, jnr. 9633.
115. Arbeiderbl. 23/4 1957.
116. Notat A. Andersen 17/4 1957, UD 34.4/99, jnr. 9971.

117. N.S. Khrustsjov: *Speeches and Interviews on World Problems* (Moskva 1958), s. 34.
118. Smst., s. 46, intervju 10/5.
119. For ein analyse av meiningsskilnaden på norsk side, sjå S. Bjørlo: *Gerhardsens store tale* (hov.oppvg. i historie, Oslo våren 1973), dessutan *Vekst og Velstand*, op.cit., s. 239–243.
120. Notat Andersen 17/4 1957, op.cit.
121. Arbeiderbladet, 1 og 2/4 1957.
122. St.tidende 1957, s. 1435.
123. Sjå Bjørlo, op.cit., s. 29–33.
124. Notat Andersen 17/4 1957, op.cit.
125. Smst., med påteikning av utanriksråd Skylstad (17/4) og Lange (23/4).
126. Utkast til personleg brev 29/4 1957 frå eksp.sjef Jacobsen til amb. Braaland, sjå også utkast til brev 25/4 1957 av OÅ (Ole Ålgård), begge i UD 34.4/99 med handskriven påteikning «Beror».
127. Påteikning på brev 29/4 1957. op.cit
128. Notat 3/5 1957 av A. Andersen om samtale 2/5 1957 mellom Gribanov, Gerhardsen og Skaug. UD 34.4/99.
129. Men kanskje ikkje heilt umogleg. Langes reservasjonar må m.a. sjåast på bakgrunn av at den amerikanske lovgjevinga var i ferd med å bli oppmjuka. Enkelte kunne nok og tenkja seg ei tolking av basefråsegnen slik at amerikanske «Ikkje-stridande» vaktmannskap kunne stasjoneras her. Sjå Bjørlo, op.cit., s. 14, 25 og 85, dessutan Holst I, s. 99–100.
130. St.tidende 1957, s. 2019.
131. Smst., 1435–1445.
132. H. Lie: *...slik jeg ser det* (Oslo 1975), s. 94–97, 141–142.
133. *I medgang ...* op.cit., s. 116.
134. Smst.
135. Lie, op.cit., s. 87–90.
136. Gerhardsen i samtale med forfatternen.
137. T.W. Wolfe: *Soviet Power and Europe 1945–70* (Baltim. 1970), s. 83–84.
138. Isv. 17/5 1957.
139. Kr.Svesda, sit. i Friheten 5/6 1957.
140. Notat G. Krane 10/5 1957, op.cit.
141. Notat G. Krane 30/1 1958, UD 34.4/99, jnr. 2944.
142. Notat Andersen 3/5 1957, op.cit.
143. Smst.
144. Smst.
145. Notat G. Krane 10/5 1957, op.cit
146. St.tidende 1957, s. 2011–2012.
147. Notat A Andersen 12/6 1957, UD 34.4/99.
148. *Speeches...*, op.cit., s. 91.
149. Sjå t.d. Gerhardsens brev til Bulganin 25/1 1958, sitert i Holst II, s. 118 og notat A. Andersen 17/4 1957, op.cit.
150. Moskva Radio 31/10 1957, UD 33.12/20.
151. Pravda 10/12 1958.
152. Wolfe, op.cit., s. 83–84.
153. Smst., s. 84.
154. J.L. Gaddis: *Strategies of Containment* (N.Y. 1982), s. 182–188, s. 218–220.
155. Wolfe, op.cit., s. 81–85, A. Horelick, M. Rush: *Strategic Power and Soviet Foreign Policy* (Chicago 1966).
156. Smst.

157. Wolfe, op.cit., s. 81.
158. *I medgang ...*, op.cit., s. 261–266, St.tidende, 1958, s. 30–31, St.melding 26 (1958).
159. Dette er i alle fall Ole Ålgårds mening. Han møtte Rapacki under Norges-besøket hans i 1958. Samtale m/ forfatteren.
160. Sjø Bjørlo, op.cit., s. 12–13.
161. Sitert etter Holst II, s. 94–104.
162. *Dansk sikkerhedspolitik II*, op.cit., s. 368–373.
163. Lie, op.cit., s. 95–96.
164. Bjørlo, op.cit., s. 43.
165. Philadelphia Inquirer 25/8 1959, UD 33.6/14.
166. Lie, op.cit., s. 96, *I medgang...*, op.cit., s. 263, Bjørlo. op.cit., s. 36–49, *Vekst og Velstand*, op.cit., s. 241.
167. St.meld 26 (1958), s. 6–7, Bjørlo, op.cit., s. 50–56.
168. St.meld 26 (1958), s. 6–7, Bjørlo, op.cit., s. 56–69. *I medgang ...*, op.cit., s. 264, Lie, op.cit., s. 97.
169. Speeches, op.cit., s. 379.
170. Rapport frå amb. i Moskva 21/12 1957, UD 33.6/9, jnr. 5922.
171. Sitert etter Holst II, s. 104.
172. Rapport frå amb. i Paris 24/12 1957, UD 34.4/99, jnr. 31680.
173. Notat G. Krane 30/1 1958, op.cit.
174. Pravda 29/12 1957.
175. Isvestija 16/1 1958.
176. R. Andvord: *Med hånden på hjertet* (Oslo 1975), s. 351–353, *I medgang...*, op.cit., s. 270–280, Lie, op.cit., s. 118–120.
177. Lie, op.cit., s. 112, 118–120.
178. V. Micunovic: *Moscow Diary* (Lond. 1980), s. 335 ff.
179. Z. Medvedev: *Atomkatastrofe i Ural* (Oslo 1980) s. 17–18.
180. Micunovic, op.cit., s. 327.
181. Sitert etter Holst II, s. 104–105.
182. *Dansk sikkerhedspolitik II*, op.cit., s. 374–375.
183. F. Bomsdorf: «Sovjetunionen og en atomvåpenfri sone i Norden», *Int. Politikk*, 2, 1983, s. 242.
184. Sitert etter Holst II, s. 118.
185. Lie, op.cit., s. 116.
186. Sjø Holst I, s. 109–115.

Nuclear threats and détente The Soviet Union and Norwegian security policy 1953–1958

In the two years between the death of Stalin in March 1953 and Khrushchev's consolidation of power in February 1955 there were no significant new initiatives in Soviet policy towards Norway and the other Nordic countries. The Soviets continued to condemn Norwegian defence measures, especially the building of airfields, as hostile to the Soviet Union, though their tone was somewhat milder and more nuanced. Norway was, as before, accused of breaking with her declared «no-bases-policy». All kinds of Nordic cooperation were criticized as covered attempts to draw Sweden and Finland closer to the Western alliance.

One of the characteristics of Khrushchev's «New Deal» in foreign policy in 1955 was a new positive evaluation of neutrality, and a recognition of its usefulness as a «strategic tool», to quote an American observer. In Soviet propaganda toward Norway and Denmark in 1955–56 Sweden was held out as a positive example for the Scandinavian NATO countries. The Soviet relinquishment of the base at Porkkala near Helsinki in September 1955 was probably at least partly intended to bolster this neutrality campaign in Scandinavia. By lessening the pressure on Finland, the Soviets hoped to weaken their image as a threat to the Nordic countries, and consequently to bring about a loosening of the ties between the Scandinavian NATO countries and the Western powers. This line of thought is closely related to the «Nordic balance-theory» – which the Soviets have officially repudiated.

Personal contacts played an important part in Khrushchev's diplomacy. In November 1955, Norwegian Prime Minister E. Gerhardsen was his guest in the Kremlin. During this visit, the Soviet leaders tried to extend Norway's base reservation, but they nevertheless seemed pleased when the formula from 1949 – that Norway will not open bases for foreign fighting forces «unless under attack or threatened by attack» – was repeated in the joint communique after the visit. As Khrushchev said «We'll meet later and can then talk the matter over again». For the moment, the

Soviets concentrated on building confidence and contacts, which they obviously regarded as a prerequisite to any «neutralization» of Norway. During Gerhardsen's visit, Khrushchev also proposed to establish formal contacts between the CPSU and the Norwegian Labour Party, but this proposal was turned down by the Norwegian party upon Gerhardsen's return.

The Soviet crushing of the Hungarian uprising in 1956 did serious damage to their efforts at confidence-building, but the Kremlin leaders were nevertheless eager to resume the dialogue with Norway. During 1957 there were numerous Soviet-Norwegian contacts on various levels, mostly on Soviet initiative. The foremost goal of Soviet diplomacy was to prevent deployment of nuclear weapons in Norway, as well as in other European NATO countries. The «hot-cold» tactics used by Soviet diplomacy consisted of a threat campaign warning the West Europeans of possible Soviet preventive nuclear attacks against West European bases in case of war, combined with efforts to assure these countries of Soviet good will and to encourage an independent position on their part. The Bulganin letters to several West European leaders, among them Gerhardsen, were the most outstanding examples of this diplomacy.

In Norway, Soviet diplomats tried to exploit the differences of opinion between Prime Minister Gerhardsen and his aides on one side, and the Foreign Department on the other. The Prime Minister was regarded by the Soviets as being more «anti-nuclear» and more understanding towards Soviet views than the Foreign Minister and his officials, whom the Soviets almost ignored. When Norway decided not to accept nuclear weapons on her territory under the prevailing circumstances, the Soviets openly approved of the Norwegian policy, especially after Gerhardsen's famous speech in the NATO Council in Paris December 1957 where he confirmed the Norwegian standpoint. Immediately afterwards, the Soviets tried to use Norway as a «go-between» to pave the way for a summit meeting between the US and the USSR leaders. The Soviet Prime Minister Bulganin, in a letter to Gerhardsen, also proposed a Nordic nuclear-free zone. Gerhardsen, however, turned down the proposal, expressing astonishment that the Soviets contemplated such a zone without mentioning whether any of their own territory would form part of it.

Norway's rejection of nuclear weapons on her territory had a

strong domestic basis, and there were sound military and political arguments supporting it. Though the Soviets obviously regarded the Norwegian standpoint as a victory, it is hardly warranted to give Soviet diplomacy too much credit for bringing it about. However, it is probably right to suggest that the more open and «soft» diplomacy towards Norway from 1955 and onwards was better suited to convince Norwegian politicians of a genuine Soviet wish for negotiations and arms control than the hard and intransigent tone of Stalin's and Molotov's time. It could thus be said that Soviet diplomacy to a certain extent contributed to a more skeptical Norwegian attitude towards a continuing increase in armaments.

«Det land vi venter hjelp af»

England som Norges beskytter 1905–1908

Innledning

